

Møteinnkalling

Utval:	Finansutvalet
Møtestad:	Quality Hotel Edvard Grieg, Sandsli
Dato:	29.10.2020
Tid:	Kl. 9.00

Program:

Kl. 9.00 Opning,
saksbehandling

Oppmodar om at avklaring om habilitet vert meldt i forkant av møtet.

Melding om forfall:

Alle medlemmer vil få tilsendt ein e-post kor det vert forklart korleis forfall kan registrerast.

Innkallinga gjeld valde medlemmer i Finansutvalet. Ved eventuelt forfall frå faste medlemmer vil varamedlemmer bli kalla inn særskilt.



fylkesordførar

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Arkiv- saksnr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 11/20 PS 10/20	Godkjenning innkalling og sakliste Godkjenning av møteprotokoll frå møte i finansutvalet 22. september 2020	2019/65	
	Spørsmål		
SI 6/20	Spørsmål frå Ljosland (KrF) - Elevtallsprognose	2020/52204	
SI 7/20	Spørsmål frå Brosvik (KrF) - Kostnad felles ungdomskort	2020/52204	
SI 8/20	Spørsmål frå Andersen (FNB) - Overføring av > 650 MNOK bybanevogn gjeld for å betre gjeldsgraden	2020/52204	
	Politiske saker		
PS 11/20	Budsjett 2021/økonomiplan 2021-2024 - arbeidsdokument 5/20	2020/73188	

Godkjenningssaker

GK 11/20 Godkjenning innkalling og sakliste

Politiske saker

PS 10/20 Godkjenning av møteprotokoll frå møte i finansutvalet 22. september 2020

Saksnr: 2019/65-30
Saksbehandlar: Katarzyna Joanna
Holmegård

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Finansutvalet	10/20	29.10.2020

Godkjenning av møteprotokoll frå møte i finansutvalet 22. september 2020

Møteprotokoll frå møte 22. september 2020 er lagt ved saka.

Møteprotokoll

Utval:	Finansutvalet
Møtestad:	Ekstramøte. Fjernmøte
Dato:	22.09.2020
Tid:	14:00 - 14:59

Følgjande faste medlemer møte:

Namn	Funksjon	Representerer	Merknader
Jon Askeland	Leiar	Sp	
Natalia Antonia Golis	Nestleiar	MDG	
Alfred Jens Bjørlo	Medlem	V	
Anne Gine Hestetun	Medlem	A	
Arve Helle	Medlem	A	
Emil Lennart Pålikoff Gadolin	Medlem	A	
Kine Bratli Dale	Medlem	A	
Trude Brosvik	Medlem	KrF	
Noralv Distad	Medlem	H	
Sigbjørn Framnes	Medlem	Frp	
Morten Klementsén	Medlem	FNB	
Aleksander Øren Heen	Medlem	Sp	
Jeanette Syversen	Medlem	R	
Kurt Johnny Hæggernæs	Medlem	Pp	
Konsultativt medlem leiar for kultur, idrett og integrering Stian J. O. Davies	Medlem	A	
Konsultativt medlem leiar for næring Tor André Ljosland	Medlem	KrF	
Konsultativt medlem leiar for opplæring og kompetanse Karianne Torvanger	Medlem	A	
Konsultativt medlem leiar for samferdsel og mobilitet Jannicke Bergesen Clarke	Medlem	FNB	
Knut Inge Andersen	Medlem	SV	
Marthe Hammer	Medlem	H	
Silja Ekeland Bjørkly	Medlem	H	
Svein Kolbein Halleraker	Medlem	H	

Følgjande medlemer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer	Merknader
Terje Søviknes	Medlem	Frp	

Følgjande varamedlemer møte:

Namn	Møtte for	Representerer	Merknader
Helge Stormoen	Terje Søviknes	Frp	

Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Rune Haugsdal	Fylkesrådmann
Ingrid Holm Svendsen	Fylkesdirektør for organisasjon og økonomi
Paal Fosdal	Fylkesdirektør for strategi og digitalisering
Bjørn Lyngedal	Fylkesdirektør for opplæring og kompetanse
Håkon Rasmussen	Fylkesdirektør for mobilitet og kollektivtransport

Dina Lefdal
Bård Sandal
Per Morten Ekerhovd
Bertil Søfteland
Katarzyna Holmegård

Fylkesdirektør for infrastruktur og veg
Fylkesdirektør for innovasjon og næringsutvikling
Fylkesdirektør for kultur, idrett og inkludering
Seksjonsleiar for politisk sekretariat
Spesjalrådgjevar, politisk sekretariat/møtesekretær

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Arkiv- saksnr	U.Off
GK 9/20	Godkjenningssaker Godkjenning innkalling og sakliste		
SI 4/20	Spørsmål Spørsmål frå Syversen (R) - utgifter som kjem med oppgåver fylkeskommunen har fått (og skal få) som følgje av samanslåinga,	2020/52204	
PS 8/20	Politiske saker FINANS Budsjett 2021/økonomiplan 2021-2024 - arbeidsdokument 4/20	2020/60738	

Godkjenningssaker

GK 10/20 Godkjenning innkalling og sakliste

Saksprotokoll i Finansutvalet - 22.09.2020

Innkalling og sakliste vart godkjent utan merknadar.

Spørsmål

SI 5/20 Spørsmål frå Syversen (R) - utgifter som kjem med oppgåver fylkeskommunen har fått (og skal få) som følgje av samanslåinga,

Saksprotokoll i Finansutvalet - 22.09.2020

Møteleiar gav slikt svar:

«Utbyttet frå Sogn og Fjordane Energi AS (SFE) til Sogn og Fjordane Holding AS er kr 59 287 616. Dette vert først utbetalt frå SFE 2. november (pga. pandemien).

Styret i Sogn og Fjordane Holding AS trefte i april i år slikt vedtak: *«Under føresetnad av at SFE betaler utbytte i år tek styret sikte på fremje forslag til utbytteutdeling på grunnlag av mellombalanse jf. aksjelova § 8-2 a. hausten 2020 med halvparten av utbytte frå SFE for driftsåret 2019 og ber revisor og dagleg leiar legge til rette for ein slik prosess»*

Generalforsamlinga slutta seg til dette 29.06.

Opplegget til dagleg leiar i Sogn og Fjordane Holding AS er no at selskapet skal dele ut halvparten av kr 57 523 560 (kr 15 per aksje), dvs. kr. 28 761 780, i ekstraordinært utbytte til aksjonærene i selskapet i 2020.

Vestland fylkeskommune eig 20 % av aksjane i Sogn og Fjordane Holding AS og vil difor venteleg få utbetalt **ca. 5,7 MNOK i utbytte i 2020.**

Dette opplegget må stadfestast av ekstraordinær generalforsamling i selskapet, som tidlegast vert halde i midten av november (truleg noko seinare).

Det er ikkje føringar i Vestland fylkeskommune på bruk av utbyttet. »

Politiske saker

PS 9/20 FINANS Budsjett 2021/økonomiplan 2021-2024 - arbeidsdokument 4/20

Saksprotokoll 17.09.2020 - finansutvalet

Fylkesordfører sette fram slikt forslag:

«Utsetjing:

Saka vert utsett til møtet 22. september.»

Avrøysting (til utsetjing)

Fylkesordfører sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Saka vert utsett til møtet 22. september.

Saksprotokoll i Finansutvalet - 22.09.2020

Sigbjørn Framnes (Frp) sette på vegner av H og Frp slikt forslag:

«Alternativ:

Arbeidsdokument 4/20 tas til vitande. »

Aleksander Øren Heen (Sp) sette på vegner av A, MDG, Krf, Sp, SV og V slikt forslag:

«Alternativ Nytt punkt 8:

Opplæring og kompetanse: Finansutvalet sluttar seg til uttalen frå hovudutvalet for sektoren sine rammer på løyvningsnivå og salderingstiltak med slike endra salderingar:

- a) Bruk av disposisjonsfond - 15 mill.
- b) Bruk av pensjonsmidlar - 30 mill.
- c) Reduksjon i klassar og flatt/prosentvis/pro rata effektiviseringstiltak i sektoren - 20 mill.
- d) Reduksjon driftsbudsjett, innarbeiding av enkelte salderingstiltak arbeidsdokument 4/2020 - 10 mill.
- e) Finansutvalet har i denne fasen ikkje teke stilling til dei einiskilde salderingstiltaka frå fylkesrådmannen som inngår i punkt d). »

Knut Inge Andersen (FNB) sette fram slik forslag:

«Alternativ:

Finansutvalet stiller seg bak fylkesrådmannen sine prosessvedtak, med unntak av vedtak 5,6,7,9 og 10. Desse blir tekne til vitande. »

Avrøysting

Framnes sitt forslag fekk 5 røyster (Frp, H) og fall.

Andersen sitt forslag fekk 2 (FNB) røyster og fall.

Fylkesrådmannen sitt forslag utan punkt 8 fekk 10 røyster mot 7 røyster (H, Frp, FNB) og vart vedteke.

Heen sitt forslag fekk 10 røyster mot 7 røyster (H, Frp, FNB) og vart vedteke.

Vedtak

Finansutvalet gjer følgjande prosessvedtak:

1. Finansutvalet tek følgjande orienteringar til vitande;

- Prosess

- Saldering driftsbudsjett og økonomiplan
- Budsjettmessige klimakonsekvensar
- Oppfølgingspunkt
 - Kontraktskostnadar kollektiv
 - Budsjett Vestland 2020 - sjølvprofilering / skilting og konsulenttenester
 - Finansiering bybanen
 - Avdelingsleiarressursar og andre leiarressursar ved vgs
 - Inntektskjelder: Havbruksfond

Finansutvalet viser til sak om administrativt innsparingsprogram, og vil leggje resultatet av dette arbeidet til grunn for det vidare budsjettarbeidet for 2021 og økonomiplanen 2021-2024.

2. Finansutvalet tek følgjande orienteringar til vitande;

- Sentrale inntekter
- Løn- og prisvekst
- Verknadar av Korona- pandemien

Finansutvalet viser til at kollektivsektoren og tannhelse i presentert opplegg har budsjettert med eit noko lågare inntektsnivå enn det som ville vore tilfelle i eit normalår, og legg dette til grunn for det vidare budsjettarbeidet for 2021.

3. Finansutvalet tek orienteringane om dei sektorvise utgreiingane til vitande.
4. Finansutvalet ber om at investeringsprogram for bygg og eigedom vert innarbeidd i budsjettet.
5. Finansutvalet ber om at investeringsprogram for fylkesveg vert innarbeidd i budsjettet.
6. Finansutvalet ber om at investeringsprogram for kollektiv vert innarbeidd i budsjettet.
7. Finansutvalet viser til dei tre investeringsprogramma, og legg til grunn presentert opplegg til finansiering.

Finansutvalet merkar seg at det vil koma oppdaterte retningslinjer for ferjeavløysingsordninga, og vil vurdere kva følgjer desse får for aktuelle prosjekt.

8. Opplæring og kompetanse: Finansutvalet sluttar seg til uttalen frå hovudutvalet for sektoren sine rammer på løyvingsnivå og salderingstiltak med slike endra salderingar:
 - a) Bruk av disposisjonsfond - 15 mill.
 - b) Bruk av pensjonsmidlar - 30 mill.
 - c) Reduksjon i klassar og flatt/prosentvis/pro rata effektiviseringstiltak i sektoren - 20 mill.
 - d) Reduksjon driftsbudsjett, innarbeiding av enkelte salderingstiltak arbeidsdokument 4/2020 - 10 mill.
 - e) Finansutvalet har i denne fasen ikkje teke stilling til dei einskilte salderingstiltaka frå fylkesrådmannen som inngår i punkt d).
9. Mobilitet og kollektiv: Finansutvalet sluttar seg til uttalen frå hovudutvalet for sektoren sine rammer på løyvingsnivå og salderingstiltak.
10. Infrastruktur og veg: Finansutvalet sluttar seg til uttalen frå hovudutvalet for sektoren sine rammer på løyvingsnivå og salderingstiltak.
11. Kultur, idrett og integrering: Finansutvalet sluttar seg til uttalen frå hovudutvalet for sektoren sine rammer på løyvingsnivå og salderingstiltak.
12. Innovasjon og næringsutvikling: Finansutvalet sluttar seg til uttalen frå hovudutvalet for sektoren sine rammer på løyvingsnivå og salderingstiltak.
13. Strategisk utvikling og digitalisering: Finansutvalet viser til presentert sektorbudsjett, og legg til grunn rammene på løyvingsnivå og salderingstiltak.

14. Tannhelse: Finansutvalet viser til presentert sektorbudsjett, og legg til grunn rammene på løyvingsnivå og salderingstiltak.
15. Organisasjon og økonomi: Finansutvalet viser til presentert sektorbudsjett, og legg til grunn rammene på løyvingsnivå og salderingstiltak.
16. Finansutvalet viser til budsjett for kontrollutvalet, og tek dette til vitande.

Spørsmål

SI 6/20 Spørsmål frå Ljosland - Krf - Elevtallsprognose

Fra: Tor André Ljosland (Tor.Andre.Ljosland@vlfk.no)

Sendt: 08.10.2020 17:52:54

Til: Politisk; Rune Haugsdal

Kopi:

Emne: Elevtallsprognose

Vedlegg:

Hei.

Kan det lages en oversikt over elevtall i skoleårene 18/19, 19/20, 20/21 og en prognose for de to neste skoleår?

Hilsen Tor Andre Ljosland

Fra: Trude Brosvik (Trude.Brosvik@vlfk.no)

Sendt: 15.10.2020 10:47:14

Til: Politisk

Kopi:

Emne: Spørsmål til finansutvalet

Vedlegg:

Kva reknar ein er kostnaden (budsjettkonsekvens) av å få eitt felles ungdomskort i heile Vestland fylke frå 01.01.2021?

Forutsett felles aldersgrense på 20 år? Forutsett felles aldersgrense på 19 år?

Trude Brosvik
gruppeleiar KrF

Fra: Knut Inge Andersen (knia@equinor.com)

Sendt: 21.10.2020 08:39:12

Til: Politisk

Kopi: Jon Askeland; Rune Haugsdal; Haugland, Nils; Morten Klementsens (morten@klementsens.net)

Emne: Spørsmål til Finansutvalet. Overføring av > 650 MNOK bybanevogn gjeld for å betre gjeldsgraden

Vedlegg:

Overføring av > 650 MNOK bybanevogn gjeld for å betre gjeldsgraden

I møte i finansutvalet 17. september 2020 opplyste fylkesrådmannen følgjande :

Det vert synt til prosessvedtak i førre finansutval der fylkesrådmannen vert beden om å klargjere korleis tidlegare bybaneinvesteringar samt investeringar til bybanevogner inngår, eller ikkje inngår i den samla gjeldsgraden for Vestland fylkeskommune på 115 %. Fylkesrådmannen kan opplysa følgjande: Utbygging av bybanen frå Bergen sentrum til Flesland har i all hovudsak vorte finansiert med bompengar og statstilskot. Ordninga med bompengar er slik at bompengeselskapet tek opp lån til bygginga. Lånet vert nedbetalt med bompengar som bompengeselskapet krev inn. På denne måten inngår ikkje bompengelån i fylkeskommunen si gjeld, men ligg i rekneskapen til bompengeselskapet Ferde AS. Fylkeskommunen har garantert for desse låna. Ferde AS sine lån til bypakke Bergen utgjorde 5,27 mrd. kr ved siste årsskifte. Denne summen omfattar meir enn berre bybanen, men bybanen er det klart største prosjektet. Bybanevognene er i all hovudsak finansiert av fylkeskommunen med lån og inngår dermed i lånegjelda som er rekna med når ein ser på kva som er innanfor grensa for lånegjeld på 115%. Ein vil anslå at lån som er nytta til finansiering av bybanevogner utgjør om lag 650 mill. kr ved inngangen til 2020.

Ettersom gjeldsoptaket som Vestland fylkeskommune har i samband med bybanevogner allereie er rundt 650 millionar kroner, er det grunn til å tru at lånegjelda til vognkjøp vil auke ytterlegare i samband med innkjøp av vognsett til bybanen til Fyllingsdalen.

Vestland fylke står overfor store investeringsbehov innan samferdsle. Fleire er viktige prosjekt som kan måtte vente på ubestemt tid på grunn av den økonomiske situasjonen. Ein kan her nemne Svelgen- Indrehus (ca 1400 MNOK), tunnel/sikring av rasfarleg parti Heilevang FV 609 Askvoll (ca 550 MNOK). Dette er ein følgje av at Vestland må forhalde seg til handlingsregelen på maksimalt 115% gjeldsgrad.

Det framstår dermed i aukande grad som urimeleg at fylkeskommunen framleis skal bære gjelda til bybanevogninvesteringar i Bergen, sidan denne gjelda blokkerer for viktige andre prosjekt.

Spørsmål til fylkesordførar og fylkesrådmann:

1. Kor stor kan den samla bybanevogn gjelda bli når Fyllingsdalbanen er sett i drift?
2. Kva modellar kan vere mogeleg for å få overført bybanevogn-gjelda til andre (Bybanen AS, bompengeselskapet, Miljøløftet, andre), slik at Vestland fylkeskommune eventuelt berre står att med eit lånegarantiansvar?

Helsing

Knut Inge Andersen
Utvaksmedlem Finansutvalet

Folkeaksjonen Nei til meir bompengar

The information contained in this message may be CONFIDENTIAL and is intended for the addressee only. Any unauthorized use, dissemination of the information or copying of this message is prohibited. If you are not the addressee, please notify the sender immediately by return e-mail and delete this message.

Thank you

Politiske saker

PS 11/20 Budsjett 2021/økonomiplan 2021-2024 - arbeidsdokument 5/20

Saksnr: 2020/73188-1
Saksbehandlar: Karl Viken

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Finansutvalet	11/20	29.10.2020

Budsjett 2021/økonomiplan 2021-2024 - arbeidsdokument 5/20

Forslag til vedtak:

Finansutvalet gjer følgjande prosessvedtak:

1. Finansutvalet tek følgjande orienteringar til vitande;
 - Status for budsjettprosessen
 - Omrekning og saldering av driftsbudsjettet
 - Omrekning av investeringsbudsjett
 - Oppfølgingspunkt;
 - Snøggbåt
 - Pensjonsområdet
2. Finansutvalet tek følgjande orienteringar til vitande;
 - Endringar rammetilskot
 - Inntektstap kollektivtrafikken
 - Korona- verknadar
 - Havbruksfond
 - Løns- og prisvekst
 - Oversyn totalt - økonomisk verknad for Vestland

3. Finansutvalet tek til orientering omrekning av investeringsrammene.

Omrekna rammer for investeringsprogramma i 2021- kr vert lagt til grunn i det vidare budsjettarbeidet.

4. Finansutvalet tek orienteringa om den samla innsparinga i administrative kostnadar på opp mot 30 mill. kr til vitande.

Finansutvalet ber om at dei ulike innsparingane vert konkretisert og innarbeida i budsjett for 2020.

5. Finansutvalet tek følgjande orienteringar til vitande;
 - Endringar i rammetilskot, og flytting av regionale utviklingsmidlar i budsjettet
 - Oppdaterte sektorrammer med løn- og prisvekstFinansutvalet ber om at endringane vert innarbeidd i budsjett 2021 / økonomiplan 2021-24.

6. Finansutvalet ber om at følgjande saldering av sektoren opplæring og kompetanse vert innarbeidd i budsjett 2020;
 -
 -
 -
 -
7. Finansutvalet ber om at følgjande saldering av sektoren mobilitet og kollektiv vert innarbeidd i budsjett 2020;
 -
 -
 -
 -
8. Finansutvalet ber om at følgjande saldering av sektoren infrastruktur og veg vert innarbeidd i budsjett 2020;
 -
 -
 -
 -
9. Finansutvalet tek orienteringa om den vidare detaljeringa av budsjettet til vitande.

Rune Haugsdal
Fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
Fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I det femte arbeidsdokumentet til finansutvalet i 2020 har fylkesrådmannen fokus på følgjande moment:

Innleiing

- Status
 - Hovudmoment a-dok 5 - innarbeiding av framlagt statsbudsjett
 - Statsbudsjettet for 2021; hovudbilete
 - Budsjettprosessen fram til no og kommande møte
 - Arbeidsmetode og prosessvedtak
- Driftsbudsjett
 - Oppjustering av rammene til 2021-kr
 - Innarbeidde salderingstiltak etter handsaming av arbeidsdokument 4
- Investeringsbudsjett
 - Oppjustering av rammene til 2021- kr
- Oppfølgingspunkt
 - Snøggbåt
 - Pensjonsområdet

- 1 Statsbudsjettet 2021
 - Endringar rammetilskot
 - Løns- og prisvekst
 - Oversyn økonomi Vestland etter statsbudsjettet
- 2 Investeringsbudsjett
 - Omrekning til 2021- kr
 - Oppfølging som følgje av statsbudsjettet
- 3 Driftsbudsjett
 - Administrativt innsparingsprogram
 - Endringar som følgje av statsbudsjettet
 - Omrekning av rammene til 2021-kr
 - Innarbeidde salderingstiltak etter handsaming av arbeidsdokument 4
 - Kort om vidare detaljering av budsjettet innanfor kvar sektor

Neste møte

- Endeleg framlegg til budsjett

Arbeidsdokumentet er vedlagt saka.

Budsjettsakene frå hovudutval for Samferdsel og mobilitet og Opplæring og kompetanse 16. september er vedlagt.

Vurderingar og verknader

Økonomi: Viktig dokument for økonomiutviklinga i fylkeskommunen

Klima: Tiltak i økonomiplanen kan påverke klima

Folkehelse: Tiltak i økonomiplanen kan påverke folkehelse

Regional planstrategi: Utviklingsplan/regional planstrategi er ein viktig premiss for tiltak i økonomiplanen

Finansutvalet 29.10.20

Budsjett 2021/økonomiplan 2021-2024 - Arbeidsdokument 5/20

I det femte arbeidsdokumentet til finansutvalet i 2020 har fylkesrådmannen fokus på følgende moment:

Innleiing

- Status
 - Hovudmoment a-dok 5 - innarbeiding av framlagt statsbudsjett
 - Statsbudsjettet for 2021; hovudbilete
 - Budsjettprosessen fram til no og kommande møte
 - Arbeidsmetode og prosessvedtak
- Driftsbudsjett
 - Oppjustering av rammene til 2021-kr
 - Innarbeidde salderingstiltak etter handsaming av arbeidsdokument 4
- Investeringsbudsjett
 - Oppjustering av rammene til 2021- kr
- Oppfølgingspunkt
 - Snøggbåt
 - Pensjonsområdet

1 Statsbudsjettet 2021

- Endringar rammetilskot
- Løns- og prisvekst
- Oversyn økonomi Vestland etter statsbudsjettet

2 Investeringsbudsjett

- Omrekning til 2021- kr
- Oppfølging som følgje av statsbudsjettet

3 Driftsbudsjett

- Administrativt innsparingsprogram
- Endringar som følgje av statsbudsjettet
- Omrekning av rammene til 2021-kr
- Innarbeidde salderingstiltak etter handsaming av arbeidsdokument 4
- Kort om vidare detaljering av budsjettet innanfor kvar sektor

Neste møte

- Endeleg framlegg til budsjett

Innleiing

Status

Hovudmoment a-dok 5 - innarbeiding av framlagt statsbudsjett

Det sentrale momentet i arbeidsdokument 5 er kva verknad framlagt statsbudsjett for 2021 har på økonomien til Vestland fylkeskommune.

Sekundært er det viktig å få eit prosessvedtak som slutfører salderinga av driftsbudsjettet. Med det vil det kunne føreligga eit saldert budsjett med innarbeidde tiltak før siste runde av budsjettprosessen.

Statsbudsjettet for 2021 - hovudbilete

I kommuneproposisjonen varsla regjeringa ein vekst i dei frie inntektene for fylkeskommunane på 0,4 mrd. kr. Vestland sin del av veksten var rekna å utgjere om lag 50 mill. kr.

I statsbudsjettet har regjeringa følgd opp dette. Av veksten på 400 mill. kr til fylkeskommunane, er 100 mill. kr grunngjeve med satsing på null- og lågutsleppsferjer og hurtigbåtar. 100 mill. kr vert fordelt etter delkostnadsnøkkelen for båt og ferje. Isolert sett slår dette positivt ut for Vestland. Ein får nær 22 mill. kr av denne potten, mot ca. 13 mill. kr ved fordeling etter den samla kostnadsnøkkelen. Men om ein samanliknar dette med tilskotet Vestland fekk i 2020 på 77,5 mill. kr, kjem ein dårlegare ut. Ein kan med det slutta at den særskilte løyvinga på 150 mill. kr i 2020 ikkje vert vidareført.

Ein kompliserande faktor dette året er at det har skjedd så store endringar i løpet av 2020. Overslaga over løns- og prisvekst i 2020 har endra seg slik:

	Statsbud. 2020	Statsbud. 2021	Endring
Lønsvekst	3,6 %	1,7 %	-1,9 %
Konsumprisindeks	1,9 %	1,1 %	-0,8 %
Kommunal deflator	3,1 %	1,6 %	-1,5 %

Dette medfører at det blir vanskelegare å samanlikne tala i fylkeskommunen sin økonomiplan med tala ein finn i statsbudsjettet. Det vanlege ville vere at ein må rekne om økonomiplantala med forventa løns- og prisstigning i 2021. Men denne gongen er det i tillegg nødvendig å korrigere nivået ein har i 2020.

Fleire faktorar slår negativt ut for Vestland. Kompensasjon knytt til tunnelsikkerheitsforskrift går ned frå 89,4 mill. kr til 70,7 mill. kr. Skjønstilskotet vert redusert frå 89 mill. kr til 80 mill. kr.

Ei anna negativ opplysning i statsbudsjettet er at rentesatsen i rentekompensasjonsordningane for veg- og skuleinvesteringar er sett til 0 %. Dermed vert det inga utbetaling frå desse ordningane. I 2020 har Vestland budsjettert med 41,6 mill. kr i rentekompensasjon. Ein rentesats på t.d. 0,5 % i 2021 ville gitt om lag 12 mill. kr til Vestland fylkeskommune.

Samla konklusjon

Konklusjonen er at Vestland kjem noko dårlegare ut enn det som har vore lagt til grunn i budsjettet fram til no. Kor stor svekking av totaløkonomien det dreier seg om, kjem an på kva endringar ein reknar inn, og korleis ein vurderer effekten av desse. Ei samla vurdering tilseier at statsbudsjettet gjev ei svekking på opp mot 50 mill. kr.

Budsjettprosessen fram til no og kommande møte

Under er ei oppsummering av finansutvalet sine møte i 2020 i korte trekk.

Oppsummering - tidlegare møte

Finansutvalet mars - Arbeidsdokument 1

- *Gjennomgang av utgangspunktet for budsjettprosessen.*

Finansutvalet mai - Arbeidsdokument 2

- *Gjennomgang av utgangspunktet for økonomiplan 2021- 2024*
- *Investeringsbudsjett 2021- 2024*

Finansutvalet juni - Arbeidsdokument 3

- *Kommuneproposisjonen 2021*
- *Konkretisering av salderingstiltak*

Finansutvalet september - Arbeidsdokument 4

- *Involvering av hovudutval*
- *Saldering av sektorbudsjetta*
- *Administrativt innsparingsprogram*
- *Justert framlegg til investeringsbudsjett 2021- 2024*

Møte 29. Oktober*Finansutvalet oktober - Arbeidsdokument 5*

- *Statsbudsjettet 2021*
- *Resterende saldering - Opplæring og kompetanse og Samferdsel og mobilitet*

Møte 19. November*Finansutvalet november - Framlegg endeleg budsjett*

- *Handsaming av komplett budsjettdokument*

Finansutvalsmetoden - arbeidsmetode og prosessvedtak

Fylkesrådmannen finn det hensiktsmessig å repetere arbeidsmetoden som ein gjer bruk av gjennom finansutvalsmetoden; og då særskilt bruken av prosessvedtak.

Arbeidsmetode

Hovudmålet med bruk av finansutvalsmodellen er å sikre større politisk involvering og medverke til at det politiske nivået får større eigarskap til budsjettet som styringsverktøy. Gjennom dette sikrar ein eit betre grunnlag for prioriteringane som må gjerast for å få samsvar mellom fylkeskommunal aktivitet og økonomiske rammer. Det vert og ein opnare prosess der alle partar vil ha lik tilgang på informasjon undervegs, og alle vil kunne kome med innspel og delta aktivt.

Prosessvedtak

Prosessvedtaka som vert gjort i finansutvalet tek budsjettprosessen vidare. Dei gjev naudsynte signal til administrasjonen, og gjeld fram til finansutvalet sjølv endrar dei. Vedtaka vert først bindande når finansutvalet gjer vedtak om å legge framlegget sitt til budsjett og økonomiplan fram for politisk slutthandsaming i november.

I arbeidsdokumentet er tilrådingar til prosessvedtak sett opp i egne vedtaksboksar. Det er lagt opp til at ein gjer prosessvedtaka suksessivt medan ein går gjennom arbeidsdokumentet. Alle prosessvedtaka vert summert opp i saksprotokollen, og det er det som er eksplisitt nedfelt i protokollen som administrasjonen kan arbeida vidare med.

Driftsbudsjett

Oppjustering av rammene til 2021-kr

Fram til dette arbeidsdokumentet har alle tal og tabellar vore i 2020- kr. I dette dokumentet vert alle tal konvertert til 2021- kr. For alle løyvingnivå vert både kostnader og inntekter justert opp.

Generell prisvekst, Løn- og prisvekst

Det er nytta ein omrekningsfaktor som legg opp til ein generell prisvekst på 3,5 % i 2021. Det er venta ein lønsvekst på 2,2 %. Den gjennomgåande faktoren som tek omsyn til både pris- og lønsvekst i omrekninga av driftsbudsjettet frå 2020 til 2021- nivå er deflatoren som er på 2,7 %.

I del 3 under driftsbudsjett er det sett opp nye rammer for sektorane i 2021- kr med løns- og prisvekst.

Innarbeidde salderingstiltak etter handsaming av arbeidsdokument 4

I handsaminga av arbeidsdokument 4 gjorde finansutvalet 17. september prosessvedtak der dei slutta seg til uttalen frå hovudutvala 16. september i høve til rammer på løyvingnivå og salderingstiltak. For dei tre største sektorbudsjetta; Opplæring og kompetanse, Samferdsel og kollektiv og Infrastruktur og veg har ein så langt ikkje salderte budsjettframlegg. Konkret dreier det seg om at det manglar 3,4 mill. kr i salderingstiltak for opplæringssektoren, og at bruken av ferjemidlar til å saldere på samferdselsområdet i 2021 no syner seg å ikkje vere realistisk. Budsjettsakene frå dei to aktuelle hovudutvala 16. september med aktuelle salderingstiltak er difor vedlagt.

Det er naudsynt at desse tre budsjettområda sine salderingstiltak kjem til endeleg handsaming. Det er det lagt opp til i del 3.

Investeringsbudsjett

Oppjustering av rammene til 2021- kr

I arbeidsdokument 4 gjorde finansutvalet prosessvedtak der dei sluttar seg til at presentert opplegg for dei tre investeringsprogramma skulle innarbeidast i budsjett for 2021 2024.

På same måte som driftsbudsjettet så vert investeringsbudsjettet rekna om til 2021- kr etter at statsbudsjettet er lagt fram. Det er brukt 2,7 % som gjennomgåande omrekningsfaktor i budsjettet.

Oppfølgingspunkt

Snøggbåt

Fylkesutvalet har vedteke at det for rutepakke 1 for snøggbåtane skal leggjast til grunn kontrakt som opnar for hybridløysingar med innfasing av nye båtar innan utgangen av 2024. I tillegg er det vedteke at det skal leggjast til rette for utlysing av ein såkalla nullutsleppspilot.

Det er lagt opp til at fylkesutvalet i sitt møte i november skal ta stilling til ulike kontraktskriterium både for rutepakke 1 og kontrakten for nullutsleppspiloten. Dette gjeld m. a. hybridgrad, kontraktsform og kontraktslengd.

I fylkesutvalet sitt vedtak er det presisert at det er viktig at fylkeskommunen oppnår økonomisk støtte frå verkemiddelapparatet, som t.d. Enova og Klimasats. Dette vil berre vere ei delfinansiering, og det vil vere behov for ytterlegare for å kunne løfte investeringane.

Ut frå vedtaket i fylkesutvalet, har ein så langt ikkje oversyn over dei økonomiske effektane for fylkeskommunen. Både kontraktskriteria og storleiken på den statlege støtta vil ha innverknad på kostnadsnivået den nye rutepakken/nullutsleppspiloten vil medføra.

For rutepakke 2, som gjeld lokalbåtsambanda i tidlegare Sogn og Fjordane, er det også lagt opp til hybride driftsløysingar.

Fylkesrådmannen vil kome nærare attende til kostnadsoverslag i økonomiplanarbeidet for komande periode. Dette gjeld både investerings- og driftskostnader. Ein reknar med å ha betre grunnlag for å gjere realistiske kostnadsoverslag når m.a. kontraktskriteria er utarbeidde. Økonomiplanen for perioden 2022-2025 skal handsamast av fylkestinget i juni 2021. Økonomiske verknader av dei nye snøggbåtkontraktane må innarbeidast i denne planen. I tillegg vil det på dette området vera moglegheiter for å søke prosjektstøtte. Det er sett av 80 mill. kr til dette i statsbudsjettet.

Pensjonsområdet

Det har vore stilt ulike spørsmål kring pensjonsområdet. Fylkesrådmannen finn det difor hensiktsmessig å koma med ei kort orientering i høve til dette.

Pensjonspremien fylkeskommunen betaler kan variere relativt mykje frå år til år. Dette gjeld først og fremst pensjonsordninga for kommunalt tilsette ein har hatt i KLP, der reguleringspremie svingar mykje ut frå kor store lønstillegg som vert gitt i året og korleis grunnbeløpet i folketrygda vert regulert. Premien fylkeskommunen har betalt i seinare år har lege innanfor intervallet 14 % - 21 %.

Det er mindre svingingar i premien ein betaler for pedagogisk tilsette i Statens Pensjonskasse. SPK gjev eit relativt presist overslag før budsjettet skal utarbeidast. Ved budsjettering av pensjonspremien i SPK har ein lagt til grunn overslaga ein får frå selskapet. SPK varsla i mai at premien for 2021 går ned med over 3 prosentpoeng. Arbeidsgjevar sin del av premien vert 10,13 %. Dette gjev ein reduksjon i premien på om lag 54 mill. kr. Dette skuldast utslag av pensjonsreforma; og då spesifikt for dei født etter 1963. Førebels prognose for kommande år tyder på at premien vil ligga stabilt på dette noko lågare nivået.

Ved budsjettering av pensjonspremien i KLP har ein funne det meir føremålstenleg å operere med ein fast prosentsats. Ein legg opp til å justere budsjettet mot slutten av året når ein veit kva som blir betalt. I 2020 la ein til grunn ein premie på 18 %. Dette nivået ligg inne i rammene for sektorane også i 2021. Førebelse prognoser viser lågare premie i 2021. Det gjeld både i KLP og ved overgang til Storebrand. Fylkesrådmannen rår til å vente med å justere budsjetta til slutten av året, når ein veit kva som faktisk blir betalt.

For å jamne ut kostnaden er det fastsett i forskrift at ein skal belaste rekneskapan med ein kostnad som vert rekna ut frå langsiktige føresetnader. Skilnaden mellom betalt premie og utrekna pensjonskostnad vert kalla premieavvik.

Oppsummert vert premien i SPK 54 mill. kr lågare i 2021, samanlikna med 2020. Dette frigjer budsjettmidlar som kan omdisponerast, og desse har finansutvalet gjort prosessvedtak om å nytte 30 mill. kr til saldering innanfor opplæringssektoren. Innan KLP/ Storebrand er det ikkje tilsvarande effektar som frigjer budsjettmidlar.

Tilråding til prosessvedtak nr 1:

Finansutvalet tek følgjande orienteringar til vitande;

- Status for budsjettprosessen
- Omrekning og saldering av driftsbudsjettet
- Omrekning av investeringsbudsjett
- Oppfølgingspunkt

- Snøggbåt
- Pensjonsområdet

1 Statsbudsjettet 2021

Endringar rammetilskot

I statsbudsjettet er det lista opp ein del endringar i rammetilskotet som følgje av endringar i oppgåvefordeling, regelendringar, innlemming av øyremerkte tilskot mv.

(kr 1 000)	Landet	VLFK
Tilskot lufthamner	30 605	22 680
Kulturminne	4 100	530
Auka lærlingtilskot	170 000	22 100
Regional bransjeutvikling	11 500	1 500
Karriererettleiing introduksjonsprogrammet	25 600	3 330
Vegbruksavgift naturgass	2 000	260
		<u>50 400</u>

- Tilskotet til ikkje-statlege flyplassar gjeld Sunnhordland Lufthamn. Summen er fordelt særskilt i tabell C. For dei andre tilskota er det lagt til grunn at Vestland sin del utgjer 13 % av summen for landet.
- På kulturminneområdet vert det gradvis overført oppgåver til fylkeskommunane. I 2021 gjeld dette midlar tilsvarende 4 årsverk frå Riksantikvaren.
- Hausten 2020 vart det lagt inn midlar til ein ekstraordinær auke av lærlingtilskotet. Regjeringa foreslår å vidareføre tilskotet for våren 2021.
- Regional bransjeutvikling gjeld midlar frå Norsk kulturråd.
- Karriererettleiing til deltakarar i introduksjonsprogrammet er midlar som vart lagt inn i 2020, og som blir vidareført med heilårsverknad i 2021.
- I statsbudsjettet vert det foreslått å auke vegbruksavgifta på naturgass. 2 mill. kr skal dekke fylkeskommunane sine meirutgifter.

Inntektstap kollektivtrafikken

I tillegg er det i statsbudsjettet sett av 1,25 mrd. kr for å kompensere inntektstap i kollektivtrafikken. Desse midlane vil bli fordelt seinare, basert på rekneskapsrapportar og prognosar frå fylkeskommunane.

Korona- verknadar

Regjeringa tek allereie no høgde for driftstilskot til kollektivtransporten i fylka i 2021. I tillegg er det varsla gjennomgang av «korona-behovet» i 2020 i nysalderinga av statsbudsjettet i desember.

Havbruksfond

Nærings- og fiskeridepartementet la i september ut eit overslag over utbetalingar frå Havbruksfondet i 2021. Vestland fylkeskommune kan rekne med å få utbetalt om lag 27,5 mill. kr.

Løns- og prisvekst

Deflatoren for 2021 (løns- og prisvekst) er i framlegget til statsbudsjett sett til 2,7 %. Lønsveksten er sett til 2,2 %, medan konsumprisindeksen er venta å auke med 3,5 %. Om desse prognosane slår til, tyder det på at arbeidstakarane vil få nedgang i realløn.

Som nemnt framfor, må ein også justere ned løns- og prisnivået for 2020 for å kome ut i balanse. Når det gjeld lønsveksten vert dette i praksis løyst ved at budsjettjustering for lønsvekst vert fordelt frå lønsavsetjingskontoen i etterkant av lønsoppgjøret.

I dei sentrale forhandlingane for kapittel 4 vart det gjeve eit tillegg på 0,3 % frå 1. september 2020. Utdanningsforbundet og Sykepleierforbundet har stemt nei til dette resultatet i uravrøysting, og det vil difor verte mekling i månadsskiftet oktober/ november. Pr. dags dato kjenner ein ikkje resultatet frå dei lokale forhandlingane for kapittel 3 og kapittel 5.

Ved omrekning av rammene til sektorane er det teke høgde for at tilleggane ved lokale forhandlingar kan bli noko høgare. Det er lagt inn ein auke på 0,5 % i lønsutgifter for å kome opp på nivået pr. 01.01.2021. Lønstilllegg som vil kome i 2021 er sett av på lønsavsetjingskontoen. Ein har lagt til grunn staten sitt overslag om ein årslønsvekst på 2,2 %, og har sett av vel 80 mill. kr.

Når det gjeld prisvekst har ein ikkje redusert sektorane sine rammer i løpet av 2020. Staten ventar no at prisveksten i 2020 vert 0,8 % lågare enn ein la til grunn då 2020-budsjettet vart utarbeidd. Ein måte å hente dette inn er å gje tilsvarande lågare pristillegg i 2021, altså å nytte 2,7 % pristillegg i staden for 3,5 %.

Når ein reknar om budsjettet til prisnivået for eit nytt år, må ein sjå til at det er balanse mellom inntekts- og utgiftssida. Det har vore vanleg at ein i hovudsak nyttar same faktor for sektorane sine inntekter som for driftsutgiftene. Dette er difor nytta ein faktor på 2,7 % ved omrekning.

Oversyn økonomi Vestland etter statsbudsjettet

Tabellen gjev eit bilete av totaløkonomien til Vestland når verknadane av statsbudsjettet for 2021 er rekna inn.

	BUDSJ. 2020	AD2 2021	AD5 2021
Skatt, rammetilskot og inntektsutjamn	-9 938 970	-9 983 770	-10 222 828
Andre generelle statstilskot	-101 400	-101 400	-27 529
Konsesjonskraftsinntekter	-182 000	-150 000	-152 000
Kapitalinnt/utg, utbytte og rentekomp.	833 900	868 300	898 400
Lønsavsetjing/premieavvik	44 839	44 839	16 800
Bruk/avsetning til fond	-70 000	96 400	73 975
Overføring til investering	536 997	536 997	551 500
Sum felles inntekter og utgifter	-8 876 634	-8 688 634	-8 861 682

Kommentarar til tabellen

Den største endringa i tabellen er at ein no opererer med 2021-kr. I økonomiplanen frå juni var tala i 2020-kr.

Talet for skatt, rammetilskot og inntektsutjamning er overslaget ein finn i statsbudsjettet (grønt hefte).

Under andre generelle tilskot er det i 2021 berre budsjettert med utbetaling frå havbruksfondet. I 2020 hadde ein også med regionale utviklingsmidlar frå KMD her. I 2021 har ein flytta desse midlane til Innovasjon og næringsutvikling, der midlane blir disponert.

Kraftprisane har gjennom det meste av 2020 vore så låge at ein ikkje har hatt noko overskot på den delen av krafta som vert seld i spot-marknaden. Det som gjer at ein likevel kjem ut i pluss er at ein stor del av krafta er prissikra i terminmarknaden. Det er berre gjort ei lita justering av beløpet ein hadde i økonomiplanen, slik at det no er ført opp 152 mill. kr.

Renteinntekter og -utgifter er rekna ut på grunnlag av marknaden sine forventningar til utviklinga i 3 mnd. nibor- rente. For 2021 har ein lagt til grunn 0,32 %.

Summen som er ført opp under lønsavsetjing/premieavvik kjem fram slik:

Avsett for lønstilllegg i 2021	80 600
Premieavvik 2021	-157 600

Amortisering av tidlegare premieavvik	93 800
Sum	16 800

Sum avsetjing til fond har ein tilpassa under vegs for å saldere budsjettet. Summen på nær 74 mill. kr er noko lågare enn ein hadde i økonomiplanen frå juni.

Overføring til investering er budsjettert med summen frå 2020, oppjustert med 2,7 % prisstigning.

Når det gjeld salderingsbehovet i perioden etter 2021 vil dette verta vurdert våren 2021 gjennom arbeidet med ny økonomiplan. Denne kjem til politisk handsaming i juni 2021.

Tilråding til prosessvedtak nr 2:

Finansutvalet tek følgjande orienteringar til vitande;

- Endringar rammetilskot
 - Inntektstap kollektivtrafikken
 - Korona- verknadar
 - Havbruksfond
- Løns- og prisvekst
- Oversyn totalt - økonomisk verknad for Vestland

2 Investeringsbudsjett

Omrekning til 2021- kr

I handsaminga av arbeidsdokument 4 vart eit fullstendig investeringsbudsjett presentert. Finansutvalet gjekk vidare i budsjettprosessen med dette opplegget gjennom å slutta seg til fylkesrådmannen si tilråding. Etter statsbudsjettet er rammene for investeringsprosjekta justert opp slik at alle tal er i 2021- kr.

Det gjer at rammene for investeringsprogramma etter omrekning vert følgjande for kommande økonomiplanperiode:

Investeringar (tal i 1000kr)	Sum 2021- 2024	2021	2022	2023	2024
Investeringsprogram bygg og eig.	4 856 450	1 261 488	1 386 912	1 122 408	1 085 642
Investeringsprogram fylkesveg	11 126 225	2 584 938	3 301 512	3 015 410	2 224 365
Investeringsprogram kollektiv	3 620 483	2 002 547	1 101 560	258 188	258 188
Samla investeringsbudsjett	19 603 158	5 848 973	5 789 985	4 396 006	3 568 194

Oppfølging som følgje av statsbudsjettet

- Ferjeavløysing

I statsbudsjettet vart retningslinene for ordninga oppdatert;
«slik at ferjesamband som består av fleire strekningar der det berre er aktuelt å avløyse delar av sambandet, så vil det reknast som at heile sambandet avløysast, så lenge heile sambandet vert lagt ned.»

Med dette er anmodningsvedtaket frå Stortinget rekna som følgt opp.

Når det gjeld tilskotsordninga, og ei revidering av ordninga som gjer at den kan dekke ein større del av rentekostnadane dei fyrste åra etter at anlegget er ferdig, så tek departementet sikte på å koma tilbake til dette i samband med statsbudsjettet for 2022.

Det vil seia at statsbudsjettet ikkje gjev grunn til å endre på investeringsbudsjettet til Vestland, og dei prosjekta der ein tek sikte på å nytta ordninga for å delfinansiera prosjekt.

Investeringsbudsjett - siste møte i finansutvalet i november

I endeleg framlegg til investeringsbudsjett vil opplegget i arbeidsdokument 4 igjen verte presentert, men då med desse tillegg;

- Alle investeringsprosjekt i 2021- kr.
- Fullstendige prosjektoptalar som inkluderer summar pr. år og totalkostnad for prosjekt.
- Klimavurdering av kvart investeringsprogram.
- Innarbeiding av resultatet av anbuds konkurranse på pensjonsområdet.

Tilråding til prosessvedtak nr 3:

Finansutvalet tek til orientering omrekning av investeringsrammene.

Omrekna rammer for investeringsprogramma i 2021- kr vert lagt til grunn i det vidare budsjettarbeidet.

3 Driftsbudsjett

I denne delen summerer ein opp moment som justerer sektorane sine rammer for 2021.

Administrativt innsparingsprogram

Det vert synt til eiga sak til finansutvalet 22. september der det vart til grunn ei innsparing i administrative kostnader på opp mot 30 mill. kr i driftsbudsjettet for 2021. Til grunn for innsparingane har det vore gjennomført ei rekke utgreiingar på følgjande hovudområde:

- 1) Diverse driftskostnader
- 2) Administrative utgreiingar
- 3) Drift bygg/eigedom
- 4) IKT og digitalisering
- 5) Personaløkonomi
- 6) Finansforvaltning
- 7) Eigarskap

Administrasjonen har sett i verk arbeid med innretting og fordeling av innsparingane på avdelingar for hovudområda over. Dette arbeidet krev gode analysar og konkrete planar for å sikre at kutta vert realisert. Administrasjonen vil difor arbeide vidare med dette før dei administrative kostnadane vert fordelt.

Tilråding til prosessvedtak nr 4:

Finansutvalet tek orienteringa om den samla innsparinga i administrative kostnader på opp mot 30 mill. kr til vitande.

Finansutvalet ber om at dei ulike innsparingane vert konkretisert og innarbeida i budsjett for 2020.

Endringar som følgje av statsbudsjettet

I tabellen under er påplussingane frå statsbudsjettet til dei ulike sektorane sett opp. Endringane er omtala i delen over om endringar i rammetilskotet.

Budsjettelement	/ i 1000 kr	Sum 2021	Sektor
Tilskot lufthamner		22 680	Mobilitet og kollektiv
Kulturminne		530	Kultur, idrett og inkludering
Auka lærlingtilskot		22 100	Opplæring og kompetanse

Regional bransjeutvikling	1 500	Kultur, idrett og inkludering
Karrierettleiing introduksjonsprogrammet	3 330	Innovasjon og næringsutvikling
Vegbruksavgift naturgass	260	Mobilitet og kollektiv
Totalt	50 400	

Utover momenta over er det gjort ei teknisk endring der regionale utviklingsmidlar for 2021 er lagt til budsjettet til innovasjon og næringsutvikling. I 2020 vart denne inntektsposten budsjettert sentralt i fylkeskommunen, men fylkesrådmannen finn at det er mest praktisk å leggja denne posten innanfor den sektoren der aktiviteten vert gjennomført.

Oppdaterte sektorrammer i 2021-kr

Løns- og prisstigning

I høve til føresetnadane frå statsbudsjettet når det gjeld løns- og prisvekst, så er sektorrammene oppjustert i samsvar med dette. Oppjusterte sektorrammer er synt i tabell under. Her er og rammene for politisk styring og kontrollutval synleggjort.

Sektor 1000 kr	/ i	Budsjett 2020 (i 2020-kr)	Budsjett 2021
Opplæring og kompetanse		3 478 222	3 464 440
Innovasjon og næringsutvikling		138 642	143 087
Mobilitet og kollektiv		2 521 858	2 489 562
Infrastruktur og veg		1 147 692	1 164 713
Kultur, idrett og inkludering		312 600	316 185
Tannhelse		275 164	272 142
Strategi og digitalisering		171 767	174 680
Organisasjon og økonomi		703 128	717 014
Politisk styring		55 546	59 367
Kontrollutval		10	10
	496		092
2020- kr		8 815 115	
2021- kr		8 978 728	8 811 282

Tilråding til prosessvedtak nr 5:

Finansutvalet tek følgjande orienteringar til vitande;

- Endringar i rammetilskot, og flytting av regionale utviklingsmidlar i budsjettet
- Oppdaterte sektorrammer med løn- og prisvekst

Finansutvalet ber om at endringane vert innarbeidd i budsjett 2021 / økonomiplan 2021-24.

Innarbeidde salderingstiltak etter handsaming av arbeidsdokument 4

Til førre møte i finansutvalet 22. september vart det lagt fram innarbeidde salderingstiltak for alle sektorar. Finansutvalet slutta seg til uttalen frå hovudutvalet for næring, og til uttalen frå hovudutval for kultur, idrett og integrering. Utvalet vedtok også å leggja til grunn dei innarbeidde salderingstiltaka for dei sektorane som ikkje høyrer til egne hovudutval. Med det har følgjande sektorar salderte budsjett som kan leggjast fram som del av endeleg budsjettframlegg;

- Kultur, idrett og inkludering
- Innovasjon og næring
- Strategisk utvikling og digitalisering
- Tannhelse
- Organisasjon og økonomi

Opplæring og kompetanse

For sektoren opplæring og kompetanse gjorde finansutvalet følgende vedtak;

«Opplæring og kompetanse: Finansutvalet sluttar seg til uttalen frå hovudutvalet for sektoren sine rammer på løyvningsnivå og salderingstiltak med slike endra salderingar: a) Bruk av disposisjonsfond - 15 mill. b) Bruk av pensjonsmidlar - 30 mill. c) Reduksjon i klassar og flatt/prosentvis/pro rata effektiviseringstiltak i sektoren - 20 mill. d) Reduksjon driftsbudsjett, innarbeiding av enkelte salderingstiltak arbeidsdokument 4/2020 - 10 mill. e) Finansutvalet har i denne fasen ikkje teke stilling til dei einskilde salderingstiltaka frå fylkesrådmannen som inngår i punkt d).»

Fylkesrådmannen vil understreke at dette vedtaket ikkje gjev eit fullt ut saldert sektorbudsjett. Samla salderingsbehov var 82,4 mill. kr, medan salderinga som det vart gjort prosessvedtak på over summerer seg til samla 75 mill. kr.

Etter handsaming av a- dok 4 er det gjort ein gjennomgang av sektorbudsjettet, og salderingsbehovet er med det justert ned frå 82,4 til 78,4. Endringa som justerer meirbehovet ned går på at vakansar og reiseverksemd ved ein inkurie tidlegare låg inne med eit samla meirbehov på 4 mill. kr, og dette er no teke ut. Med det manglar det difor 3,4 mill. kr i tiltak for at opplæringssektoren sitt budsjett skal vere saldert.

Hovudutvalssak frå Opplæring og kompetanse er vedlagt. Her kjem framlegg til salderingstiltak for sektoren fram. Fylkesrådmannen vil påpeika at det er viktig å få eit saldert budsjett med innarbeidde tiltak til neste runde når det skal utarbeidast eit budsjettdokument som skal leggest fram for endeleg handsaming.

Tilråding til prosessvedtak nr 6:

Finansutvalet ber om at følgende saldering av sektoren opplæring og kompetanse vert innarbeidd i budsjett 2020;

-
-
-
-
-
-
-

Mobilitet og kollektiv og Infrastruktur og veg

Finansutvalet slutta seg til uttalen frå hovudutval for samferdsel og mobilitet når det gjaldt rammer og salderingstiltak. Uttalen hadde slik ordlyd i høve til salderingstiltaka;

«Hovudutvalet meiner at den årlege statlege ferjekompensasjonen (jf. Kommuneproposisjon) gir handlingsrom i driftsbudsjettet. Utvalet meiner at følgende føringar må leggest til grunn for vidare arbeid:

- Ingen takstauke utover prisvekst på buss og bane.
- Frekvens på buss/bane frå 2020 til 2021 må aukast jf. Byvekstavtalen.
- Ungdomskortet vert oppretthalde og ein ventar på samordning av kort/sonedeling.
- Midlar til trafikksikring må ikkje reduserast.
- Det store behovet for vegvedlikehald tilseier at dei aller fleste føreslegne kutt innanfor veg og infrastruktur kan ikkje gjevast tilslutning.
- Det er nødvendig å avsette tilstrekkeleg med midlar til rydding av ras og flaum i rasfylket Vestland.

• *Omsynet til klima og miljø må ligge til grunn for prioriteringane.»*

Statsbudsjettet for 2021 gav ikkje ferjekompensasjon som gjev grunnlag for å løyse salderingsutfordringa innan samferdsel. I 2020 kom desse midlane som øyremerka eingongsmidlar, medan dei no er lagt inn som del av veksten i dei frie inntektene. På trass av dette syner den samla veksten i dei frie inntektene for Vestland fylkeskommune ingen auke.

Hovudutvalssak frå Samferdsel og mobilitet med salderingstiltak for sektorane Mobilitet og kollektiv og Infrastruktur og veg er vedlagt. Fylkesrådmannen si tilråding er at finansutvalet utifrå opplysningane over vel ut nye tiltak som gjev ei saldering for samferdselsområdet.

Tilråding til prosessvedtak nr 7:

Finansutvalet ber om at følgjande saldering av sektoren mobilitet og kollektiv vert innarbeidd i budsjett 2020;

-
-
-
-
-
-
-

Tilråding til prosessvedtak nr 8:

Finansutvalet ber om at følgjande saldering av sektoren infrastruktur og veg vert innarbeidd i budsjett 2020;

-
-
-
-
-
-

Kort om vidare detaljering av budsjettet innanfor kvar sektor

Finansutvalet gjer prosessvedtak på sektorbudsjetta og på summane til dei ulike løyvingsnivåa. Vidare vil sektorbudsjetta i tillegg vere fordelt på kostnadsgrupper. Fordelinga av sektorbudsjettet i ulike kostnadstypar vil vere ein viktig del av fylkesrådmannen si økonomistyring. Budsjett for sektorane og budsjett på løyvingsnivå ligg fast, medan budsjett for ulike kostnadsgrupper er å sjå på som summar som kan endre seg, og som fylkesrådmannen vil styre etter.

Kostnadsgrupper er eit rammeverk til bruk i budsjettering og økonomistyring. Det skal vere enkelt å følgje opp og det skal gje ei rask og god oversikt over status. Artar er ei inndeling av ulike typar utgifter og inntekter. Desse utgiftene og inntektene vert gruppert i nokre få kostnadsgrupper, der dei utgiftstypane det er eit større fokus på, er gruppert for seg. Merk at kostnadsgrupper er ei gruppering av artar i driftsrekneskapan og ikkje artar i investering.

Driftsbudsjettet for 2021 vert inndelt i følgjande kostnadsgrupper:

- Reise og kurs
- Konsulenttenester
- Administrasjonsutgifter
- Ordinære driftsutgifter
- Lønsutgifter og lønsrefusjonar
- Ordinære inntekter

- Andre utgifter/inntekter

I neste runde av budsjettprosessen vil fylkesrådmannen presentere sektorbudsjetta fordelt på kostnadsgruppene over. I dette vil det og vere forklart kva som ligg i kvar kostnadsgruppe i kvar sektor. Kva summar som er sett av i budsjettet til konsulenttenester og skilting / profilering vil og koma fram; jf. tidlegare prosessvedtak i finansutvalet.

Tilråding til prosessvedtak nr 9:

Finansutvalet tek orienteringa om den vidare detaljeringa av budsjettet til vitande.

Neste møte i finansutvalet

I siste møte vil finansutvalet få eit ferdig budsjettdokument for 2021 til handsaming. Ein tek sikte på å presentere eit driftsbudsjett som er saldert, og eit investeringsbudsjett innanfor ein gjeldsgrad på 115 %. Fylkesrådmannen vil som omtala over, koma tilbake med ei vidare fordeling av sektorbudsjetta på kostnadsgrupper. I tillegg vil det vere ei vidare kopling av budsjett og økonomiplan opp mot måla om klimagassreduksjon ved at ein inkluderer ei klimavurdering av dei tre investeringsprogramma.

Dei delane av budsjettdokumentet som enno ikkje har vore presentert kjem også til handsaming; mellom anna klimabudsjett, finansielle måltal, budsjettreglement og obligatoriske budsjettskjema.

Saksnr: 2020/60738-4
Saksbehandlar: Karl Viken

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for opplæring og kompetanse		16.09.2020

HU OPPKO Budsjett 2021/økonomiplan 2021-2024 - arbeidsdokument 4/20

Forslag til uttale

1. Hovudutval for opplæring og kompetanse sluttar seg til presentert samla opplegg for driftsbudsjett 2021.
2. Hovudutval for opplæring og kompetanse sluttar seg til presentert opplegg for investeringsbudsjett 2021-2024.
3. Hovudutval for opplæring og kompetanse sluttar seg til presentert budsjett for sektoren fordelt på løyvingsnivå og med innarbeidde salderingstiltak.

Samandrag

I denne saka får hovudutval for opplæring og kompetanse budsjettet for 2021 til handsaming. I tillegg til handsaming av sitt eige sektorbudsjett fordelt på løyvingsnivå og innarbeidde salderingstiltak for 2021, handsamar også hovudutvalet felles sentrale budsjettmoment og investeringsbudsjettet for perioden 2021-2024.

Bjørn Lyngedal
fylkesdirektør

Birthe Haugen
seksjonssjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I denne saka får hovudutval for opplæring og kompetanse budsjettet for 2021 til handsaming. I tillegg til handsaming av sitt eige sektorbudsjett fordelt på løyvingnivå og innarbeidde salderingstiltak for 2021, handsamar også hovudutvalet felles sentrale budsjettmoment og investeringsbudsjettet for perioden 2021-2024.

Saka har slik inndeling:

Innleiing

1 Fellesdel – samla opplegg driftsbudsjett 2021

2 Fellesdel – Investeringsbudsjett 2021- 2024

3 Sektorbudsjett: Opplæring og kompetanse

Innleiing

Prosess

Involvering av hovudutval

Eit sentralt moment i denne runden av budsjettprosessen er involveringa av hovudutvala i forkant av finansutvalet. Hovudutvala får fylkesdirektør sitt budsjett presentert, og gjev uttale om sektorbudsjett, det samla budsjettopplegget og investeringsbudsjettet. I sektorbudsjetta er det fordeling av sektorramme på løyvingnivå og val av salderingstiltak som er det mest sentrale. Alle sektorane sine budsjett vert handsama i respektive utval. Uttalane frå dei ulike utvala vert del av grunnlaget for handsaminga i finansutvalet.

I tillegg får alle hovudutvala sak om administrativt innsparingsprogram til uttale. Nokre av tiltaka som er foreslått her, vil få verknad for alle avdelingar, t.d. reduksjon av kostnader til kontingentar, reiser og bevertning

To felles delar og sektorspesifikke delar

Alle utvalssakene som handsamast i denne omgang har tre delar. Det er to felles delar som kjem til handsaming i alle møte. Den fyrste går på kva som ligg i det totale budsjettopplegget til Vestland for 2021. Den andre delen er eit endeleg framlegg til investeringsbudsjett for planperioden 2021-2024. Det vert lagt opp til at hovudutvala også gjev ein uttale på desse to fyrste delane, og desse vil ligga ved når finansutvalet har si handsaming.

Den siste og tredje delen i alle sakene er sektorspesifikk, og dei ulike sektorbudsjetta kjem til handsaming og uttale i sine respektive hovudutval. Stabsavdelingane og tannhelse høyrer ikkje inn under noko hovudutval, og desse sektorbudsjetta vert presentert og kjem til handsaming i finansutvalet.

Som eksempel vil budsjettsaka som går til hovudutval for samferdsel og mobilitet ha slik struktur:

Del I. Fellesdel: budsjett 2021

Del II. Fellesdel: Investeringsbudsjett 2021- 2024

Del III. Sektorbudsjett mobilitet og kollektiv og infrastruktur og veg

Hovudutval for samferdsel og mobilitet gjev sin uttale til dei to fellesdelane og dei to presenterte sektorbudsjetta.

Sektorar utan utval

Som nemnt er det sektorar som ikkje høyrer innunder eit spesifikt hovudutval;

- Organisasjon og økonomi (inkludert eigedom)
- Strategi og digitalisering
- Tannhelse (ligg innunder Strategi og digitalisering)

Presentert budsjett frå dei tre sektorane over utan hovudutval ligg også som referatsaker til finansutvalssaka; tilsvarande som hovudutvalssakene med sektorbudsjett.

Finansutvalet gjer så prosessvedtak på alle sektorbudsjetta. Uttalar frå hovudutvala vert ettersendt, og vert del av grunnlaget for handsaminga.

Førebels budsjetttramme for kontrollutvalet vert og presentert for finansutvalet. Sistnemnde vert utarbeidd av sekretariat for kontrollutvalet, og er del av område politisk styring, kontrollorgan organisasjon og økonomi.

Under er ein oppsummerande tabell:

Utval	Dato	Handsaming
Hovudutval for opplæring og kompetanse	16.sept.	Utale til sektorbudsjett for opplæring og fellesdelar
Hovudutval for samferdsel og mobilitet	16.sept.	Utale til sektorbudsjett for veg og infrastruktur og mobilitet og kollektiv og fellesdelar
Hovudutval for kultur, idrett og integrering	16.sept.	Utale til sektorbudsjett for kultur og fellesdelar
Hovudutval for næring	16.sept.	Utale til sektorbudsjett for innovasjon og næring og fellesdelar
Finansutval	17.sept.	Prosessvedtak alle sektorbudsjett og fellesdelar
		Budsjett for kontrollutvalet til orientering

Saldering driftsbudsjett og økonomiplanperiode

Saldering driftsbudsjett 2021

Finansutvalet gjorde i førre møte følgjande prosessvedtak i høve til presenterte salderingstiltak på 100 mill. kr;

«Finansutvalet tek dei sektorvise salderingstiltaka til vitande og ber fylkesrådmannen om å leggje dei presenterte sektorvise salderingstiltaka til grunn i det vidare arbeidet fram mot handsaming i hovudutvala.»

I budsjettframlegga for dei ulike sektorane er dei tidelegare presenterte salderingstiltaka til sektorane innarbeidde. I førre arbeidsdokument var status for salderinga at to sektorar - infrastruktur og veg og opplæring og kompetanse – ikkje var heilt i mål med sine utfordringar. I dette budsjettframlegget har alle sektorane innarbeidd naudsynte tiltak, slik at det samla salderingsbehovet på 100 mill. kr er løyst.

Samstundes gjorde finansutvalet følgjande prosessvedtak;

«Fylkesrådmann vert bedt om å synleggjere alternative salderingstiltak på totalt 100 mill. kr innan sektorane fram mot handsaming i hovudutvala.»

Dei 100 mill. kr i alternative salderingstiltak er lista opp i kvart einskilt sektorbudsjett. Finansutvalet kan om ønskeleg bruke desse som alternativ, og byte ut innarbeidde tiltak som utvalet ikkje vil gå vidare med.

Ut over dei 100 mill. kr må sektorane også finne inndecking i form av tiltak for å dekke inn meirbehov utover budsjetttramma. Tertialrapporten etter 2. tertial syner også at særskilt kollektivsektoren, opplæring og kompetanse og tannhelse har negativ drift i 2020 som også må takast omsyn til i budsjetteringa for 2021.

Saldering økonomiplan: utgreiingsområde

Det vidare behovet for salderingstiltak utover i økonomiplanperioden har gjort det naudsynt å greie ut område som kan vere aktuelle i høve til innsparingar. Finansutvalet har tidlegare gjort slikt prosessvedtak om dette:

«Finansutvalet viser til behovet for ytterlegare innsparingar i drifta i økonomiplanperioden, og ber i denne samanhengen om at utgreiingar innanfor følgjande område vert sett i verk:

Utgreiingsframlegga i tabellen vert sett i gang med dette unntaket/presisering:

-Det vert ikkje starta opp ny skulestruktursak, men oppfyltingsgrad, utlysingspraksis og tilbodsstruktur blir gjennomgått.»

I dette arbeidsdokumentet gjev fylkesrådmannen ein status for det meir langsiktige arbeidet for å få eit berekraftig driftsnivå.

Budsjettmessige klimakonsekvensar

Finansutvalet tok i møte 26.03.20 statusmeldinga om klimabudsjett til orientering. Klimabudsjettet er eit viktig styringsverktøy for å redusere klimagassutslepp fram mot 2030.

I endeleg budsjettframlegg frå finansutvalet som kjem til handsaming i november, legg ein opp til å ta inn eit eige klimakapittel, tilsvarande det som var med i budsjettet for 2020. Her vil det vera klimamål, samla prognosar for utslepp av klimagassar frå Vestland fylkeskommune og oversikt over utsleppa for kvar sektor. Framstillinga

vil vere mest mogeleg oppdatert og relevant for Vestland fylkeskommune sin situasjon for 2021 og åra framover.

I denne omgangen vert budsjettet foreslått vedteke på løyvingsnivå innan kvar sektor. Vurderingane av klimaeffektar er sett opp under omtalen av den einskilde sektor sine løyvingsnivå. Informasjonen her vil kunne vere viktig i utarbeidinga av Vestland fylkeskommune sitt klimabudsjett. Sektoren strategisk utvikling og digitalisering skal yte fagleg støtte til dei andre sektorane i dette arbeidet.

Oppfølgingspunkt

Kontraktskostnadar kollektiv

Når det gjeld kontraktskostnadar innan kollektiv, vart det i førre arbeidsdokument sagt at fylkesrådmannen skulle kome tilbake til korleis utslaga av indeksjusteringane skulle handsamast. I budsjettet for 2021 er det teke ut 88 mill. kr som følgje av nedgangen i kontraktskostnadar i ferjesektoren frå 2020 til 2021.

I tillegg er kostnadane i kollektivsektoren generelt påverka av svingingar i dei ulike indeksane som kontraktssummane vert rekna ut frå. Utslaga i indeksane er usikre og vert i desse tider også påverka av pandemien. Fylkesrådmannen meiner utslaga i desse indeksane/kostnadane er så vidt usikre, at ein ikkje vil tilrå å endre budsjetttramma for Mobilitet og kollektiv utover det som vart gjort i arbeidsdokument 3/20.

Kontraktskostnadane for ferje vil stiga i økonomiplanperioden, etter den mellombelse nedgangen frå 2020 til 2021 og reduksjonen i budsjetttramma som finansutvalet gjorde prosessvedtak om i arbeidsdokument 3/20 i samband med fastsetjing av sektorrammene, gjer at ein har teke høgde for auken i kostnadar dei neste åra i økonomiplanperioden, som ein kjenner til på noverande tidspunkt.

Budsjett sjølvprofilering/skilting og konsulenttenester

Det vert vist til prosessvedtak frå førre finansutval i juni der det vert bede om at fylkeskommunen sitt budsjett for sjølvprofilering, inkludert skilting, og budsjettet for konsulenttenester, vert lagt fram. For 2020 har ikkje fylkeskommunen noko gjennomgåande budsjett der alle einingane har detaljert kostnadane sine på desse to områda. Det kjem av at ein ikkje kunne ha ein vanleg budsjettprosess for 2020 der einingane detaljerte sine budsjett etter likeins prinsipp hausten 2019. Å bruka historiske tal for dei to gamle fylka har vist seg å ikkje gje eit presist bilete av kva som vert brukt i Vestland på desse to områda.

I dette dokumentet kjem framlegg til budsjett pr. løyvingsnivå. Når ein får prosessvedtak på dette vil einingane detaljere budsjettet sitt fram til neste møte i finansutvalet. Fylkesrådmannen vil då kunne presentere eit endeleg budsjettopplegg på detaljert nivå der dei totale budsjettet for Vestland for sjølvprofilering, inkludert skilting og konsulenttenester vil verte lagt fram for finansutvalet.

Finansiering bybanen

Det vert synt til prosessvedtak i førre finansutval der fylkesrådmannen vert beden om å klargjere korleis tidlegare bybaneinvesteringar samt investeringar til bybanevogner inngår, eller ikkje inngår i den samla gjeldsgraden for Vestland fylkeskommune på 115 %.

Fylkesrådmannen kan opplysa følgjande:

Utbygging av bybanen frå Bergen sentrum til Flesland har i all hovudsak vorte finansiert med bompengar og statsstilskot. Ordninga med bompengar er slik at bompengeselskapet tek opp lån til bygginga. Lånet vert nedbetalt med bompengar som bompengeselskapet krev inn. På denne måten inngår ikkje bompengelån i fylkeskommunen si gjeld, men ligg i rekneskapen til bompengeselskapet Ferde AS. Fylkeskommunen har garantert for desse låna. Ferde AS sine lån til bypakke Bergen utgjorde 5,27 mrd. kr ved siste årsskifte. Denne summen omfattar meir enn berre bybanen, men bybanen er det klart største prosjektet.

Bybanevognene er i all hovudsak finansiert av fylkeskommunen med lån og inngår dermed i lånegjelda som er rekna med når ein ser på kva som er innanfor grensa for lånegjeld på 115%. Ein vil anslå at lån som er nytta til finansiering av bybanevogner utgjer om lag 650 mill. kr ved inngangen til 2020.

Avdelingsleiarressursar og andre leiarressursar ved vgs

Gjennom prosessvedtak i førre møte i finansutvalet vart fylkesrådmannen beden om å sjå nærare på omfanget og fordelinga av avdelingsressursane og andre leiarressursar ved dei vidaregåande skulane i Vestland fylkeskommune.

Opplæring og kompetanse er i gang med ei kartlegging basert på det ein har av data om dette; supplert med intervju. Denne kartlegginga må sjåast i samheng med sak om ny budsjettmodell og sak om mål og strategiar. Desse to sakene er ferdig og kjem til handsaming politisk i november. Det vert difor presentert eit heilskapleg

notat om avdelingsressursar og leiarressursar til finansutvalet i november, og dette notatet vil då kunne sjåast i samanheng med at det skal koma eit endeleg detaljert framlegg til budsjett for sektoren.

Inntektskjelder - Havbruksmidlar

Regjeringa foreslo i revidert nasjonalbudsjett at det skal innførast ei produksjonsavgift på laks, aure og regnbogeare. Inntektene frå avgifta skal fordelast til havbrukskommunane og fylkeskommunane. Ei produksjonsavgift vil gje jamnare inntekter til kommunar og fylkeskommunar enn inntektene ein har fått frå sal av nye konsesjonar.

Samstundes er det forslag om å endre fordelinga av sals- og auksjonsinntektene frå auka kapasitet og nye løyve. Frå 2017 har midlane vore fordelt etter ein fordelingsnøkkel der kommunar og fylkeskommunar har fått tildelt 80 prosent og staten 20 prosent av midlane. No føreslår regjeringa å endre fordelingsnøkkelen slik at 75 prosent skal gå til staten og 25 prosent til kommunar og fylkeskommunar. Det er her dei største midlane ligg, og denne omfordelinga er uheldig sett frå kommunar og fylkeskommunar sin ståstad.

Ved behandlinga av revidert nasjonalbudsjett gjekk Stortinget inn for å endre fordelinga slik at kommunar/fylkeskommunar skal få 40 prosent av sals- og auksjonsinntektene. Dette slår inn frå 2022.

For åra 2020 og 2021 vert Havbruksfondet tilført 2,25 mrd. kr og 1 mrd. kr. Vestland fylkeskommune vil etter alt å døme få utbetalt vel 63 mill. kr i 2020 og rundt 28 mill. kr i 2021.

Administrativt innsparingsprogram

I eiga sak til hovudutvala og finansutvalet har fylkesrådmannen gjennomgang av det administrative effektiviseringsarbeidet. Programmet vart vedteke av fylkestinget som del av budsjettarbeidet for 2020.

Arbeidet har vore gjennomført mellom anna gjennom bruk av arbeidsgrupper der mellom anna dei tillitsvalde har delteke. Fylkesrådmannen viser til denne saka, men vil her kort peike på hovudpunkta:

- Identifiserte moglege innsparingar i komande økonomiplanperiode er på vel 100 mill. kr
- Overslag for 2021 er 27 mill. kr fordelt slik på ulike kostnadsgrupper:
 - Diverse driftskostnader 12,4 mill. kr
 - Byggedrift 8,0 mill. kr
 - IKT og digitalisering 5,2 mill. kr
 - Finansforvaltning 1,0 mill. kr
 - Anna 0,4 mill. kr

1 Fellesdel – samla opplegg driftsbudsjett 2021

Økonomiske føresetnadar før statsbudsjettet

Sentrale inntekter

I økonomiplanen, som vart handsama av fylkestinget i juni, vart det gjeve slikt oversyn over sentrale inntekter og utgifter:

	BUDSJ. 2020	2021	2022	2023	2024
Skatt, rammetilskot og inntektsutjamm	-9 938 970	-9 983 770	-9 978 570	-9 973 370	-9 973 370
Andre generelle statstilskot	-101 400	-101 400	-101 400	-101 400	-101 400
Konsesjonskraftsinntekter	-182 000	-150 000	-157 000	-165 000	-165 000
Kapitalinnt/utg, utbytte og rentekomp.	833 900	868 300	931 900	1 041 000	1 133 400
Pensjonsutg/fellesutg/ løns- og prisvekst	44 839	44 839	44 839	44 839	44 839
Bruk/avsetning til fond	-70 000	96 400	77 600	88 300	17 900
Overføring til investering	536 997	536 997	536 997	536 997	536 997
Sum felles inntekter og utgifter	-8 876 634	-8 688 634	-8 645 634	-8 528 634	-8 506 634

I kommuneproposisjonen varsla regjeringa ein vekst i frie inntekter for fylkeskommunane på 0,4 mrd. kr. Veksten er rekna frå budsjettnivået i opphavleg 2020-budsjett (koronaeffekten av reduserte skatteinntekter i 2020 er halden utanom). Vestland fylkeskommune sin del av veksten er rekna å utgjere om lag 50 mill. kr.

Bortsett frå det som er sagt framfor om havbruksfond, har ein lite nytt å melde i høve til det som vart presentert i økonomiplanen. I 2020 la fylkestinget inn 2 mill. kr frå havbruksfond. Dersom tildelinga i 2021 vert på 28 mill. kr, inneber dette at «Andre generelle statstilskot» går opp med 26 mill. kr.

Løn- og prisvekst

Ved utarbeiding av budsjett for 2021 har sektorane og einingane førebels brukt 2020- nivå. Tala i økonomiplantabellen ovanfor er i same løns- og prisnivå som budsjettet for 2020. Endringane frå 2020 til 2021 vil då ikkje ha med seg prisvekst, men er reelle eller tekniske endringar som er forklart i budsjettopplegget. Når statsbudsjettet kjem tidleg i oktober, vil ein justere opp heile budsjettet med pris- og lønsnivå for 2021. På denne måten vil det endelege framlegget til budsjett som vert handsama i november/desember vere i 2021- kr.

Verknadar av Korona- pandemien for budsjett 2021

Budsjetteringa for 2021 i den situasjonen ein er no, er særskilt krevjande. Frå sentralt hald er det ikkje kome signal på at ein skal ta høgde for verknadar av Korona når kommunesektoren budsjetterer for neste år. Tvert om skal ein leggje til grunn eit normalår. Av det kan ein slutte at ein ikkje skal budsjettere inn varige verknadar av pandemien. Slik situasjonen er no med store budsjettavvik på alle område, for både kostnader og inntekter, er det vanskeleg å leggje til grunn eit slikt scenario. Når statsbudsjettet kjem, vil ein få svaret på kva linje ein vel frå sentralt hald, og då vert det klårare kva fylkeskommunen kan leggje til grunn for budsjetteringa.

- **Føresetnadar kollektivsektoren og tannhelse**

Kollektivsektoren har i fleire år budsjettert med ein auke i passasjertal, og med ein auke i billettinntekter på 3,5 %. Dei fleste åra har det vist seg at ambisjonen om vekst i budsjettet har vorte nådd, og fleire år har veksten vore ein del høgare enn dette. I 2021 ville ein, om det ikkje var for pandemien, også budsjettert med om lag 3,5 % inntektsvekst. Fylkesrådmannen meiner det ikkje vil vere rett å leggje opp til eit scenario for 2021 så lenge ein ikkje har ein normalsituasjon, og ein er usikker på dei varige verknadane av pandemien. Førebels, og før statsbudsjettet for 2021 er gjort kjent, vil kollektivsektoren leggje seg på ein føresetnad der det er nullvekst i inntektene frå 2020 til 2021. Det inneber at inntektsnivået er 30 mill. kr lågare enn ved eit normalt scenario. For tannhelse vil ein budsjettere med eit noko lågare inntektsnivå enn eit normalår skulle tilseie.

Driftsbudsjettet

Sektorrammer

I førre møte i finansutvalet vart det, ved handsaming av arbeidsdokument 3/20, gjort prosessvedtak om å leggje sektorrammene i tabellen under til grunn for budsjett 2021. Sektorane har brukt desse rammene i budsjetteringa av sine løyvingnivå:

Sektorrammer

Sektor	Ramme 2021 A-dok 3
Pol. St., kont.utv, orgøk	758 170
St.utv. og digitalisering	172 267
Tannhelse	272 164
Kultur, idr. og inkluder.	309 568
Infrastruktur og veg	1 135 692
Mobilitet og kollektiv	2 396 858
Innovasjon og nærsutv.	237 542
Oppl. og kompetanse	3 441 222
Sum sektornivå	8 723 483

Løyvingsnivå

I dette møtet vert sektorrammene i tabellen over delt opp i dei ulike føremåla, også kalla løyvingnivå, innanfor kvar sektor. Finansutvalet gjer prosessvedtek på summene som skal brukast på dei ulike føremåla innan kvar sektor. Dette vert gjort på bakgrunn av dei politiske sakene og uttalanane frå hovudutvala. Finansutvalet kan slutte seg til uttalen som hovudutvala har gjort, men utvalet kan og gjennom sitt prosessvedtak endre summene på løyvingnivå ved å omprioritere.

Innarbeidde tiltak

I dei ulike løyvingnivå er det innarbeidd salderingstiltak for kvar sektor. Det vil gå fram kva løyvingnivå som er redusert gjennom det innarbeidde salderingstiltaket. Til dømes vil det for tannhelse sitt sektorbudsjett vera eit tiltak som går på inntektssida, og då vil det framkome at dette tiltaket har redusert ramma som vert tildelt løyvingnivået pasientbehandling.

Alternative tiltak

Det er sett opp alternative tiltak og finansutvalet vil då ha høve til å gjere om på tiltaka som sektoren har innarbeidd, og byte dei ut med dei alternative tiltaka som vert presenterte. Eksempelvis har kultur, idrett og inkludering eit tiltak som reduserer løyvingsnivået inkludering, strategi og analyse ved å redusere nokre tilskotsordningar. Dersom finansutvalet ikkje ønskjer å gå for dette salderingstiltaket, vil dei kunne byte det ut ved heller å ta eit tiltak på sektoren si alternative liste med salderingskutt. Dei same vurderingane vil også hovudutvala gjere for sine sektorar sine løyvingsnivå og tiltak; og då vert det del av hovudutvalet sin uttale.

Referatsaker og protokollar.

Alle hovudutvalssakene ligg som referatsaker til finansutvalssaka, og protokollane frå hovudutvalsmøta vert ettersendt til finansutvalet.

Sektorar utan hovudutval

- Strategisk utvikling og digitalisering
- Organisasjon og økonomi
- Tannhelse

For dei tre sektorane utan hovudutval vil presentert budsjettopplegg med summar på løyvingsnivå, innarbeidde tiltak og alternative tiltak ligge som melingssaker til saksframlegget som vert handsama i finansutvalet. Alle dei presenterte sektorbudsjetta vil vere gjennomgåande like med summar på løyvingsnivå, innarbeidde tiltak og alternative tiltak. I tillegg kjem forslaga i det administrative innsparingsprogrammet, som i stor grad inneber kostnadsreduksjonar i dei sentrale stabane.

Utgreiingsområde økonomiplan -status

Det vidare behovet for salderingstiltak utover i økonomiplanperioden har gjort det naudsynt å greie ut område som kan vere aktuelle i høve til innsparingar. Finansutvalet har tidlegare, ved handsaming av arbeidsdokument 1/20, gjort slikt prosessvedtak om dette:

«Finansutvalet viser til behovet for ytterlegare innsparingar i drifta i økonomiplanperioden, og ber i denne samanhengen om at utgreiingar innanfor følgjande område vert sett i verk:

Utgreiingsframlegga i tabellen vert sett i gang med dette unntaket/presisering:

-Det vert ikkje starta opp ny skulestruktursak, men oppfyltingsgrad, utlysingspraksis og tilbodsstruktur blir gjennomgått.»

Fylkesrådmannen har i dette arbeidsdokumentet fokusert på aktuelle tiltak for å redusere budsjettet 2021 med 100 mill. kr samanlikna med 2020. Finansutvalet ba i møte 18. juni om ei alternativ tiltaksliste på 100 mill. kr. Tiltakslistene er utarbeidde sektorvis og vert handsama slik at hovudutvala gjev uttale om tiltaka til finansutvalet.

Det går fram av finansutvalet sitt prosessvedtak ovanfor at det vil vere behov for ytterlegare budsjetttilpassingar i økonomiplanperioden, og det vil i denne samanhengen vere aktuelt å utgreie større tiltak og verknadene av desse.

Som nemnt i arbeidsdokument 3/20, har fylkesdirektørane utarbeidd oversyn over utgreiingsarbeidet med framdriftsplan. Dei ulike sektorane har ulikt omfang og dette gjer at utgreiingsområda er ulike både i kva effektar ein kan oppnå og kva konsekvensar det kan medføre å ta resultatata av utgreiingane til følgje.

Fylkesrådmannen ser det som naturleg at resultatet av dette arbeidet inngår som ein del av økonomiplanarbeidet for perioden fram til 2024. For ein del utgreiingar vil det naturleg ta noko tid før ein kan få resultat, og for andre kan sjølve utgreiinga ta tid.

Fylkesrådmannen viser nedanfor kva status er for dette arbeidet for kvar sektor.

Infrastruktur og veg

- Vurdere innretting av trafikksikringsmidlane: Konsekvensvurdering av budsjettreduksjon på 8,5 mill. kr hausten 2020.
- Vurdering av kontraktsstrategi, vedlikehald og utbyggingsstandard skal gjennomførast som del av RTP-prosessen. Regional transportplan skal leggjast ut på høyring sommaren 2021.

Mobilitet og kollektiv

- Redusert ruteproduksjon kan gjennomførast anten ved prosentvise reduksjonar i ruteproduksjonen innanfor dei ulike tilboda, eller ved å fastlegge prinsipp for korleis tilboda skal utformast. Prinsippa kan gå på frekvens, passasjertal, i kva grad det er mogeleg med omkøyning t.d. for eit ferjesamband m.v.
- Vurdere talet på billettautomatar langs bybanetraseen. Bruken av billettautomatane har gått ned etter kvart som mobilappen er den mest nytta betalingskanalen.
- Vurdere innrettinga av skuleskyssen. Denne skyssen er i mange høve dimensjonerande for talet på bussar, og samordning av skuletid/skuleruter bør utgreiast i samarbeid med kommunane for det som gjeld grunnskuleskyssen.
- Endring i rutestruktur som følgje av nye vegar og bruer. Døme på dette i komande økonomiplanperiode er E39 Sveгатjørn – Rådal og Bybanen til Fyllingsdalen.

Innovasjon og næringsutvikling

- Vurdere prioritering mellom fagområde i samband med utarbeiding av regional plan for innovasjon og næringsutvikling.
- Potensialet for «EU-finansiering av tiltak»: I tråd med framlagt framdriftsplan er det sett i gang utgreiingsarbeid med tanke på potensialet for finansiering – spesielt med tanke på EU-programmet «Horizon Europe». Det er utarbeidd oversyn over innvilga søknader til Horisont 2020, skildring av tema i Horisont Europe som er relevante for VLFK, og dialog med avdelingane om aktuelle satsingsområde i økonomiplanperioden.

Tannhelse

- Gjennomgang av fordeling mellom statleg og fylkeskommunal finansiering av TK-Vestland og vurdering av takstane ved kompetansesenteret opp mot dei andre kompetansesentera.
- Gjennomgang av driftsmodell opp mot tilgjengeleg budsjett ved TK-Vestland.
- Vurdere kompetansesamansetjing i tannhelsetenesta m.a. ved kartlegging av alderssamansetjing.

Opplæring og kompetanse

- Sektoren har inndelt dei ulike utgreiingsområda etter tidspunkt for ferdigstilling med tiltak innanfor kvar bolck. Fleire av tiltaka er foreslått innarbeidde i budsjettet for 2021. I eiga sak vert idrettstilbodet vurdert. Det same gjeld evaluering av Hardanger produksjonsskule og organisering av fagskuledrifta i Vestland fylkeskommune.
- Av større utgreiingsområde kan nemnast vurdering av klasseoppfylling, tilbodsstruktur og handtering av omval.

Kultur, idrett og inkludering

- Vurdere vilkåra for løyving av fylkeskommunale driftstilskot.
- Gjennomgå fordeling/ansvar mellom stat, kommune og fylkeskommune for driftstilskot innan dette feltet.

- Sektoren sine tiltak inngår for ein stor del i det administrative innsparingsprogrammet som er til handsaming i eiga sak til finansutvalet.

Organisasjon og økonomi

- Sektoren sine tiltak inngår for ein stor del i det administrative innsparingsprogrammet som er til handsaming i eiga sak til finansutvalet.

2 Fellesdel – investeringsbudsjett 2021- 2024

Innleiing investering - fullstendig opplegg

I dette arbeidsdokumentet vert det presentert eit investeringsbudsjett innanfor handlingsregelen, maksimal gjeldsgrad på 115 %, med naudsynte reduksjonar og forskyvingar og med særskilt handsaming av nokre prosjekt som er peika på av finansutvalet.

Vestland fylkeskommune hadde for førre planperiode eit investeringsbudsjett som i stor grad var ei vidareføring av dei vedtaka som var gjort i dei to gamle fylka. I arbeidsdokument 2/20 vart det vist til at dei gjeldande planane hadde eit sær høgt investeringsnivå, og at det var naudsynt med reduksjonar. Dette for hindre at det nye fylket skulle få monaleg gjeldsoppbygging, og ein gjeldsgrad som ikkje var i samsvar med vedteken handlingsregel på dette området.

I revidert opplegg til investeringsbudsjett for 2021- 2024 peika fylkesrådmannen på retemporisering av det som låg inne, og viste til mogelege reduksjonar på 1,4 mrd. kr i 2022 og 1,3 mrd. kr i 2023. Samstundes la ein opp til eit moderat investeringsnivå i 2024. I dette låg det at nokre få prosjekt vart teke ut av planen, ein del vart skyvd ut i tid og fleire fekk reviderte kostnadsoverslag.

Finansutvalet gjorde prosessvedtak på det reviderte opplegget slik at ein hadde rammer i planperioden å arbeide vidare med. Rammene la opp til eit investeringsnivå innanfor handlingsregelen.

I presentert opplegg under kjem ein attende med same opplegg som det som vart presentert i mai- møtet når investeringsbudsjettet vart handsama, men har med eventuelle oppdateringar når det gjeld kostnadar og framdrift. Oppdateringane er lista opp under dei ulike investeringsprogramma. I endeleg framlegg til investeringsbudsjett vil fylkesrådmannen kome attende med detaljert omtale av alle område og prosjekt.

Finansutvalet gjorde også prosessvedtak som gjaldt handsaminga av nokre einskilde prosjekt, og ei særskilt vurdering av desse.

Oppfølging og status einskilde prosjekt

- Laksevåg, vgs og fagskule

I handsaminga av arbeidsdokument 2/20 vart det gjort følgjande prosessvedtak:

«For Laksevåg og Bergen Maritime vgs og Fagskolen i Hordaland viser finansutvalet til tidlegare vedtak i fylkestinget i PS 28/2019, og har ein ambisjon om realisera prosjektet som planlagt. Finansutvalet ber fylkesrådmannen vurdere tiltak for å betra finansieringa av prosjektet.»

I dette arbeidsdokumentet er Laksevåg og Bergen Maritime vgs og Fagskolen i Hordaland lagt inn slik at prosjektet vert realisert. Investeringa er foreslått forskyvd 2,5 år ut i tid. Dette er naudsynt for at investeringsnivået for fylkeskommunen ikkje skal overskride den vedteke grensa.

Når det gjeld løysingar for å betra finansieringa av prosjektet utan å redusere kapasiteten og storleiken på det nye bygget, vil private investorar kunne vere eit alternativ. Dette er likevel ikkje å tilrå ut frå ei økonomisk vurdering. Det kjem av at lånerenta og avkastningskravet (husleiga) til dei private investorane vil vere vesentleg

høgare enn lånerenta fylkeskommunen oppnår. Det er lagt inn løyving på 15 mill. kr i 2023 og 100 mill. kr i 2024 til prosjektet med restløyvingar i neste økonomiplanperiode.

Fylkesrådmannen viser til at andre skulebygg som er komne like langt i planleggingsprosessen også er utsette om lag 2 år; slik at ein likebehandlar tilsvarande skuleprosjekt.

○ Svelgen – Indrehus

Det vert synt til handsaming av arbeidsdokument 3/20 og oppfølging av prosessvedtak knytt til følgjande prosjekt: Fv. 614 Svelgen – Indrehus: Det vert vist til tidlegare prosessvedtak der det vert bedt om at fylkesrådmannen synleggjer ei mogleg raskare framdrift i prosjektet.

Gjeldande kostnadsoverslag for prosjektet var 1,65 mrd. 2020-kr med ei uvisse på 10%. Etter vedtak i fylkestinget 10. juni 2020 (sak 65/20) vart vegarmen gjennom Kruna forkasta. Nytt kostnadsoverslag vert då sett til 1,45 mrd. 2020-kr med ei uvisse på 10 %. Det vert lagt til grunn at det kan vere mogleg å gjennomføre prosjektet etter ein framdriftsplan som gjer at prosjektet vert ferdigstilt i 2026. Behov for løyving i mill. 2020-kr for å halde slik framdrift til og med 2026 er estimert til å verte slik:

1. 2021	2. 2022	3. 2023	4. 2024	5. 2025	6. 2026
7. 5	8. 50	9. 400	10. 400	11. 400	12. 190

Ein slik prosjektkostnad og framdrift vil det ikkje vere mogleg å få til innanfor gjeldande investeringsrammer. Låneopptaket i perioden vil verte monaleg auka og gjeldsgraden vil ikkje vere i tråd med den nemnde handlingsregelen som tilseier maksimalt 115 %. Einaste moglegheit ville vere å redusere andre stader i investeringsprogrammet for veg, men det er å poengtere at løyvingane til større pottar som tunnelrehabilitering, bru og kaier og mindre utbetringar er særskilte knappe i høve til behovet. Forutan prosjektet Ytre Steinsund bru så er det ikkje mange vegprosjektet som det monnar å redusere eller forseinke. Når det gjeld brukarfinansiering, gjennom bompengefinansiering, så er dette lite aktuelt fordi prosjektet har eit lågt trafikkgrunnlag.

I opplegget fylkesrådmannen presenterer tilrår ein difor realisering av prosjektet, men at det får oppstart seint i perioden. Det er lagt inn 5 mill. kr som startløyving til prosjektet i 2024.

○ Atløysambandet

Det vert vist til prosessvedtak i mai-møtet i finansutvalet; «Det vert utarbeidd sak om korleis den statlege ordninga for ferjeavløysing kan utnyttast best mogeleg for Atløysambandet og eventuelt andre prosjekt som er i same finansieringssituasjon».

Fylkesrådmannen legg til grunn at regjeringa kjem tilbake med oppfølginga av Stortinget sine vedtak i samband med statsbudsjettet for 2021 i oktober. Vidare forutset fylkesrådmannen at ferjeavløysingsprosjekta må vurderast samla i samband med regional transportplan ut frå oppdaterte retningslinjer for ordninga. I neste møte i finansutvalet vil ein, etter at statsbudsjettet er klart, kome tilbake med korleis ordninga kan brukast for dei prosjekta som er aktuelle for denne typen finansiering. Først er det lagt inn 10 mill. kr som startløyving til prosjektet i 2024. Det vert elles synt til delen som går på finansiering under, og då særskilt delen - *Gjeldsgrad og investeringsprosjekt med særskilt finansiering*.

○ Opplæringsfartøy

I handsaminga av arbeidsdokument 2 vart det synt til at fylkesrådmannen har stogga prosessen med kjøp av nytt opplæringsfartøy for Måløy vidaregåande skule. Det vart i møtet gjort prosessvedtak på at det skulle fremjast ei sak som tek for seg løysingar som kan stetta dei naudsynte behova ved eit slikt fartøy. Det er sett ned eit prosjekt som skal arbeide fram desse alternativa, arbeide med anskaffinga og legge fram ei sak. Gruppa har fyrste møte i september, og det er mellom anna oppnemnt medlemmer frå Opplæringsfartøy AS (Selskapet som eig dagens båt ved Måløy vgs) og Austevoll vgs.

Fylkesrådmannen vil koma attende med resultatet av dette arbeidet. Førebels er prosjektet lagt inn med løyving på 78 mill. kr i 2021 og 50 mill. kr i 2022.

Oversyn investeringsopplegg 2021- 2024

Under er oversynstabell med investeringar pr. sektor for presentert opplegg for perioden 2021- 2024.

Sektorar / tal i 1000kr	Sum 2021- 2024	2021	2022	2023	2024
Fylkesveg, inkl. tunellar og rassikring	10 823 176	2 514 531	3 211 588	2 933 278	2 163 779
Kollektiv, inkl. bybane	3 525 300	1 949 900	1 072 600	251 400	251 400
Opplæring	3 404 673	737 123	854 250	933 700	879 600
Fellesfunksjonar	1 113 000	464 000	464 000	106 000	79 000
Tannhelse	99 100	14 200	19 200	20 200	45 500
Regional utvikling	80 000	10 000	10 000	10 000	50 000
Kultur	32 000	3 000	3 000	23 000	3 000
SUM	19 077 249	5 692 754	5 634 638	4 277 578	3 472 279

Under er dei 3 investeringsprogramma presentert. Desse er i samsvar med:

- Tidlegare presenterte tal
- Oppdaterte tal for framdrift og kostnadsestimat
- I tråd med gjeldande handlingsreglar; gjeldsgrad

I tillegg til tal og tekst er det under tabellane kort gjort greie for moment ved einskilde prosjekt dersom det er vesentlege endringar eller nye moment i høve til det som vart presentert i arbeidsdokument 2/20 i finansutvalet i mai. Dei prosjekta som finansutvalet har bedt om særskilt handsaming på er det gjort greie for over i høve til korleis prosjekta er innarbeida i dei ulike investeringsprogramma.

Investeringsprogram bygg og eigedom

Investeringar (tal i 1000kr)	Sum 2021- 2024	2021	2022	2023	2024
Fellesfunksjonar	1 113 000	464 000	464 000	106 000	79 000
Eigenkapitalinnskott KLP	30 000	7 500	7 500	7 500	7 500
Ei-bilar	8 800	2 200	2 200	2 200	2 200
Fylkeshuset Bergen– Ombygg/oppr	825 000	400 000	400 000	25 000	0
Fylkeshuset Leikanger - rehab	77 000	0	15 000	32 000	30 000
Tiltak gang- og sykkeltiltak, fylk.kom bygg	26 400	6 600	6 600	6 600	6 600
IT-investeringar	130 800	32 700	32 700	32 700	32 700
Skilting, bygg	15 000	15 000	0	0	0
Opplæring	3 404 673	737 123	854 250	933 700	879 600
Ombygging/rehab/mindre tilbygg	389 200	97 300	97 300	97 300	97 300
Utstyr og IT på skulane	149 600	37 400	37 400	37 400	37 400
Askøy vgs	622 000	190 000	210 000	180 000	42 000
Austrheim vgs	6 000	0	0	0	6 000
Bømlo vgs	21 000	4 000	17 000	0	0
Dale vgs - rehab/omb verkstadbygg	24 000	0	0	10 000	14 000
Eid vgs - nytt undervisningsareal	41 400	8 000	10 000	10 000	13 400

Firda vgs - rehab fløy D Aulabygg	18 000	0	0	8 000	10 000
Førde vgs./campus Førde	753 000	90 000	260 000	263 000	140 000
Knarvik vgs	6 000	0	0	0	6 000
Kvam nybygg fase 1	59 000	1 000	20 000	38 000	0
Kvam nybygg fase 2	6 000	0	0	0	6 000
Laksevåg MBS vgs og Fagskule	115 000	0	0	15 000	100 000
Langhaugen vgs	179 000	15 000	40 000	75 000	49 000
Mo og Øyrane - vassforsyning MO	1 361	1 361	0	0	0
Mo og Øyrane vgs - internat mm.	54 500	5 000	16 000	33 500	0
Mo og Øyrane vgs - nytt verkstadbygg	59 050	35 000	24 050	0	0
Måløy vgs - blokk A og D	57 000	30 000	27 000	0	0
Måløy vgs - ny akvahall	20 000	5 000	15 000	0	0
Måløy vgs, Nytt opplæringsfartøy	128 000	78 000	50 000	0	0
Skulebruksplan - planmidlar	14 000	3 500	3 500	3 500	3 500
Slåtthaug vgs	106 000	0	6 000	20 000	80 000
Sogn jord- og hagebr. - rehab. fjøs-og verkstad	4 000	0	0	0	4 000
Sogndal vgs - bil/idrettshall	6 000	6 000	0	0	0
Sogndal vgs - rehab badebasseng	7 000	0	0	2 000	5 000
Sogndal vgs avd. Kaup. og Vitensenter	81 562	81 562	0	0	0
Sotra vgs	132 000	0	16 000	16 000	100 000
Stord vgs	260 000	15 000	5 000	120 000	120 000
Årdal vgs - rehab	19 000	0	0	3 000	16 000
Årstad vgs	32 000	0	0	2 000	30 000
Åsane vgs	34 000	34 000	0	0	0
Tannhelse	99 100	14 200	19 200	20 200	45 500
Tannklinikk Sogndal	27 300	0	0	1 000	26 300
Tannklinikkar	35 000	5 000	10 000	10 000	10 000
Utstyr tannhelsetenesta	36 800	9 200	9 200	9 200	9 200
Kultur	32 000	3 000	3 000	23 000	3 000
Gulatinget	20 000	0	0	20 000	0
Restaurering av verneverdige f.k. bygg	12 000	3 000	3 000	3 000	3 000
Regional utvikling	80 000	10 000	10 000	10 000	50 000
Oppgradering fiskerihamner	40 000	10 000	10 000	10 000	10 000
Bømlo fiskerihamn	40 000	0	0	0	40 000
SUM	4 728 773	1 228 323	1 350 450	1 092 900	1 057 100

Hovudmoment

- Laksevåg vgs vert realisert som planlagt, men er forskyvd ut om lag 2,5 år.
- Askøy vgs er lagt inn med noko forseinka framdrift grunna rekkjefølgjekrav.
- Førde vgs har noko raskare framdrift.
- Nytt fylkeshus har noko forseinka framdrift, mellom anna grunna asbestsanering.
- Opplæringsfartøy, Måløy vgs ligg inne med opphavlege summar, men framdrift og kostnad avheng av anskaffingsprosjektet.
- Eigenkapitalinnskot KLP er avhengig av utfall av anbodskonkurranse innan pensjon.

Investeringar (tal i 1000kr)	Sum 2021-2024	2021	2022	2023	2024
Bompengepakkar	4 311 458	1 145 482	1 337 469	1 092 628	735 879
Byvekstavt. (Miljøløftet) fylkesveg eks BB	1 433 950	403 625	402 150	329 525	298 650
Bømlopakken	16 500	16 500	0	0	0
Askøypakken	900 000	225 000	240 000	220 000	215 000
Nordhordlandspakken	844 808	218 957	245 919	218 203	161 729
Førdepakken	956 200	271 400	399 400	274 900	10 500
Framtidige bompengepakkar	160 000	10 000	50 000	50 000	50 000
Store investeringsprosjekt	811 200	93 400	341 000	361 800	15 000
Fv. 698 Blaksetunnelen Ferjeavløysing Ytre Steinsund bru	43 400	43 400	0	0	0
Fv. 614 Svelgen - Indrehus Ferjeavløysing - Atløysambandet	752 800	50 000	341 000	361 800	5 000
	5 000	0	0	0	5 000
	10 000	0	0	0	10 000
Tunellrehabilitering	1 680 700	275 600	556 000	406 250	442 850
Tunnelar - utbetring etter tunnelsikkerhetsforskrifta	1 181 000	130 100	399 000	310 450	341 450
Tunnelar fv. 53 i Årdal	178 000	0	67 000	71 000	40 000
Fv. 303 Seimsdalstunnelen	260 300	145 500	90 000	24 800	0
Følgefonnstunnelen	61 400	0	0	0	61 400
Mindre utbetringar	1 026 978	345 059	264 719	207 300	209 900
Fv. 564 Austevollbrua	20 978	10 659	10 319	0	0
Fv. 161 Åsen - Helleskaret	118 000	41 000	62 200	14 800	0
Fv. 7 Øystese - Ålvik - Granvin	113 000	20 000	23 000	30 000	40 000
Fv. 611 Sæle - Engebø	123 000	0	60 000	63 000	0
Fv. 57 Dale-Storehaug	61 900	61 900	0	0	0
Bruer og kaier	268 400	96 500	76 500	23 200	72 200
Mindre utbetringar	321 700	115 000	32 700	76 300	97 700
Gang- og sykkelveg	225 350	127 350	54 900	22 200	20 900
Gang og sykkel	158 750	76 850	40 100	20 900	20 900
Fv. 548 Brandsøyvegen (refusjon)	3 900	1 300	1 300	1 300	0
Fv. 614 Breivika - Svelgen	5 200	5 200	0	0	0
Fv. 607 Heggebø - Leirvik	14 000	14 000	0	0	0
Fv. 548 Brandsøy - Solheim	43 500	30 000	13 500	0	0
Trafikktryggingstiltak	146 000	42 500	34 500	34 500	34 500
Trafikktryggingstiltak	146 000	42 500	34 500	34 500	34 500
Kollektivtrafikktiltak	87 600	21 900	21 900	21 900	21 900
Kollektivtiltak	87 600	21 900	21 900	21 900	21 900
Miljø og servicetiltak	24 400	6 100	6 100	6 100	6 100
Miljø og service	24 400	6 100	6 100	6 100	6 100
Planlegging	90 800	24 800	22 000	22 000	22 000

Planprogram	90 800	24 800	22 000	22 000	22 000
Øvrig	264 550	74 600	71 100	63 100	55 750
Refusjonar	164 150	50 000	46 500	37 500	30 150
Grunnerverv/avslutning av prosjekt	90 400	22 100	22 100	23 100	23 100
Justerings mva. (refusjon)	6 000	1 500	1 500	1 500	1 500
Utstyrskjøp INV	4 000	1 000	1 000	1 000	1 000
Skredsikring	2 154 140	357 740	501 900	695 500	599 000
Mindre rassikringstiltak	521 200	52 000	89 700	210 500	169 000
Fv 500 Folgefonntn-Årsnes, byggtr	290 000	80 000	80 000	100 000	30 000
Fv. 49 Tokagjelet	215 000		15 000	50 000	150 000
Fv. 722 Flovegen	250 300	133 100	82 200	35 000	0
Fv. 53 Ljoteli	125 000	90 000	35 000	0	0
Fv. 55 Bru over Esefjorden	750 000		200 000	300 000	250 000
FV. 5631 Øyni bru	2 640	2 640			
Sum investering fylkesveg	10 823 176	2 514 531	3 211 588	2 933 278	2 163 779

Hovudmoment

Under er det ført opp vesentlege endringar og nye moment for investeringsprogrammet for veg. Dette i høve til det som vart presentert i arbeidsdokument 2 i mai- møtet i finansutvalet.

- Forskyving i tunneloppgradering (tertialrapport 2/20), reduksjon på 11,9 mill. kr
- Flytting av investeringsprosjekt frå MOK – Ranavik hurtigbåtkai, påplussing 10,0 mill. kr.
- Svelgen - Indrehus – auke med 1,9 mill. kr i 2024.
- Oppretting – feil bompengar, auke med 187,0 mill. kr
Oppretting av feil i bompengar skuldast at det var lagt inn for lågt beløp på bompengar og at låneramma var tilsvarande høgare. Dette er no oppretta ved at vedteken låneramme er vidareført, noko som gjev grunnlag for eit auka investeringsnivå. Auken er hovudsakleg lagt til tunnelrehabilitering i 2023 og 2024.
- Endring i kommunale tilskot på 66 mill. kr til investeringar til veg.
- For bompengepakkar er det ikkje endringar i høve til det som tidlegare er presentert.
- Store investeringsprosjekt: Totalkostnad for prosjekt Ytre Steinsund er endra; auke på 25 mill. kr som gjev ein totalkostnad på 754 mill. kr.
- Tunellrehabilitering: Løyvinga er redusert med 170,1 mill. kr i 2021 mellom anna knytt til tunnelane på fv. 53 i Årdal som har forseinka framdrift. Løyvinga i 2022 er auka med 165,8 mill. kr.
- Mindre utbetringar: Åsen – Helleskaret er auka med 8 mill. kr i 2021 og 22,2 mill. kr i 2022.
- Bruer og kaier: Det er sett av 96,5 mill. kr til bruer og kaier i 2021. Av dette er 77,5 mill. kr bunde i pågåande prosjekt, og 19 mill. kr i nye prosjekt.
- Mindre utbetringar: Denne posten er slått saman av tidlegare løyvingar til forsterking, strekningsvise utbetringar, spleiselag, øvrige mindre utbetringar og prosjektering framtidige tiltak.
- Gang- og sykkelveg: Den samla ramma til gang- og sykkelveg er auka med 27,75 mill. kr i 2021 og 16,2 mill. kr i 2022.
- Trafikktryggingstiltak: Den samla ramma til trafikktryggingstiltak er auka med 8 mill. kr til 42,5 mill. kr. Auken er knytt til kommunale tilskot.
- Miljø og servicetiltak: Det er sett av 6,1 mill. kr til dette området i 2021.
- Planlegging: Ramma til planlegging er auka med 3 mill. kr. Auken er knytt til prosjektet fv. 55 Bru over Esefjorden.
- Skredsikring: Det vert lagt opp til å nytte heile tildelinga til skredsikringsprosjekt over perioden. Ramma er auka med 176,4 mill. kr, og dette er knytt til overført mindreforbruk frå perioden før 2020.

I vedlegg til SAMO er notat der det er gått meir detaljert inn på kva som ligg i dei ulike pottane og på dei ulike områda innanfor investeringsprogrammet for veg.

Investeringsprogram kollektiv

Investeringar (tal i 1000kr)	Sum 2021- 2024	2021	2022	2023	2024
Mobilitet og kollektiv	3 525 300	1 949 900	1 072 600	251 400	251 400
Ferjekontraktar - ladeinfrastruktur	6 000	6 000	0	0	0
Ulike investeringstiltak kollektivområdet	120 000	50 000	30 000	20 000	20 000
Bybanen i Bergen – Vognmateriell	113 300	18 900	94 400	0	0
Bybanen – Byggjesteg 4	3 179 600	1 848 400	921 600	204 800	204 800
Bybanen – Byggjesteg 5	82 000	20 500	20 500	20 500	20 500
Terminalbygg/sjåførbygg og fasilitetar kollektiv	24 400	6 100	6 100	6 100	6 100
Sum investering	3 525 300	1 949 900	1 072 600	251 400	251 400

Hovudmoment

- I høve til det som vart presentert i arbeidsdokument 2 er det for *ulike investeringstiltak kollektivområdet* flytta 10 mill. kr i budsjettmidlar for både 2023 og 2024 til 2021; grunna større behov tidlegare i perioden.
- Når det gjeld prosjektet som går på elektrifisering av ferjene så skulle dette prosjektet vore ferdig i løpet av 2020. Det er likevel behov for ei sluttløyving på 6 mill. kr til prosjektet i 2021. Totalramma til prosjektet er ikkje endra på grunn av dette.

Finansiering investeringsbudsjett

Oversyn

Finansiering (tal i 1000kr)	Sum 2021- 2024	2021	2022	2023	2024
Bompengar	3 681 787	1 489 028	1 157 891	634 211	400 657
Tilskot	1 858 200	1 024 650	587 250	133 650	112 650
Fondsmidlar	791 900	490 100	55 000	133 400	113 400
Lånemidlar	7 282 122	1 403 805	2 256 229	2 013 621	1 608 466
Mva. kompensasjon	3 015 240	748 171	891 268	765 696	610 106
Salsinntekter	300 000	0	150 000	60 000	90 000
Driftsmidlar til investering	2 148 000	537 000	537 000	537 000	537 000
Sum Finansiering	19 077 249	5 692 754	5 634 638	4 277 578	3 472 279

Gjeldsgrad

Forslaget til investeringsbudsjett som ligg føre er innanfor vedteken gjeldsgradsgrense på 115%. I 2023 og 2024 vil ein kome nokså nær denne grensa med føreliggjande forslag. Eit avgjerande punkt for korleis ein kjem ut, vil vere kor stor nominell vekst ein får i inntektene dei siste åra i økonomiplanperioden.

Gjeldsgrad og investeringsprosjekt med særskilt finansiering

Finansutvalet i samband med handsaming av arbeidsdokument 3/20, 18. juni 2020, fylkesrådmannen si orientering om investeringsprosjekt som har særskilt finansiering opp mot den vedteke gjeldsgradsgrensa på 115 %. I arbeidsdokumentet nemnde fylkesrådmannen at dette skal vurderast i det vidare arbeidet med investeringsbudsjettet.

I samband med handsaming av Prp. 105 S (2019-2020) Kommuneproposisjonen gjorde Stortinget følgjande vedtak, jf. Innst. 383 S (2019-2020):

«Stortinget ber regjeringen oppdatere retningslinjene for fergeavløsningsordningen slik at fergesamband som består av flere strekninger der det bare er aktuelt å avløse deler av sambandet, beregnes som om hele fergesambandet avløses, så lenge hele sambandet legges ned.»

«Stortinget ber regjeringen om at det legges fram en egen tilskuddsordning i forbindelse med fergeavløsningsordningen som kan avhjelpe rentekostnadene de første årene etter at et

fergeavløsningsprosjekt er ferdigstilt, og komme tilbake med endringsforslagene i forslaget til statsbudsjett for 2021.»

Fylkesrådmannen reknar med at Regjeringa kjem med oppdaterte retningslinjer og oppdatert tilskotsordning i statsbudsjettet for 2021 som vert lagt fram i oktober.

Før ein arbeider vidare med korleis ferjeavløsningsprosjekta skal vurderast opp mot gjeldsgraden på 115%, vil fylkesrådmannen ha oversyn over Regjeringa sine forslag i statsbudsjettet, jf. Stortinget sine vedtak ovanfor.

3 Sektorspesifikt driftsbudsjett

OPPLÆRING OG KOMPETANSE

3.1 Sektorbudsjett - løyvningsnivå

Tabell med driftsutgifter, driftsinntekter og netto driftsutgifter.

		Alle tal i 1000 kr	
Løyvningsnivå		Budsjett 2020	Budsjett 2021
Vidaregåande opplæring i skule inkludert særskilt tilrettelagt opplæring	Brutto driftsutgifter	2 859 785	2 824 312
	Driftsinntekter	- 74 400	- 104 400
	Netto driftsutgifter	2 785 385	2 719 912
Vidaregåande opplæring for vaksne	Brutto driftsutgifter	78 937	76 637
	Driftsinntekter	-	-
	Netto driftsutgifter	78 937	76 637
Fagskule	Brutto driftsutgifter	144 487	141 987
	Driftsinntekter	- 123 200	- 123 200
	Netto driftsutgifter	21 287	18 787
Andre føremål opplæring	Brutto driftsutgifter	109 356	108 756
	Driftsinntekter	- 68 800	- 68 800
	Netto driftsutgifter	40 556	39 956
Opplæring i bedrift	Brutto driftsutgifter	544 414	581 014
	Driftsinntekter	- 25 200	- 25 200
	Netto driftsutgifter	519 214	555 814
Administrasjon av opplæring og kompetanse	Brutto driftsutgifter	32 843	30 116
	Driftsinntekter	-	-
	Netto driftsutgifter	32 843	30 116
Sum	Brutto driftsutgifter	3 769 822	3 762 822
	Driftsinntekter	- 291 600	- 321 600
	Netto driftsutgifter	3 478 222	3 441 222

Kolonna for budsjett 2020 viser opphavleg budsjett 2020 justert for tekniske endringar.

For budsjett 2021 er driftsinntekter under kvart løyvingnivå førebels vidareført på same nivå som i 2020, med unntak inntekter frå fond knytt til resultatoverføringa. Dette salderingstiltaket aukar inntektsnivået under løyvingnivået for vidaregåande skular med 30 mill. kr, jf. utfyllande omtale i pkt. 5

3.2 Kort omtale av dei ulike løyvingnivåa

Løyvingnivå Vidaregåande opplæring i skule inkludert særskilt tilrettelagt opplæring
Løyvinga omfattar midlar til drift av pedagogisk verksemd på dei vidaregåande skulane basert på vedteke opplæringstilbod, spesialundervisning og særskilt tilrettelagt opplæring, landsliner, gardsdrift, internat, rettleiingsteneste, produksjonsskule og fellesutgifter og administrasjon knytt til skulane og avdeling for opplæring og kompetanse.

Løyvingnivå Opplæring i bedrift

Løyvinga omfattar midlar til tilskot til lærebedrifter, vg3 i skule som alternativ til opplæring i bedrift, instruktøropplæring, restteori for lærlingar og lære kandidat, stimuleringstiltak i fag- og yrkesopplæring, tilpassa opplæring i bedrift, opplæring av prøvenemnder og fag- og sveineprøvar og kompetanseprøvar.

Løyvingnivå Vidaregåande opplæring for vaksne

Løyvinga omfattar midlar til vidaregåande opplæring for vaksne.

Løyvingnivå Fagskule

Løyvinga omfattar midlar til fylkeskommunalt tilskot til eigne fagskular. I tillegg kjem statleg tilskot til eigne og eksterne fagskular.

Løyvingnivå Andre føremål opplæring

Løyvinga omfattar midlar til opplæring i sosiale og medisinske institusjonar, grunnskuleopplæring for barn og ungdom som bur i institusjon, privatisteksamen, fylkeskommunalt driftstilskot til Manger folkehøgskule, Elevorganisasjonen og «PitStop».

Løyvingnivå Administrasjon av opplæring og kompetanse

Løyvinga omfattar drift av leiings- og stabsfunksjonar i avdeling for opplæring og kompetanse.

Klimaeffektar

Opplæringssektoren sitt klimafotavtrykk kjem i hovudsak frå bygg og infrastruktur (30 %) og forbruksmateriell og utstyr (30%). Sterkare klima- og miljøkrav kan redusere klimafotavtrykket frå desse to punkta. Auka bruk av miljømerka produkt og sirkulær økonomi kan få ned utslepp frå forbruksmateriell.

Transport med eigne køyretøy står for 9 % av klimafotavtrykket. Dette gjeld både persontransport og tyngre køyretøy og anleggsmaskiner. Vidaregåande skule sitt dieselbruk utgjorde 58 % av Vestland sør (tidl. Hordaland) sitt totale dieselbruk i 2019 og var på 552 tonn CO₂-ekvivalentar. Auka bruk av nullutsleppsteknologi kan redusere desse klimagassutsleppa og bidra til nullutsleppsmålet i Vestland. Overgang til nullutsleppsteknologi vil krevje investeringar i nytt materiell.

Det er lagt til grunn i budsjettet at auka bruk av digitale møteplassar og andre former for digitale verktøy fører til redusert reiseverksemd både for skulane, rettleiingstenestene og for tilsette i avdeling for opplæring og kompetanse.

Skuleruta og skuleskyss er samordna med kommunane i fylket, noko som bidreg positivt i arbeidet med å redusere klimagassutslepp frå kollektivtransport. Energibruken står for 12 % av klimafotavtrykket.

3.3 Endringar frå 2020 til 2021 – tekniske justeringar

Løyvingsnivå Vidaregåande opplæring i skule inkludert særskilt tilrettelagt opplæring
Løyvinga er redusert med 1,273 mill. kr som følgje av innsparingskrav knytt til internasjonalisering.

Løyvingsnivå Administrasjon av opplæring og kompetanse

I budsjettarbeidet for 2020 var innsparingskrav knytt til internasjonalisering med 1,273 mill. kr ein del av salderinga. Innsparingstiltaket gjeld dei vidaregåande skulane og er difor flytta til løyvingsnivå vidaregåande opplæring i skule inkludert særskilt tilrettelagt opplæring.

Salderingsbehov

Salderingsbehovet for opplæring og kompetanse i 2021, samanlikna med opphavleg budsjett 2020, er rekna til 82,4 mill. kr.

Innsparingsbehov opplæring og kompetanse samanlikna med opphavleg budsjett 2020	2021
Auke tilskot til lærebedrifter/vg3	37,0
Auke fagprøvar	3,0
Reduksjon gjesteelevar	-3,0
Vedteken auke opplæringstilbodet skuleåret 2020-2021, ut over økonomisk ramme	4,6
Bortfall av kompensasjon for bruk av privat mobiltelefon for sterk autentisering som følgje av etablering av alternativ løysing frå hausten 2020	-1,2
Utfasing av ekstratilskot NDLA i samsvar med innmeldt behov	-1,2
Undervisningsutstyr skulane, reversere kortsiktig innsparingstiltak i 2020	6,2
Innsparingskrav i øk planperioden	37,0
Totalt innsparingsbehov	82,4

Salderingsbehovet i sektoren er aukande i økonomiplanperioden til 107 mill. kr i 2022, 141 mill. kr i 2023 og 178 mill. kr i 2024. Ulikt dei andre sektorane har fleire av tiltaka i opplæringssektoren halvårsverknad fyrste året i og med at mange tiltak vert sette i verk frå hausthalvåret. Heilårsverknaden kjem dermed dei påfølgjande åra.

Nærare omtale av salderingsbehovet:

- Årsprognosen for tilskot til lærebedrifter i 2020 tyder på eit meirforbruk på 42 mill. kr i høve opphavleg budsjett. Meirforbruket har samanheng med inngåing av lærekontraktar i den ikkje lovpålagde ordninga «fagbrev på jobb», og manglande kompensasjon for auke i tal lærekontraktar og prisvekst. Behovet i 2021 er stipulert til ein auke på 37 mill. kr i høve opphavelg budsjett 2020.
- Årsprognosen for fagprøvar i 2020 tyder på eit meirforbruk på 3 mill. kr i høve opphavelg budsjett 2020. Det er lagt til grunn vidareføring av dette nivået i budsjettet for 2021.
- Årsprognosen for gjesteelevar i 2020 tyder på eit mindreforbruk på 3 mill. kr i høve opphavelg budsjett 2020. Det er lagt til grunn vidareføring av dette nivået i budsjettet for 2021.
- I OPPKO-sak 28/2020 vart det oppretta 4,5 klassar ut over den økonomiske ramma avsett til opplæringstilbodet skuleåret 2020-2021. I vedtaket var det føresett finansiering ved mindreforbruk grunna Covid 19 pandemien: Skulefrukost, kurs og reiseverksemd, redusert bruk av meningokokkvaksine. Utvidinga av klassetalet er rekna til ein årskostnad på om lag 8,5 mill.kr. Kostnaden våren 2021 vil vere om lag 4,6 mill. kr. Det er fylkesdirektøren si vurdering at det ikkje er grunnlag for å redusere skulebudsjetta i 2021 grunna Covid 19. Det er difor lagt til grunn at auken i klassetalet ikkje er finansiert innanfor den økonomiske ramma. Auken i klassetal er ikkje vidareført

i økonomiplanperioden.

- Bortfall av tidlegare ordning med kompensasjon for bruk av privat mobiltelefon for sterk autentisering, som følgje av etablering av alternativ løysing frå hausten 2020, bidreg til å redusere salderingsbehovet i sektoren.
- Utfasing av ekstratilskot til digitale læremiddel NDLA i perioden 2020-2022, som følgje av fagfornyninga bidreg til å redusere salderingsbehovet i sektoren.
- For å saldere budsjettet for 2020 vart tidlegare løyving i driftsbudsjettet, 6,2 mill. kr, til undervisningsutstyr på dei vidaregåande skulane teke bort. Det er stort behov for undervisningsutstyr på skulane og salderinga var difor meint som eit eittårig tiltak. Det er lagt til grunn at løyvinga til undervisningsutstyr vert lagt inn i budsjettet frå 2021.
- I samband med fagfornyninga og nye læreplanar er det auka behov for kjøp av læremiddel på skulane. På bakgrunn av dei økonomiske utfordringane sektoren står overfor i økonomiplanperioden har fylkesdirektøren ikkje funne rom for å auke løyvinga til dette føremålet.
- For å møte fylkeskommunen si økonomiske utfordring er det i økonomiplanperioden lagt til grunn ein årleg auke i innsparingskrav for opplæring og kompetanse på 37 mill. kr, totalt 148 mill. kr i økonomiplanperioden.

3.4 Innarbeidde salderingstiltak: 82,4 mill. kr

I arbeidsdokument 3/20 frå fylkesrådmannen til finansutvalet presenterte fylkesrådmannen aktuelle salderingstiltak knytt til opplæring og kompetanse, delt inn i tre bolkar:

- U0: ferdig utgreidde tiltak/tiltak som ikkje krev utgreiing
- U1: Tiltak ferdig utgreidd hausten (nov) 2020
- U2: tiltak ferdig utgreidd våren (mai) 2021

Salderinga av det prognostiserte meirforbruket for sektoren i 2020 er i hovudsak gjort med kortsiktige tiltak knytt til nedtrekk på skulebudsjetta. Over tid vil ei slik løysing kunne gje negative verknader for kvaliteten på opplæringa. Med ei drift som ikkje er fullfinansiert og med aukande innsparingskrav utover i økonomiplanperioden er det, etter fylkesdirektøren si vurdering, avgjerande å få på plass omfattande salderingstiltak med langsiktig verknad. Grunnlaget for prioriteringane i framlegget til budsjett 2021 og økonomiplan 2021-2024 er lovpålagde oppgåver (kjerneverksemda) og den nasjonale målsettinga om auka gjennomføring av vidaregåande opplæring. Budsjettframlegget er difor i hovudsak saldert ved å redusere omfanget av ikkje lovpålagde tiltak.

Etter fylkesdirektøren si vurdering vil det vere uråd å møte det framtidige salderingsbehovet utover i økonomiplanperioden utan å vurdere kostnadsreducerande tiltak som m.a. endringar i breidda i opplæringstilbodet - tilbodsvifta.

Følgjande salderingstiltak er innarbeidde i framlegget til budsjett og økonomiplan i prioritert rekkefølge (tiltaket med prioritet 1 er det tiltaket som, etter fylkesdirektøren si vurdering, gir minst negative konsekvensar):

Prioritering	Løyvingsnivå	Salderingstiltak (82,4 mill. kr)	2021
1	Administrasjon av opplæring og kompetanse	U0: Avdeling for opplæring og kompetanse - vakansar og redusert reiseverksemd grunna digitalisering	4,0
2	Vidaregåande opplæring i skule inkludert særskilt tilrettelagt opplæring	U0: Bruk av akkumulert disposisjonsfond/resultat 2020 skulane	30,0

3	Vidaregåande opplæring i skule inkludert særskilt tilrettelagt opplæring	U0: Tilskot til toppidrett - redusert tilskot	1,0
4	Vidaregåande opplæring i skule inkludert særskilt tilrettelagt opplæring	U0: Elev-Pc-ordninga - auka eigenbetaling	1,9
5	Vidaregåande opplæring i skule inkludert særskilt tilrettelagt opplæring	U0: Skulepsykologar	2,9
6	Vidaregåande opplæring i skule inkludert særskilt tilrettelagt opplæring	U0: Meningokokkvaksine for vg1-elevar	2,1
7	Vidaregåande opplæring i skule inkludert særskilt tilrettelagt opplæring	U0: Skulefrukost	10,0
8	Vidaregåande opplæring i skule inkludert særskilt tilrettelagt opplæring	U1: Tilskot til toppidrett (tilbod til toppidrettsutøvarar) - alternativ organisering	1,2
9	Vidaregåande opplæring i skule inkludert særskilt tilrettelagt opplæring	U1: Fylkeskommunalt tilskot til Produksjonsskulen Hardanger	2,2
10	Andre føremål opplæring	U1: Tilskot til drift av Manger folkehøgskule	0,6
11	Vidaregåande opplæring i skule inkludert særskilt tilrettelagt opplæring	U1: Sommarskule/leksehjelp	1,1
12	Vidaregåande opplæring i skule inkludert særskilt tilrettelagt opplæring	U1: Fagnettverk	1,4
13	Vidaregåande opplæring i skule inkludert særskilt tilrettelagt opplæring	U2: Fylkeskommunalt driftstilskot til internat	0,5
14	Vidaregåande opplæring i skule inkludert særskilt tilrettelagt opplæring	U2: Ressurs til bibliotekar + stilling koordinator skulebibliotek	2,1
15	Vidaregåande opplæring i skule inkludert særskilt tilrettelagt opplæring	U1: YSK/TAF-tilbod	2,1
16	Vidaregåande opplæring i skule inkludert særskilt tilrettelagt opplæring	U2: Rådgjeverressurs (ut over avtalefesta nivå)	0,5
17	Vidaregåande opplæring i skule inkludert særskilt tilrettelagt opplæring	U2: Produksjonsskulen Hyssingen	3,7
18	Fagskule	U2: Fylkeskommunalt driftstilskot til eigne fagskular	2,5
19	Vidaregåande opplæring for vaksne	U2: Vidaregåande opplæring for vaksne	2,3
20	Vidaregåande opplæring i skule inkludert særskilt tilrettelagt opplæring	U2: Arbeidslivskontakt	1,7
21	Vidaregåande opplæring i bedrift	U2: Tilskot til lærebedrifter for lærlingar med meir enn eitt fagbrev	3,4

22	Vidaregåande opplæring i skule inkludert særskilt tilrettelagt opplæring	U2: Digital pedagogisk ressurs ved dei vidaregåande skulane	1,8
23	Vidaregåande opplæring i skule inkludert særskilt tilrettelagt opplæring	U2: Miljøkoordinator	1,9
24	Vidaregåande opplæring i skule inkludert særskilt tilrettelagt opplæring	U0: Redusere driftsløyving til undervisningsutstyr skulane	1,4
		Sum salderingstiltak	82,4

Nærare om salderingstiltaka - konsekvensar:

- 1. U0: Avdeling for opplæring og kompetanse - vakansar og redusert reiseverksemd grunna digitalisering**
 Det er lagt til grunn ei innsparing på 4 mill. kr som følgje av vakante stillingar og redusert reiseverksemd som følgje av auka bruk av digitale møteplassar og andre former for digitale verkøy.
- 2. U0: Reduksjon/bruk av akkumulert disposisjonsfond/resultat 2020 skulane**
 Det er berekna å nytte 35% av avsette fondsmidlar pr 31.12.2019. Tiltaket gir full økonomisk effekt i 2021, men er eit eingongstiltak som ikkje gir langsiktig innsparingsverknad. Ordninga med resultatoverføring er meint å gje skulane større handlingsrom, eit meir langsiktig perspektiv og høve til å styre mot planlagde over-/underskot det einskilde år. Salderingstiltaket kan skape uvisse med omsyn til resultatoverføringsordninga og slik undergrave den positive effekten av ordninga.
- 3. U0: Tilskot til toppidrett - redusert tilskot**
 Redusere løyvinga til tilskot toppidrett med 1 mill. kr i 2021. Årleg har 850 elevar i tidlegare Hordaland tilbod om toppidrett. 150 av desse kjem inn under tilbodet som er i regi av Olympiatoppen-Vest. Det er årleg sett av om lag 8,5 mill. kr til tilbod i toppidrett, av dette er om lag 7,5 mill. kr øyremerka tiltak i regi av Olympiatoppen-Vest. Fylkesdirektøren si vurdering er at dette er svært høg ressursbruk på få elevar. Salderingstiltaket vil redusere Olympiatoppen-Vest sitt handlingsrom.
- 4. U0: Elev-Pc-ordninga - auka eigenbetaling**
 Eigenbetalinga for elevar som kjøper elev-PC gjennom fylkeskommunen si ordning er fastsett til kr 2 000. Fylkeskommunen har høve til å ta eigenbetaling tilsvarande tre gonger lågaste utstyrsstipend frå lånekassen (kr 1 071 i 2020). Auka eigenbetaling tilsvarande tre gonger lågaste utstyrsstipend er stipulert til ei årleg innsparing på 1,9 mill. kr.
- 5. U0: Skulepsykologar**
 Det er budsjettert med 6,5 mill. kr til psykologteam som skal bistå dei fylkeskommunale skulane i Vestland i arbeidet med å betre det psykososiale miljøet. Psykologteamet er organisert som ein del av rettleiingstenesta. Fylkesdirektøren legg til grunn at skulane og rettleiingstenestene vil ivareta arbeidet med å fremje det psykososiale læringsmiljøet.
- 6. U0: Meningokokkvaksine for vg1-elevar**
 Løyvinga til vaksine for vg1-elevar, 2,1 mill. kr årleg, føreset at kommunane dekkjer halvparten av kostnaden ved vaksinerings. Salderingstiltaket inneber at løyvinga til vaksine for elevar vert teke bort og at kommunane ikkje får tilskot til vaksinerings av elevar.
- 7. U0: Skulefrukost**
 Det er sett av 10 mill. kr årleg til å dekke råvarer som trengst til frukosttilbod. Salderingstiltaket inneber at tilbodet om gratis frukost for elevane fell bort.
- 8. U1: Tilskot til toppidrett (tilbod til toppidrettsutøvarar) - alternativ organisering**
 Salderingstiltaket omfattar resterande tilskot til Olympiatoppen Vest (7,5 mill. kr) og tilskot

til spissa idrettstilbod for potensielle toppidrettsutøvarar (0,75 mill. kr). Salderingstiltaket krev nærare utgreiing.

9. U1: Fylkeskommunalt tilskot til Produksjonsskulen Hardanger
Produksjonsskulen gjev alternative tilbod til ungdom med rett som ikkje er i eit opplæringsløp. Målsettinga er å få ungdom tilbake i opplæring eller arbeid. Produksjonsskulen Hardanger vart starta opp hausten 2018. Det er budsjettert med 4,8 mill. kr årleg til tilbodet. Tilbodet er delfinansiert av statlege midlar ut skuleåret 2020-2021. Tilbodet skal evaluerast hausten 2020. Vidareføring av tilbodet føreset auke i fylkeskommunale midlar med om lag 5 mill. kr. Salderingstiltaket inneber at tilbodet vert teke bort. Salderingstiltaket krev nærare utgreiing.
10. U1: Tilskot til drift av Manger folkehøgskule
Fylkeskommunen eig og driv Manger folkehøgskule. Det er årleg budsjettert med eit fylkeskommunalt tilskot på 1,3 mill. kr. Salderingstiltaket inneber at det fylkeskommunale tiltaket fell bort. Det er sett i gang utgreiing av alternative eigarformer Salderingstiltaket krev nærare utgreiing.
11. U1: Sommarskule/leksehjelp
Sommarskule/leksehjelp er gratis tilbod til elevar og lærlingar i offentleg vidaregåande skule, med målsetting å auke gjennomføringa i vidaregåande opplæring. Det er sett av om lag 1,1 mill kr til tilbodet. Salderingstiltaket inneber at tilbodet om sommarskule/leksehjelp fell bort. Salderingstiltaket krev nærare utgreiing.
12. U1: Fagnettverk
Fagnettverka skal identifisere og kartlegge behov for kompetanseutvikling, tilby fagleg-pedagogiske kurs og kompetansetiltak, drøfte og løfte sentrale problemstillingar knytt til utvikling av fagområda og styrke samarbeidet mellom vidaregåande opplæring og arbeidslivet/eksterne kompetansemiljø. Det er i 2020 budsjettert med 6,2 mill. kr til føremålet. Salderingstiltaket inneber ei halvering av løyvinga. Salderingstiltaket krev nærare utgreiing.
13. U2: Fylkeskommunalt driftstilskot til internat
Fylkeskommunen eig og driv internat ved tre vidaregåande skular. Det er sett av 2,2 mill. kr årleg til føremålet. Salderingstiltaket inneber at driftstilskotet vert teke bort, noko som kan medføre auka eigenbetaling for elevar som bur på internat. Salderingstiltaket krev nærare utgreiing.
14. U2: Ressurs til bibliotekar + stilling koordinator skulebibliotek
Strategisk plan for utvikling av skulebibliotek er planlagt lagt fram til politisk handsaming våren 2021. Som ein del av saka ser fylkesdirektøren det som naturleg å vurdere omfang av skulebibliotektenesta. Salderingstiltaket krev nærare utgreiing.
15. U1: YSK/TAF-tilbod
YSK/TAF er eit fire-årig løp som gir studie- og yrkeskompetanse (fagbrev). Vestland fylkeskommune har tilbodet ved fire vidaregåande skular. Årleg meirkostnad ved tilbodet samanlikna med ordinær kostnad ved studiespesialiserande utdanningsprogram er rekna til 16,4 mill. kr. Salderingstiltaket krev nærare utgreiing.
16. U2: Rådgjevarressurs (ut over avtalefesta nivå)
Skulane i tidlegare Sogn og Fjordane har over mange år vore styrka med til saman 1 mill. kr årleg til føremålet. Salderingstiltaket krev nærare utgreiing.
17. U2: Produksjonsskulen Hyssingen
Produksjonsskulen gjev alternative tilbod til ungdom med rett som ikkje er i eit opplæringsløp. Målsettinga er å få ungdom tilbake i opplæring eller arbeid. Produksjonsskulen Hyssingen, Bergen, vart starta opp i 2015. Tilbodet er finansiert av fylkeskommunale midlar. Det er budsjettert med 8,2 mill. kr til drift av tilbodet ved Hyssingen. Salderingstiltaket inneber at tilbodet vert avvikla. Salderingstiltaket krev nærare

utgreiing.

- 18. U2: Fylkeskommunalt driftstilskot til egne fagskular.**
Fagskoletilbodet (høgare yrkesfagleg utdanning) er p.t. organisert gjennom to fagskular med fleire undervisningsstader. Fylkestinget har vedteke at fagskulane vert slått saman til ei eining frå 01.01.2022. Fagskuletilbodet er i hovudsak finansiert ved statlege løyvingar. I tillegg gjev fylkeskommunen driftstilskot. I 2020 fekk Fagskulen i Sogn og Fjordane 9,4 mill. kr i fylkeskommunalt tilskot og 17,4 mill. kr i statleg tilskott. Fagskulen i Hordaland fekk fylkeskommunalt tilskott på 11,8 mill. kr og 91,5 mill. kr i statleg tilskot. Salderingstiltaket krev nærare utgreiing. Fylkesdirektøren vil legge opp til ein prosess der fagskulestyra vert involvert i arbeidet med å få fram konsekvensar av eventuell reduksjon i dei økonomiske rammene for fagskulane.
- 19. U2: Vidaregåande opplæring for vaksne**
Salderingstiltaket inneber redusert tilbod til vaksne. Tenesta er lovpålagt. Salderingstiltaket inneber at driftsramma vert redusert med 5 mill. kr. Salderingstiltaket krev nærare utgreiing.
- 20. U2: Fylkeskommunalt driftstilskot til landsliner**
Fylkeskommunen gir driftstilskot til landslinene med til saman om lag 12 mill. kr. Salderingstiltaket inneber, etter utfasing, reduksjon av tilskotet med 2 mill. kr årleg. Salderingstiltaket krev nærare utgreiing.
- 21. U2: Arbeidslivskontakt**
Arbeidslivskontaktressursen styrkar samhandlinga mellom vidaregåande opplæring og arbeid- og næringslivet m.a. i arbeidet med å etablere læreplassar for ungdom. Salderingstiltaket vil kunne verke inn på gjennomføring av vidaregåande opplæring til fag- og sveineprøve. Ressursen er i dag knytt til dei vidaregåande skulane i tidlegare Sogn og Fjordane. Salderingstiltaket krev nærare utgreiing.
- 22. U2: Fylkeskommunalt tilskot til kompetanseutvikling for skuletilsette, kvalitetsutviklingsmidlar vgs**
Plan for kompetanseutvikling viser strategiar og tiltak som skal medverke til langsiktig og planmessig utvikling av kompetanse for pedagogisk personale, skuleleiarar, andre tilsette og aktørar i fag- og yrkesopplæringa. Det er budsjettert med om lag 10 mill. kr til føremålet. Salderingstiltaket inneber reduksjon av løyvinga med 2 mill. kr. Kompetanseutvikling er ei lovpålagt oppgåve. Salderingstiltaket krev nærare utgreiing.
- 23. U2: Tilskot til lærebedrifter for lærlingar med meir enn eitt fagbrev**
Salderingstiltaket inneber bortfall av tilskot til lærebedrifter for lærlingar med meir enn eitt fagbrev. Salderingstiltaket krev nærare utgreiing.
- 24. U2: Digital pedagogisk ressurs ved dei vidaregåande skulane**
Den digitale pedagogiske ressursen skal leggje til rette for pedagogisk bruk av IKT ved dei vidaregåande skulane. Ressursen er i dag knytt til dei vidaregåande skulane i tidlegare Sogn og Fjordane. Salderingstiltaket inneber at ressursen fell bort. Salderingstiltaket krev nærare utgreiing.
- 25. U2: Miljøkoordinator**
Miljøkoordinator er eit sosialpedagogisk tiltak ved dei vidaregåande skulane. Miljøkoordinatorane har tre hovudarbeidsområde:
- førebyggjande arbeid
 - kontaktskapande arbeid
 - sosialpedagogisk arbeid.
- Salderingstiltaket inneber at ressursen fell bort. Salderingstiltaket krev nærare utgreiing.
- 26. U0: Redusere driftsløyving til undervisningsutstyr skulane**
Driftsløyvinga til undervisningsutstyr på skulane, 6,2 mill. kr, vart i budsjettet for 2020 nytta til saldering, dette som eit eittårig tiltak. Reduksjon av driftsløyvinga til undervisningsutstyr

i 2021 inneber at løyvinga vert redusert med 1,4 mill. kr, frå 6,2 til 4,8 mill. kr. Redusert løyving til utstyr vil føre til eit etterslep når det gjeld behovet for innkjøp av nytt utstyr.

3.5 Alternative salderingstiltak: 37 MNOK

I samband med finansutvalet si handsaming av arbeidsdokument 3/20 bad finansutvalet fylkesrådmannen om å synleggjere ytterlegare 100 mill. kr i alternative salderingstiltak. 37 mill. kr av desse er knytt til opplæring og kompetanse.

Alternative salderingstiltak (37 mill. kr)	2021
Endringar i breidda i opplæringstilbodet - tilbodsvida:	14,8
• Auke plasstalet i klassar, auke oppfyllinga i klassar, dreie tilbodsstrukturen mot studieførebuande utdanningsprogram	9,6
• Redusere tal klassar i kostnadskrevjande utdanningsprogram, t.d. Musikk, dans og drama	1,5
• Ta bort resten av utdanningsprogrammet, t.d. Musikk, dans og drama	3,8
Redusere driftsløyving til undervisningsutstyr skulane	2,5
Ytterlegare reduksjon/bruk av akkumulert disposisjonsfond/resultat 2020 skulane	19,7
Sum alternative salderingstiltak	37,0

Innsparingseffekten av tiltaket «Endringar i breidda i opplæringstilbodet» aukar til 44,3 mill. kr i 2022, 63,6 mill. kr i 2023 og 70 mill. kr i 2024.

Endringar i breidda i opplæringstilbodet – tilbodsvida

- **Redusere tal klassar ved å auke plasstalet i klassar, auke oppfyllinga i klassar, dreie tilbodsstrukturen mot studieførebuande utdanningsprogram**
Oppfyllingsgraden i klassane er gjennomgåande svært høg. Nokre av tilboda i dei delane av fylket som har minst søkargrunnlag har lågare oppfyllingsgrad. Det er i all hovudsak mindre skular utanfor byar og større sentra. Reduksjon i tal klassar på grunnlag av oppfyllingsgraden kan difor gå ut over tilbod ved desse skulane. Redusert kapasitet og breidde i tilboda ved desse mindre skulane, vil m.a. føre til at ein del elevar truleg må reise lenger, for tilsvarende tilbod ved andre skular. Dette kan også gi auka skyssutgifter for fylkeskommunen. Omsynet til kjønnsbalansen, det å gje tilbod som er attraktive for begge kjønn, er også krevjande allereie i dag.

Ein reduksjon i tilboda betyr også at fylkeskommunen bør føre ei strengare linje for oppretting av halve klassar. Desse tilboda er kostbare, men bidrar i distrikta til at fylkeskommunen tilfører regionalt og lokalt arbeidsliv god og riktig kompetanse. Denne rolla som samfunnsutviklar kan i mindre grad bli oppfylt om tilbod i distriktet blir lagt ned eller redusert.

Yrkesfagtilbod er generelt meir kostnadskrevjande enn studieførebuande tilbod. Ei mogeleg tilpassing av reduksjon i ramma for opplæringstilbodet vil difor kunne vere å dreie tilbodsstrukturen slik at fylkeskommunen tilbyr fleire plassar på studieførebuande enn yrkesfag, samanlikna med dagens struktur. Ei slik dreining av opplæringstilbod vil få konsekvensar, men korleis søkarar og næringsliv vil respondere på dette, veit vi ikkje per no. Dersom kapasiteten på yrkesfag går ned, kan elevar som ikkje ønsker studieførebuande utdanningsprogram bli pressa over dit, gitt at dei søker desse utdanningsprogramma. Ved søkinga til skuleåret 2020/21 viser det seg at 65% av dei som hadde yrkesfag på 1. ønske, berre søkte yrkesfaglege utdanningsprogram. Ei dreining av tilbodsstrukturen mot studieførebuande utdanningsprogram vil kunne gje mangel på relevant arbeidskraft.

Ein reduksjon i yrkesfagtilbod vil potensielt kunne ha påverknad på gjennomføringsgrad i vidaregåande opplæring, om elevane får tilbod om eit lågt prioritert ønskje. Tilbod om lågare ønskje kan potensielt også auke tal elevar som gjer omval. Elevane har rett til dette, men det medfører også auka kostnader for skuleeigar.

Auka plasstal i klassar og strengare krav til oppfylling i klassar vil kunne vil kunne gje økonomisk innsparing som følgje av reduksjon i klassetalet. Det er som følgje av tiltaket lagt til grunn ein reduksjon med 15 klassar frå hausten 2021 og ytterlegare 10 klassar frå hausten 2022. Reduksjon i klassetalet må nærare utgreiast som del av saka om opplæringstilbodet.

- **Redusere tal klassar i kostnadskrevjande utdanningsprogram**

Dei studieførebuande utdanningsprogramma skal kvalifisere ungdom til vidare studiar. Fylkeskommunen har i dag studieførebuande tilbod innan idrettsfag, kunst, design og arkitektur, medium og kommunikasjon, musikk, dans og drama og studiespesialisering. Musikk, dans og drama er det mest kostnadskrevjande studieførebuande utdanningsprogrammet, dette gjeld særskilt musikktilbodet som krev stor grad av einetimar. Kostnad pr klasse i musikk er om lag det dobbelte av kostnaden ved ei ordinær studiespesialiserande klasse. Å ta bort musikktilbodet ved ein skule og i staden utvide tilbodet på studiespesialiserande utdanningsprogram, kan stipulerast til ei årleg netto innsparing på om lag 5 mill. kr. Vestland fylkeskommune har skuleåret 2020-2021 tilbod i musikk ved fire skular.

Ei eventuell nedlegging av musikktilbodet på to skular er stipulert til ei innsparing på 3,3 mill. kr i 2021 og 10 mill. kr i 2024 når alle tre åra av tilbodet er fasa ut. Det er i salderingstiltaket lagt til grunn at tilbodet vert fasa ut, med full økonomisk effekt frå 2024.

Ei eventuell nedlegging av resten av tilbodet på Musikk, dans og drama er stipulert til ei innsparing på 3,8 mill. kr i 2021 og 25 mill. kr i 2024 når alle tre åra av tilbodet er fasa ut.

Ei eventuell nedlegging av tilbod på musikk, dans og drama vil kunne gi høgare oppfylling på andre studieførebuande utdanningsprogram. Samtidig vil ein ta bort mogelegheita for elevar med motivasjon for, og ferdigheiter innan musikk på eit høgare nivå til å utøve dette i eit dedikert treårig løp. Ettersom karakterpoenga hos elevane som går på MDD er høge, er det ikkje grunnlag for å seie at ein reduksjon i tilbodet på MDD vil føre til lågare gjennomføring. Om fylkeskommunen ikkje gir tilbod innan t.d. musikk, dans og drama, må fylkeskommunen kjøpe plassar i andre fylke for elevar som søker dette utdanningsprogrammet utanfor eige fylke. Dette kan påverke netto innsparing ved å redusere eller ta bort tilbodet.

Vidare utgreiing av eventuell reduksjon i kostnadskrevjande utdanningsprogram må skje i samband med saka om opplæringstilbodet.

Redusere driftsløyving til undervisningsutstyr skulane

Salderingstiltaket inneber at driftsløyvinga til undervisningsutstyr i 2021 vert redusert med ytterlegare 2,5 mill. kr, frå 4,8 til 2,3 mill. kr. Dette vil auke etterslepet på utstyr på skulane.

Ytterlegare reduksjon/bruk av akkumulert disposisjonsfond/resultat 2020 skulane

Salderingstiltaket vil ytterlegare redusere handlingsrommet og gje dårlegare driftsvilkår for skulane.

Redusert premiesats i Statens pensjonskasse – 54 mill. kr

I arbeidsdokument 3/20 frå fylkesrådmannen til finansutvalet heiter det m.a.:

“Redusert premiesats i Statens pensjonskasse

I brev av 29.05.2020 har SPK gjeve ein prognose for pensjonspremien i 2021. Prognosen er 12,13 % (inklusive 2 % medlemsdel). For 2020 var tilsvarande prognose 15,15 %. Det vil seie ein reduksjon på over 3 prosentpoeng. Det pedagogiske personalet er medlemmer i Statens pensjonskasse og reduksjonen vil på denne måten få utslag innanfor Opplæring og kompetanse. Innsparinga utgjer om lag 54 mill. kr for sektoren.

Fylkesrådmannen har så langt ikkje forslag om å trekkje desse midlane ut frå budsjettamma til Opplæring og kompetanse, eller å disponere midlane til spesifikt formål. Ein vil koma nærare attende til dette når sektorane presenterer eit fullstendig og saldert driftsbudsjett i møte i finansutvalet i september. Fylkesrådmannen vil understreke at sjølv om reduksjonen i pensjonspremien på denne måten ligg udisponert innanfor ramma til Opplæring og kompetanse, vil det framleis vere behov for salderingstiltak også innanfor denne sektoren.”

Finansutvalet gjorde m.a. følgjande vedtak ved handsaminga av arbeidsdokumentet:

“Finansutvalet viser til reduserte kostnader som følgje av lågare pensjonspremie innanfor Opplæring og kompetanse, og vil vurdere disponering av dette i budsjettprosessen.”

Fylkesdirektøren ber om at det blir vurdert om midlane kan nyttast til saldering av opplæring og kompetanse.

Saksnr: 2020/60738-2
Saksbehandlar: Karl Viken

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for samferdsel og mobilitet		16.09.2020

SAMO Budsjett 2021/økonomiplan 2021-2024 - arbeidsdokument 4/20

Forslag til uttale

1. Hovudutval for samferdsel og mobilitet sluttar seg til presentert samla opplegg for driftsbudsjett 2021.
2. Hovudutval for samferdsel og mobilitet sluttar seg til presentert opplegg for investeringsbudsjett 2021- 2024.
3. Hovudutval for samferdsel og mobilitet sluttar seg til presentert budsjett for sektoren mobilitet og kollektiv fordelt på løyvingsnivå og med innarbeidde salderingstiltak.
4. Hovudutval for samferdsel og mobilitet sluttar seg til presentert budsjett for sektoren infrastruktur og veg fordelt på løyvingsnivå og med innarbeidde salderingstiltak.

Samandrag

I denne saka får hovudutval for samferdsel og mobilitet budsjettet til handsaming. I tillegg til handsaming av sektorbudsjetta for mobilitet og kollektiv og infrastruktur og veg fordelt på løyvingsnivå og innarbeidde salderingstiltak for 2021, handsamar også hovudutvalet felles sentrale budsjettmoment og investeringsbudsjettet for perioden 2021- 2024.

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør

Dina Lefdal
fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I denne handsamar hovudutval for samferdsel og mobilitet budsjettet. I tillegg til handsaming av sektorbudsjetta for mobilitet og kollektiv og infrastruktur og veg fordelt på løyvingsnivå og innarbeidde salderingstiltak for 2021, handsamar også hovudutvalet felles sentrale budsjettmoment og investeringsbudsjettet for perioden 2021- 2024.

Saka har slik inndeling:

Innleiing

1 Fellesdel – samla opplegg driftsbudsjett 2021

2 Fellesdel – Investeringsbudsjett 2021- 2024

3 Sektorbudsjett

- Mobilitet og kollektiv
- Infrastruktur og veg

Innleiing

Prosess

Involvering av hovudutval

Eit sentralt moment i denne runden av budsjettprosessen er involveringa av hovudutvala i forkant av finansutvalet. Hovudutvala får fylkesdirektør sitt budsjett presentert, og gjev uttale om sektorbudsjett, det samla budsjettopplegget og investeringsbudsjettet. I sektorbudsjetta er det fordeling av sektorramme på løyvingsnivå og val av salderingstiltak som er det mest sentrale. Alle sektorane sine budsjett vert handsama i respektive utval. Uttalane frå dei ulike utvala vert del av grunnlaget for handsaminga i finansutvalet.

I tillegg får alle hovudutvala sak om administrativt innsparingsprogram til uttale. Nokre av tiltaka som er foreslått her, vil få verknad for alle avdelingar, t.d. reduksjon av kostnader til kontingentar, reiser og bevertning

To felles delar og sektorspesifikke delar

Alle utvalssakene som handsamast i denne omgang har tre delar. Det er to felles delar som kjem til handsaming i alle møte. Den fyrste går på kva som ligg i det totale budsjettopplegget til Vestland for 2021. Den andre delen er eit endeleg framlegg til investeringsbudsjett for planperioden 2021-2024. Det vert lagt opp til at hovudutvala også gjev ein uttale på desse to fyrste delane, og desse vil ligga ved når finansutvalet har si handsaming.

Den siste og tredje delen i alle sakene er sektorspesifikk, og dei ulike sektorbudsjetta kjem til handsaming og uttale i sine respektive hovudutval. Stabsavdelingane og tannhelse høyrer ikkje inn under noko hovudutval, og desse sektorbudsjetta vert presentert og kjem til handsaming i finansutvalet.

Som eksempel vil budsjettsaka som går til hovudutval for samferdsel og mobilitet ha slik struktur:

Del I. Fellesdel: budsjett 2021

Del II. Fellesdel: Investeringsbudsjett 2021- 2024

Del III. Sektorbudsjett mobilitet og kollektiv og infrastruktur og veg

Hovudutval for samferdsel og mobilitet gjev sin uttale til dei to fellesdelane og dei to presenterte sektorbudsjetta.

Sektorar utan utval

Som nemnt er det sektorar som ikkje høyrer innunder eit spesifikt hovudutval;

- Organisasjon og økonomi (inkludert eigedom)
- Strategi og digitalisering
- Tannhelse (ligg innunder Strategi og digitalisering)

Presentert budsjett frå dei tre sektorane over utan hovudutval ligg også som referatsaker til finansutvalssaka; tilsvarende som hovudutvalssakene med sektorbudsjett.

Finansutvalet gjer så prosessvedtak på alle sektorbudsjetta. Uttalar frå hovudutvala vert ettersendt, og vert del av grunnlaget for handsaminga.

Førebels budsjettramme for kontrollutvalet vert og presentert for finansutvalet. Sistnemnde vert utarbeidd av sekretariat for kontrollutvalet, og er del av område politisk styring, kontrollorgan organisasjon og økonomi.

Under er ein oppsummerande tabell:

Utval	Dato	Handsaming
Hovudutval for opplæring og kompetanse	16.sept.	Utale til sektorbudsjett for opplæring og fellesdelar
Hovudutval for samferdsel og mobilitet	16.sept.	Utale til sektorbudsjett for veg og infrastruktur og mobilitet og kollektiv og fellesdelar
Hovudutval for kultur, idrett og integrering	16.sept.	Utale til sektorbudsjett for kultur og fellesdelar
Hovudutval for næring	16.sept.	Utale til sektorbudsjett for innovasjon og næring og fellesdelar
Finansutval	17.sept.	Prosessvedtak alle sektorbudsjett og fellesdelar
		Budsjett for kontrollutvalet til orientering

Saldering driftsbudsjett og økonomiplanperiode

Saldering driftsbudsjett 2021

Finansutvalet gjorde i førre møte følgjande prosessvedtak i høve til presenterte salderingstiltak på 100 mill. kr;

«Finansutvalet tek dei sektorvise salderingstiltaka til vitande og ber fylkesrådmannen om å leggje dei presenterte sektorvise salderingstiltaka til grunn i det vidare arbeidet fram mot handsaming i hovudutvala.»

I budsjettframlegga for dei ulike sektorane er dei tidelegare presenterte salderingstiltaka til sektorane innarbeidd. I førre arbeidsdokument var status for salderinga at to sektorar - infrastruktur og veg og opplæring og kompetanse – ikkje var heilt i mål med sine utfordringar. I dette budsjettframlegget har alle sektorane innarbeidd naudsynte tiltak, slik at det samla salderingsbehovet på 100 mill. kr er løyst.

Samstundes gjorde finansutvalet følgjande prosessvedtak;

«Fylkesrådmann vert bedt om å synleggjere alternative salderingstiltak på totalt 100 mill. kr innan sektorane fram mot handsaming i hovudutvala.»

Dei 100 mill. kr i alternative salderingstiltak er lista opp i kvart einskilt sektorbudsjett. Finansutvalet kan om ønskeleg bruke desse som alternativ, og byte ut innarbeidd tiltak som utvalet ikkje vil gå vidare med.

Ut over dei 100 mill. kr må sektorane også finne inndekking i form av tiltak for å dekke inn meirbehov utover budsjettramma. Tertialrapporten etter 2. tertial syner også at særskilt kollektivsektoren, opplæring og kompetanse og tannhelse har negativ drift i 2020 som også må takast omsyn til i budsjetteringa for 2021.

Saldering økonomiplan: utgreiingsområde

Det vidare behovet for salderingstiltak utover i økonomiplanperioden har gjort det naudsynt å greie ut område som kan vere aktuelle i høve til innsparingar. Finansutvalet har tidlegare gjort slikt prosessvedtak om dette:

«Finansutvalet viser til behovet for ytterlegare innsparingar i drifta i økonomiplanperioden, og ber i denne samanhengen om at utgreiingar innanfor følgjande område vert sett i verk:

Utgreiingsframlegga i tabellen vert sett i gang med dette unntaket/presisering:

-Det vert ikkje starta opp ny skulestruktursak, men oppfyltingsgrad, utlysingspraksis og tilbodsstruktur blir gjennomgått.»

I dette arbeidsdokumentet gjev fylkesrådmannen ein status for det meir langsiktige arbeidet for å få eit berekraftig driftsnivå.

Budsjettmessige klimakonsekvensar

Finansutvalet tok i møte 26.03.20 statusmeldinga om klimabudsjett til orientering. Klimabudsjettet er eit viktig styringsverktøy for å redusere klimagassutslepp fram mot 2030.

I endeleg budsjettframlegg frå finansutvalet som kjem til handsaming i november, legg ein opp til å ta inn eit eige klimakapittel, tilsvarande det som var med i budsjettet for 2020. Her vil det vera klimamål, samla prognosar for utslepp av klimagassar frå Vestland fylkeskommune og oversikt over utsleppa for kvar sektor. Framstillinga vil vere mest mogeleg oppdatert og relevant for Vestland fylkeskommune sin situasjon for 2021 og åra framover.

I denne omgangen vert budsjettet foreslått vedteke på løyvingnivå innan kvar sektor. Vurderingane av klimaeffektar er sett opp under omtalen av den einskilde sektor sine løyvingnivå. Informasjonen her vil kunne vere viktig i utarbeidinga av Vestland fylkeskommune sitt klimabudsjett. Sektoren strategisk utvikling og digitalisering skal yte fagleg støtte til dei andre sektorane i dette arbeidet.

Oppfølgingspunkt

Kontraktskostnadar kollektiv

Når det gjeld kontraktskostnadar innan kollektiv, vart det i førre arbeidsdokument sagt at fylkesrådmannen skulle kome tilbake til korleis utslaga av indeksjusteringane skulle handsamast. I budsjettet for 2021 er det teke ut 88 mill. kr som følgje av nedgangen i kontraktskostnadar i ferjesektoren frå 2020 til 2021.

I tillegg er kostnadane i kollektivsektoren generelt påverka av svingingar i dei ulike indeksane som kontraktssummane vert rekna ut frå. Utslaga i indeksane er usikre og vert i desse tider også påverka av pandemien. Fylkesrådmannen meiner utslaga i desse indeksane/kostnadane er så vidt usikre, at ein ikkje vil tilrå å endre budsjetttramma for Mobilitet og kollektiv utover det som vart gjort i arbeidsdokument 3/20.

Kontraktskostnadane for ferje vil stiga i økonomiplanperioden, etter den mellombelse nedgangen frå 2020 til 2021 og reduksjonen i budsjetttramma som finansutvalet gjorde prosessvedtak om i arbeidsdokument 3/20 i samband med fastsetjing av sektorrammene, gjer at ein har teke høgde for auken i kostnadar dei neste åra i økonomiplanperioden, som ein kjenner til på noverande tidspunkt.

Budsjett sjølvprofilering/skilting og konsulenttenester

Det vert vist til prosessvedtak frå førre finansutval i juni der det vert bede om at fylkeskommunen sitt budsjett for sjølvprofilering, inkludert skilting, og budsjettet for konsulenttenester, vert lagt fram. For 2020 har ikkje fylkeskommunen noko gjennomgåande budsjett der alle einingane har detaljert kostnadane sine på desse to områda. Det kjem av at ein ikkje kunne ha ein vanleg budsjettprosess for 2020 der einingane detaljerte sine budsjett etter likeins prinsipp hausten 2019. Å bruka historiske tal for dei to gamle fylka har vist seg å ikkje gje eit presist bilete av kva som vert brukt i Vestland på desse to områda.

I dette dokumentet kjem framlegg til budsjett pr. løyvingnivå. Når ein får prosessvedtak på dette vil einingane detaljere budsjettet sitt fram til neste møte i finansutvalet. Fylkesrådmannen vil då kunne presentere eit endeleg budsjettopplegg på detaljert nivå der dei totale budsjettet for Vestland for sjølvprofilering, inkludert skilting og konsulenttenester vil verte lagt fram for finansutvalet.

Finansiering bybanen

Det vert synt til prosessvedtak i førre finansutval der fylkesrådmannen vert beden om å klargjere korleis tidlegare bybaneinvesteringar samt investeringar til bybanevogner inngår, eller ikkje inngår i den samla gjeldsgraden for Vestland fylkeskommune på 115 %.

Fylkesrådmannen kan opplysa følgjande:

Utbygging av bybanen frå Bergen sentrum til Flesland har i all hovudsak vorte finansiert med bompengar og statstilskot. Ordninga med bompengar er slik at bompengeselskapet tek opp lån til bygginga. Lånet vert nedbetalt med bompengar som bompengeselskapet krev inn. På denne måten inngår ikkje bompengelån i fylkeskommunen si gjeld, men ligg i rekneskopen til bompengeselskapet Ferde AS. Fylkeskommunen har garantert for desse låna. Ferde AS sine lån til bypakke Bergen utgjorde 5,27 mrd. kr ved siste årsskifte. Denne summen omfattar meir enn berre bybanen, men bybanen er det klart største prosjektet.

Bybanevognene er i all hovudsak finansiert av fylkeskommunen med lån og inngår dermed i lånegjelda som er rekna med når ein ser på kva som er innanfor grensa for lånegjeld på 115%. Ein vil anslå at lån som er nytta til finansiering av bybanevogner utgjer om lag 650 mill. kr ved inngangen til 2020.

Avdelingsleiarressursar og andre leiarressursar ved vgs

Gjennom prosessvedtak i førre møte i finansutvalet vart fylkesrådmannen beden om å sjå nærare på omfanget og fordelinga av avdelingsressursane og andre leiarressursar ved dei vidaregåande skulane i Vestland fylkeskommune.

Opplæring og kompetanse er i gang med ei kartlegging basert på det ein har av data om dette; supplert med intervju. Denne kartlegginga må sjåast i samanheng med sak om ny budsjettmodell og sak om mål og strategiar. Desse to sakene er ferdig og kjem til handsaming politisk i november. Det vert difor presentert eit heilskapleg notat om avdelingsressursar og leiarressursar til finansutvalet i november, og dette notatet vil då kunne sjåast i samanheng med at det skal koma eit endeleg detaljert framlegg til budsjett for sektoren.

Inntektskjelder - Havbruksmidlar

Regjeringa foreslo i revidert nasjonalbudsjett at det skal innførast ei produksjonsavgift på laks, aure og regnbogeaure. Inntektene frå avgifta skal fordelast til havbrukskommunane og fylkeskommunane. Ei produksjonsavgift vil gje jamnare inntekter til kommunar og fylkeskommunar enn inntektene ein har fått frå sal av nye konsesjonar.

Samstundes er det forslag om å endre fordelinga av sals- og auksjonsinntektene frå auka kapasitet og nye løyve. Frå 2017 har midlane vore fordelt etter ein fordelingsnøkkel der kommunar og fylkeskommunar har fått tildelt 80 prosent og staten 20 prosent av midlane. No føreslår regjeringa å endre fordelingsnøkkelen slik at 75 prosent skal gå til staten og 25 prosent til kommunar og fylkeskommunar. Det er her dei største midlane ligg, og denne omfordelinga er uheldig sett frå kommunar og fylkeskommunar sin ståstad.

Ved behandlinga av revidert nasjonalbudsjett gjekk Stortinget inn for å endre fordelinga slik at kommunar/fylkeskommunar skal få 40 prosent av sals- og auksjonsinntektene. Dette slår inn frå 2022.

For åra 2020 og 2021 vert Havbruksfondet tilført 2,25 mrd. kr og 1 mrd. kr. Vestland fylkeskommune vil etter alt å døme få utbetalt vel 63 mill. kr i 2020 og rundt 28 mill. kr i 2021.

Administrativt innsparingsprogram

I eiga sak til hovudutvala og finansutvalet har fylkesrådmannen gjennomgang av det administrative effektiviseringsarbeidet. Programmet vart vedteke av fylkestinget som del av budsjettarbeidet for 2020.

Arbeidet har vore gjennomført mellom anna gjennom bruk av arbeidsgrupper der mellom anna dei tillitsvalde har delteke. Fylkesrådmannen viser til denne saka, men vil her kort peike på hovudpunkta:

- Identifiserte moglege innsparingar i komande økonomiplanperiode er på vel 100 mill. kr
- Overslag for 2021 er 27 mill. kr fordelt slik på ulike kostnadsgrupper:
 - Diverse driftskostnader 12,4 mill. kr
 - Byggedrift 8,0 mill. kr
 - IKT og digitalisering 5,2 mill. kr
 - Finansforvaltning 1,0 mill. kr
 - Anna 0,4 mill. kr

1 Fellesdel – samla opplegg driftsbudsjett 2021

Økonomiske føresetnadar før statsbudsjettet

Sentrale inntekter

I økonomiplanen, som vart handsama av fylkestinget i juni, vart det gjeve slikt oversyn over sentrale inntekter og utgifter:

	BUDSJ. 2020	2021	2022	2023	2024
Skatt, rammetilskot og inntektsutjamm	-9 938 970	-9 983 770	-9 978 570	-9 973 370	-9 973 370
Andre generelle statstilskot	-101 400	-101 400	-101 400	-101 400	-101 400
Konsesjonskraftsinntekter	-182 000	-150 000	-157 000	-165 000	-165 000
Kapitalinnt/utg, utbytte og rentekomp.	833 900	868 300	931 900	1 041 000	1 133 400
Pensjonsutg/fellesutg/ løns- og prisvekst	44 839	44 839	44 839	44 839	44 839
Bruk/avsetning til fond	-70 000	96 400	77 600	88 300	17 900
Overføring til investering	536 997	536 997	536 997	536 997	536 997
Sum felles inntekter og utgifter	-8 876 634	-8 688 634	-8 645 634	-8 528 634	-8 506 634

I kommuneproposisjonen varsla regjeringa ein vekst i frie inntekter for fylkeskommunane på 0,4 mrd. kr. Veksten er rekna frå budsjettnivået i opphavleg 2020-budsjett (koronaeffekten av reduserte skatteinntekter i 2020 er halden utanom). Vestland fylkeskommune sin del av veksten er rekna å utgjere om lag 50 mill. kr.

Bortsett frå det som er sagt framfor om havbruksfond, har ein lite nytt å melde i høve til det som vart presentert i økonomiplanen. I 2020 la fylkestinget inn 2 mill. kr frå havbruksfond. Dersom tildelinga i 2021 vert på 28 mill. kr, inneber dette at «Andre generelle statstilskot» går opp med 26 mill. kr.

Løn- og prisvekst

Ved utarbeiding av budsjett for 2021 har sektorane og einingane førebels brukt 2020- nivå. Tala i økonomiplantabellen ovanfor er i same løns- og prisnivå som budsjettet for 2020. Endringane frå 2020 til 2021 vil då ikkje ha med seg prisvekst, men er reelle eller tekniske endringar som er forklart i budsjettoplegget. Når statsbudsjettet kjem tidleg i oktober, vil ein justere opp heile budsjettet med pris- og lønsnivå for 2021. På denne måten vil det endelege framlegget til budsjett som vert handsama i november/desember vere i 2021- kr.

Verknadar av Korona- pandemien for budsjett 2021

Budsjetteringa for 2021 i den situasjonen ein er no, er sær s krevjande. Frå sentralt hald er det ikkje kome signal på at ein skal ta høgde for verknadar av Korona når kommunesektoren budsjetterer for neste år. Tvert om skal ein leggje til grunn eit normalår. Av det kan ein slutte at ein ikkje skal budsjettere inn varige verknadar av pandemien. Slik situasjonen er no med store budsjettavvik på alle område, for både kostnader og inntekter, er det vanskeleg å leggje til grunn eit slikt scenario. Når statsbudsjettet kjem, vil ein få svaret på kva linje ein vel frå sentralt hald, og då vert det klårare kva fylkeskommunen kan leggje til grunn for budsjetteringa.

- **Føresetnadar kollektivsektoren og tannhelse**

Kollektivsektoren har i fleire år budsjettert med ein auke i passasjertal, og med ein auke i billettinntekter på 3,5 %. Dei fleste åra har det vist seg at ambisjonen om vekst i budsjettet har vorte nådd, og fleire år har veksten vore ein del høgare enn dette. I 2021 ville ein, om det ikkje var for pandemien, også budsjettert med om lag 3,5 % inntektsvekst. Fylkesrådmannen meiner det ikkje vil vere rett å leggje opp til eit scenario for 2021 så lenge ein ikkje har ein normalsituasjon, og ein er usikker på dei varige verknadane av pandemien. Førebels, og før statsbudsjettet for 2021 er gjort kjent, vil kollektivsektoren leggje seg på ein føresetnad der det er nullvekst i inntektene frå 2020 til 2021. Det inneber at inntektsnivået er 30 mill. kr lågare enn ved eit normalt scenario. For tannhelse vil ein budsjettere med eit noko lågare inntektsnivå enn eit normalår skulle tilseie.

Driftsbudsjettet

Sektorrammer

I førre møte i finansutvalet vart det, ved handsaming av arbeidsdokument 3/20, gjort prosessvedtak om å leggje sektorrammene i tabellen under til grunn for budsjett 2021. Sektorane har brukt desse rammene i budsjetteringa av sine løyvingsnivå:

Sektorrammer

Sektor	Ramme 2021 A-dok 3
Pol. St., kont.utv, orgøk	758 170
St.utv. og digitalisering	172 267
Tannhelse	272 164
Kultur, idr. og inkluder.	309 568
Infrastruktur og veg	1 135 692
Mobilitet og kollektiv	2 396 858
Innovasjon og nærutv.	237 542
Oppl. og kompetanse	3 441 222
Sum sektornivå	8 723 483

Løyvingsnivå

I dette møtet vert sektorrammene i tabellen over delt opp i dei ulike føremåla, også kalla løyvingsnivå, innanfor kvar sektor. Finansutvalet gjer prosessvedtek på summene som skal brukast på dei ulike føremåla innan kvar sektor. Dette vert gjort på bakgrunn av dei politiske sakene og uttalanane frå hovudutvala. Finansutvalet kan slutte seg til uttalen som hovudutvala har gjort, men utvalet kan og gjennom sitt prosessvedtak endre summene på løyvingsnivå ved å omprioritere.

Innarbeidde tiltak

I dei ulike løyvingnivå er det innarbeidd salderingstiltak for kvar sektor. Det vil gå fram kva løyvingnivå som er redusert gjennom det innarbeidde salderingstiltaket. Til dømes vil det for tannhelse sitt sektorbudsjett vera eit tiltak som går på inntektssida, og då vil det framkome at dette tiltaket har redusert ramma som vert tildelt løyvingnivået pasientbehandling.

Alternative tiltak

Det er sett opp alternative tiltak og finansutvalet vil då ha høve til å gjere om på tiltaka som sektoren har innarbeidd, og byte dei ut med dei alternative tiltaka som vert presenterte. Eksempelvis har kultur, idrett og inkludering eit tiltak som reduserer løyvingnivået inkludering, strategi og analyse ved å redusere nokre tilskotsordningar. Dersom finansutvalet ikkje ønskjer å gå for dette salderingstiltaket, vil dei kunne byte det ut ved heller å ta eit tiltak på sektoren si alternative liste med salderingskutt. Dei same vurderingane vil også hovudutvala gjere for sine sektorar sine løyvingnivå og tiltak; og då vert det del av hovudutvalet sin uttale.

Referatsaker og protokollar.

Alle hovudutvalssakene ligg som referatsaker til finansutvalssaka, og protokollane frå hovudutvalsmøta vert ettersendt til finansutvalet.

Sektorar utan hovudutval

- Strategisk utvikling og digitalisering
- Organisasjon og økonomi
- Tannhelse

For dei tre sektorane utan hovudutval vil presentert budsjettopplegg med summar på løyvingnivå, innarbeidde tiltak og alternative tiltak ligge som melingssaker til saksframlegget som vert handsama i finansutvalet. Alle dei presenterte sektorbudsjetta vil vere gjennomgåande like med summar på løyvingnivå, innarbeidde tiltak og alternative tiltak. I tillegg kjem forslaga i det administrative innsparingsprogrammet, som i stor grad inneber kostnadsreduksjonar i dei sentrale stabane.

Utgreiingsområde økonomiplan -status

Det vidare behovet for salderingstiltak utover i økonomiplanperioden har gjort det naudsynt å greie ut område som kan vere aktuelle i høve til innsparingar. Finansutvalet har tidlegare, ved handsaming av arbeidsdokument 1/20, gjort slikt prosessvedtak om dette:

«Finansutvalet viser til behovet for ytterlegare innsparingar i drifta i økonomiplanperioden, og ber i denne samanhengen om at utgreiingar innanfor følgjande område vert sett i verk:

Utgreiingsframlegga i tabellen vert sett i gang med dette unntaket/presisering:

-Det vert ikkje starta opp ny skulestruktursak, men oppfyltingsgrad, utlysingspraksis og tilbodsstruktur blir gjennomgått.»

Fylkesrådmannen har i dette arbeidsdokumentet fokusert på aktuelle tiltak for å redusere budsjettet 2021 med 100 mill. kr samanlikna med 2020. Finansutvalet ba i møte 18. juni om ei alternativ tiltaksliste på 100 mill. kr. Tiltakslistene er utarbeidde sektorvis og vert handsama slik at hovudutvala gjev uttale om tiltaka til finansutvalet.

Det går fram av finansutvalet sitt prosessvedtak ovanfor at det vil vere behov for ytterlegare budsjetttilpassingar i økonomiplanperioden, og det vil i denne samanhengen vere aktuelt å utgreie større tiltak og verknadene av desse.

Som nemnt i arbeidsdokument 3/20, har fylkesdirektørane utarbeidd oversyn over utgreiingsarbeidet med framdriftsplan. Dei ulike sektorane har ulikt omfang og dette gjer at utgreiingsområda er ulike både i kva effektar ein kan oppnå og kva konsekvensar det kan medføre å ta resultatata av utgreiingane til følgje.

Fylkesrådmannen ser det som naturleg at resultatet av dette arbeidet inngår som ein del av økonomiplanarbeidet for perioden fram til 2024. For ein del utgreiingar vil det naturleg ta noko tid før ein kan få resultat, og for andre kan sjølv utgreiinga ta tid.

Fylkesrådmannen viser nedanfor kva status er for dette arbeidet for kvar sektor.

Infrastruktur og veg

- Vurdere innretting av trafikksikringsmidlane: Konsekvensvurdering av budsjettreduksjon på 8,5 mill. kr hausten 2020.

- Vurdering av kontraktsstrategi, vedlikehold og utbyggingsstandard skal gjennomførast som del av RTP-prosessen. Regional transportplan skal leggjast ut på høyring sommaren 2021.

Mobilitet og kollektiv

- Redusert ruteproduksjon kan gjennomførast anten ved prosentvise reduksjonar i ruteproduksjonen innanfor dei ulike tilboda, eller ved å fastlegge prinsipp for korleis tilboda skal utformast. Prinsippa kan gå på frekvens, passasjertal, i kva grad det er mogeleg med omkøyring t.d. for eit ferjesamband m.v.
- Vurdere talet på billettautomatar langs bybanetraseen. Bruken av billettautomatane har gått ned etter kvart som mobilappen er den mest nytta betalingskanalen.
- Vurdere innrettinga av skuleskyssen. Denne skyssen er i mange høve dimensjonerande for talet på bussar, og samordning av skuletid/skuleruter bør utgreiast i samarbeid med kommunane for det som gjeld grunnskuleskyssen.
- Endring i rutestruktur som følgje av nye vegar og bruer. Døme på dette i komande økonomiplanperiode er E39 Svegatjørn – Rådal og Bybanen til Fyllingsdalen.

Innovasjon og næringsutvikling

- Vurdere prioritering mellom fagområde i samband med utarbeiding av regional plan for innovasjon og næringsutvikling.
- Potensialet for «EU-finansiering av tiltak»: I tråd med framlagt framdriftsplan er det sett i gang utgreiingsarbeid med tanke på potensialet for finansiering – spesielt med tanke på EU-programmet «Horizon Europe». Det er utarbeidd oversyn over innvilga søknader til Horisont 2020, skildring av tema i Horisont Europe som er relevante for VLFK, og dialog med avdelingane om aktuelle satsingsområde i økonomiplanperioden.

Tannhelse

- Gjennomgang av fordeling mellom statleg og fylkeskommunal finansiering av TK-Vestland og vurdering av takstane ved kompetansesenteret opp mot dei andre kompetansesentera.
- Gjennomgang av driftsmodell opp mot tilgjengeleg budsjett ved TK-Vestland.
- Vurdere kompetansesamansetjing i tannhelsetenesta m.a. ved kartlegging av alderssamansetjing.

Opplæring og kompetanse

- Sektoren har inndelt dei ulike utgreiingsområda etter tidspunkt for ferdigstilling med tiltak innanfor kvar bolc. Fleire av tiltaka er foreslått innarbeidde i budsjettet for 2021. I eiga sak vert idrettstilbodet vurdert. Det same gjeld evaluering av Hardanger produksjonsskule og organisering av fagskuledrifta i Vestland fylkeskommune.
- Av større utgreiingsområde kan nemnast vurdering av klasseoppfylling, tilbodsstruktur og handtering av omval.

Kultur, idrett og inkludering

- Vurdere vilkåra for løyving av fylkeskommunale driftstilskot.

- Gjennomgå fordeling/ansvar mellom stat, kommune og fylkeskommune for driftstilskot innan dette feltet.

Strategisk utvikling og digitalisering

- Sektoren sine tiltak inngår for ein stor del i det administrative innsparingsprogrammet som er til handsaming i eiga sak til finansutvalet.

Organisasjon og økonomi

- Sektoren sine tiltak inngår for ein stor del i det administrative innsparingsprogrammet som er til handsaming i eiga sak til finansutvalet.

2 Fellesdel – investeringsbudsjett 2021- 2024

Innleiing investering - fullstendig opplegg

I dette arbeidsdokumentet vert det presentert eit investeringsbudsjett innanfor handlingsregelen, maksimal gjeldsgrad på 115 %, med naudsynte reduksjonar og forskyvingar og med særskilt handsaming av nokre prosjekt som er peika på av finansutvalet.

Vestland fylkeskommune hadde for førre planperiode eit investeringsbudsjett som i stor grad var ei vidareføring av dei vedtaka som var gjort i dei to gamle fylka. I arbeidsdokument 2/20 vart det vist til at dei gjeldande planane hadde eit sær høgt investeringsnivå, og at det var naudsynt med reduksjonar. Dette for hindre at det nye fylket skulle få monaleg gjeldsoppbygging, og ein gjeldsgrad som ikkje var i samsvar med vedteken handlingsregel på dette området.

I revidert opplegg til investeringsbudsjett for 2021- 2024 peika fylkesrådmannen på retemporisering av det som låg inne, og viste til mogelege reduksjonar på 1,4 mrd. kr i 2022 og 1,3 mrd. kr i 2023. Samstundes la ein opp til eit moderat investeringsnivå i 2024. I dette låg det at nokre få prosjekt vart teke ut av planen, ein del vart skyvd ut i tid og fleire fekk reviderte kostnadsoverslag.

Finansutvalet gjorde prosessvedtak på det reviderte opplegget slik at ein hadde rammer i planperioden å arbeide vidare med. Rammene la opp til eit investeringsnivå innanfor handlingsregelen.

I presentert opplegg under kjem ein attende med same opplegg som det som vart presentert i mai- møtet når investeringsbudsjettet vart handsama, men har med eventuelle oppdateringar når det gjeld kostnadar og framdrift. Oppdateringane er lista opp under dei ulike investeringsprogramma. I endeleg framlegg til investeringsbudsjett vil fylkesrådmannen kome attende med detaljert omtale av alle område og prosjekt.

Finansutvalet gjorde også prosessvedtak som gjaldt handsaminga av nokre einskilde prosjekt, og ei særskilt vurdering av desse.

Oppfølging og status einskilde prosjekt

- **Laksevåg, vgs og fagskule**

I handsaminga av arbeidsdokument 2/20 vart det gjort følgjande prosessvedtak:
«For Laksevåg og Bergen Maritime vgs og Fagskolen i Hordaland viser finansutvalet til tidlegare vedtak i fylkestinget i PS 28/2019, og har ein ambisjon om realisera prosjektet som planlagt. Finansutvalet ber fylkesrådmannen vurdere tiltak for å betra finansieringa av prosjektet.»

I dette arbeidsdokumentet er Laksevåg og Bergen Maritime vgs og Fagskolen i Hordaland lagt inn slik at prosjektet vert realisert. Investeringa er foreslått forskyvd 2,5 år ut i tid. Dette er naudsynt for at investeringsnivået for fylkeskommunen ikkje skal overskride den vedtekne grensa.

Når det gjeld løysingar for å betra finansieringa av prosjektet utan å redusere kapasiteten og storleiken på det nye bygget, vil private investorar kunne vere eit

alternativ. Dette er likevel ikkje å tilrå ut frå ei økonomisk vurdering. Det kjem av at lånerenta og avkastningskravet (husleiga) til dei private investorane vil vere vesentleg høgare enn lånerenta fylkeskommunen oppnår. Det er lagt inn løyving på 15 mill. kr i 2023 og 100 mill. kr i 2024 til prosjektet med restløyvingar i neste økonomiplanperiode.

Fylkesrådmannen viser til at andre skulebygg som er komne like langt i planleggingsprosessen også er utsette om lag 2 år; slik at ein likebehandlar tilsvarande skuleprosjekt.

○ Svelgen – Indrehus

Det vert synt til handsaming av arbeidsdokument 3/20 og oppfølging av prosessvedtak knytt til følgjande prosjekt: Fv. 614 Svelgen – Indrehus: Det vert vist til tidlegare prosessvedtak der det vert bedt om at fylkesrådmannen synleggjer ei mogleg raskare framdrift i prosjektet.

Gjeldande kostnadsoverslag for prosjektet var 1,65 mrd. 2020-kr med ei uvisse på 10%. Etter vedtak i fylkestinget 10. juni 2020 (sak 65/20) vart vegarmen gjennom Kruna forkasta. Nytt kostnadsoverslag vert då sett til 1,45 mrd. 2020-kr med ei uvisse på 10 %. Det vert lagt til grunn at det kan vere mogleg å gjennomføre prosjektet etter ein framdriftsplan som gjer at prosjektet vert ferdigstilt i 2026. Behov for løyving i mill. 2020-kr for å halde slik framdrift til og med 2026 er estimert til å verte slik:

2021	2022	2023	2024	2025	2026
5	50	400	400	400	190

Ein slik prosjektkostnad og framdrift vil det ikkje vere mogleg å få til innanfor gjeldande investeringsrammer. Låneopptaket i perioden vil verte monaleg auka og gjeldsgraden vil ikkje vere i tråd med den nemnde handlingsregelen som tilseier maksimalt 115 %. Einaste moglegheit ville vere å redusere andre stader i investeringsprogrammet for veg, men det er å poengtere at løyvingane til større pottar som tunnelrehabilitering, bruer og kaier og mindre utbetringar er særskilte knappe i høve til behovet. Forutan prosjektet Ytre Steinsund bru så er det ikkje mange vegprosjekt som det monnar å redusere eller forseinke. Når det gjeld brukarfinansiering, gjennom bompengefinansiering, så er dette lite aktuelt fordi prosjektet har eit lågt trafikkgrunnlag.

I opplegget fylkesrådmannen presenterer tilrå ein difor realisering av prosjektet, men at det får oppstart seint i perioden. Det er lagt inn 5 mill. kr som startløyving til prosjektet i 2024.

○ Atløysbandet

Det vert vist til prosessvedtak i mai-møtet i finansutvalet; «Det vert utarbeidd sak om korleis den statlege ordninga for ferjeavløysing kan utnyttast best mogeleg for Atløysbandet og eventuelt andre prosjekt som er i same finansieringssituasjon».

Fylkesrådmannen legg til grunn at regjeringa kjem tilbake med oppfølginga av Stortinget sine vedtak i samband med statsbudsjettet for 2021 i oktober. Vidare forutset fylkesrådmannen at ferjeavløysingsprosjekta må vurderast samla i samband med regional transportplan ut frå oppdaterte retningslinjer for ordninga. I neste møte i finansutvalet vil ein, etter at statsbudsjettet er klart, kome tilbake med korleis ordninga kan brukast for dei prosjekta som er aktuelle for denne typen finansiering. Førebels er det lagt inn 10 mill. kr som startløyving til prosjektet i 2024. Det vert elles synt til delen som går på finansiering under, og då særskilt delen - *Gjeldsgrad og investeringsprosjekt med særskilt finansiering*.

○ Opplæringsfartøy

I handsaminga av arbeidsdokument 2 vart det synt til at fylkesrådmannen har stogga prosessen med kjøp av nytt opplæringsfartøy for Måløy vidaregåande skule. Det vart i

møtet gjort prosessvedtak på at det skulle fremjast ei sak som tek for seg løysingar som kan stetta dei naudsynte behova ved eit slikt fartøy. Det er sett ned eit prosjekt som skal arbeide fram desse alternativa, arbeide med anskaffinga og legge fram ei sak. Gruppa har fyrste møte i september, og det er mellom anna oppnemnt medlemmer frå Opplæringsfartøy AS (Selskapet som eig dagens båt ved Måløy vgs) og Austevoll vgs. Fylkesrådmannen vil koma attende med resultatet av dette arbeidet. Førebels er prosjektet lagt inn med løyving på 78 mill. kr i 2021 og 50 mill. kr i 2022.

Oversyn investeringsopplegg 2021- 2024

Under er oversynstabell med investeringar pr. sektor for presentert opplegg for perioden 2021- 2024.

Sektorar / tal i 1000kr	Sum 2021- 2024	2021	2022	2023	2024
Fylkesveg, inkl. tunellar og rassikring	10 823 176	2 514 531	3 211 588	2 933 278	2 163 779
Kollektiv, inkl. bybane	3 525 300	1 949 900	1 072 600	251 400	251 400
Opplæring	3 404 673	737 123	854 250	933 700	879 600
Fellesfunksjonar	1 113 000	464 000	464 000	106 000	79 000
Tannhelse	99 100	14 200	19 200	20 200	45 500
Regional utvikling	80 000	10 000	10 000	10 000	50 000
Kultur	32 000	3 000	3 000	23 000	3 000
SUM	19 077 249	5 692 754	5 634 638	4 277 578	3 472 279

Under er dei 3 investeringsprogramma presentert. Desse er i samsvar med:

- Tidlegare presenterte tal
- Oppdaterte tal for framdrift og kostnadsestimat
- I tråd med gjeldande handlingsreglar; gjeldsgrad

I tillegg til tal og tekst er det under tabellane kort gjort greie for moment ved einskilde prosjekt dersom det er vesentlege endringar eller nye moment i høve til det som vart presentert i arbeidsdokument 2/20 i finansutvalet i mai. Dei prosjekta som finansutvalet har bedt om særskilt handsaming på er det gjort greie for over i høve til korleis prosjekta er innarbeida i dei ulike investeringsprogramma.

Investeringsprogram bygg og eigedom

Investeringar (tal i 1000kr)	Sum 2021- 2024	2021	2022	2023	2024
Fellesfunksjonar	1 113 000	464 000	464 000	106 000	79 000
Eigenkapitalinnskott KLP	30 000	7 500	7 500	7 500	7 500
El-bilar	8 800	2 200	2 200	2 200	2 200
Fylkeshuset Bergen– Ombygg/oppr	825 000	400 000	400 000	25 000	0
Fylkeshuset Leikanger - rehab	77 000	0	15 000	32 000	30 000
Tiltak gang- og sykkeltiltak, fylk.kom bygg	26 400	6 600	6 600	6 600	6 600
IT-investeringar	130 800	32 700	32 700	32 700	32 700
Skilting, bygg	15 000	15 000	0	0	0
Opplæring	3 404 673	737 123	854 250	933 700	879 600
Ombygging/rehab/mindre tilbygg	389 200	97 300	97 300	97 300	97 300
Utstyr og IT på skulane	149 600	37 400	37 400	37 400	37 400
Askøy vgs	622 000	190 000	210 000	180 000	42 000

Austrheim vgs	6 000	0	0	0	6 000
Bømlo vgs	21 000	4 000	17 000	0	0
Dale vgs - rehab/omb verkstadbyg	24 000	0	0	10 000	14 000
Eid vgs - nytt undervisningsareal	41 400	8 000	10 000	10 000	13 400
Firda vgs - rehab fløy D Aulabygg	18 000	0	0	8 000	10 000
Førde vgs./campus Førde	753 000	90 000	260 000	263 000	140 000
Knarvik vgs	6 000	0	0	0	6 000
Kvam nybygg fase 1	59 000	1 000	20 000	38 000	0
Kvam nybygg fase 2	6 000	0	0	0	6 000
Laksevåg MBS vgs og Fagskule	115 000	0	0	15 000	100 000
Langhaugen vgs	179 000	15 000	40 000	75 000	49 000
Mo og Øyrane - vassforsyning MO	1 361	1 361	0	0	0
Mo og Øyrane vgs - internat mm.	54 500	5 000	16 000	33 500	0
Mo og Øyrane vgs - nytt verkstadbygg	59 050	35 000	24 050	0	0
Måløy vgs - blokk A og D	57 000	30 000	27 000	0	0
Måløy vgs - ny akvahall	20 000	5 000	15 000	0	0
Måløy vgs, Nytt opplæringsfartøy	128 000	78 000	50 000	0	0
Skulebruksplan - planmidlar	14 000	3 500	3 500	3 500	3 500
Slåtthaug vgs	106 000	0	6 000	20 000	80 000
Sogn jord- og hagebr. - rehab. fjøs-og verkstad	4 000	0	0	0	4 000
Sogndal vgs - bil/idrettshall	6 000	6 000	0	0	0
Sogndal vgs - rehab badebasseng	7 000	0	0	2 000	5 000
Sogndal vgs avd. Kaup. og Vitensenter	81 562	81 562	0	0	0
Sotra vgs	132 000	0	16 000	16 000	100 000
Stord vgs	260 000	15 000	5 000	120 000	120 000
Årdal vgs - rehab	19 000	0	0	3 000	16 000
Årstad vgs	32 000	0	0	2 000	30 000
Åsane vgs	34 000	34 000	0	0	0
Tannhelse	99 100	14 200	19 200	20 200	45 500
Tannklinikk Sogndal	27 300	0	0	1 000	26 300
Tannklinikkar	35 000	5 000	10 000	10 000	10 000
Utstyr tannhelsetenesta	36 800	9 200	9 200	9 200	9 200
Kultur	32 000	3 000	3 000	23 000	3 000
Gulatinget	20 000	0	0	20 000	0
Restaurering av verneverdige f.k. bygg	12 000	3 000	3 000	3 000	3 000
Regional utvikling	80 000	10 000	10 000	10 000	50 000
Oppgradering fiskerihamner	40 000	10 000	10 000	10 000	10 000
Bømlo fiskerihamn	40 000	0	0	0	40 000
SUM	4 728 773	1 228 323	1 350 450	1 092 900	1 057 100

Hovudmoment

- Laksevåg vgs vert realisert som planlagt, men er forskyvd ut om lag 2,5 år.
- Askøy vgs er lagt inn med noko forseinka framdrift grunna rekkjefølgjekrav.
- Førde vgs har noko raskare framdrift.
- Nytt fylkeshus har noko forseinka framdrift, mellom anna grunna asbestsanering.

- Opplæringsfartøy, Måløy vgs ligg inne med opphavlege summar, men framdrift og kostnad avheng av anskaffingsprosjektet.
- Eigenkapitalinnskot KLP er avhengig av utfall av anbodskonkurranse innan pensjon.

Investeringsprogram veg

Investeringar (tal i 1000kr)	Sum 2021-2024	2021	2022	2023	2024
Bompengepakkar	4 311 458	1 145 482	1 337 469	1 092 628	735 879
Byvekstavt. (Miljøløftet) fylkesveg eks BB	1 433 950	403 625	402 150	329 525	298 650
Bømlopakken	16 500	16 500	0	0	0
Askøypakken	900 000	225 000	240 000	220 000	215 000
Nordhordlandspakken	844 808	218 957	245 919	218 203	161 729
Førdepakken	956 200	271 400	399 400	274 900	10 500
Framtidige bompengepakkar	160 000	10 000	50 000	50 000	50 000
Store investeringsprosjekt	811 200	93 400	341 000	361 800	15 000
Fv. 698 Blaksettunnelen Ferjeavløysing Ytre Steinsund bru	43 400	43 400	0	0	0
Fv. 614 Svelgen - Indrehus Ferjeavløysing - Atløysambandet	752 800	50 000	341 000	361 800	5 000
Fv. 614 Svelgen - Indrehus Ferjeavløysing - Atløysambandet	5 000	0	0	0	5 000
Fv. 614 Svelgen - Indrehus Ferjeavløysing - Atløysambandet	10 000	0	0	0	10 000
Tunellrehabilitering	1 680 700	275 600	556 000	406 250	442 850
Tunnelar - utbetring etter tunnelsikkerhetsforskrifta	1 181 000	130 100	399 000	310 450	341 450
Tunnelar fv. 53 i Årdal	178 000	0	67 000	71 000	40 000
Fv. 303 Seimsdalstunnelen	260 300	145 500	90 000	24 800	0
Folgefonnstunnelen	61 400	0	0	0	61 400
Mindre utbetringar	1 026 978	345 059	264 719	207 300	209 900
Fv. 564 Austevollbrua	20 978	10 659	10 319	0	0
Fv. 161 Åsen - Helleskaret	118 000	41 000	62 200	14 800	0
Fv. 7 Øystese - Ålvik - Granvin	113 000	20 000	23 000	30 000	40 000
Fv. 611 Sæle - Engebø	123 000	0	60 000	63 000	0
Fv. 57 Dale-Storehaug	61 900	61 900	0	0	0
Bruer og kaier	268 400	96 500	76 500	23 200	72 200
Mindre utbetringar	321 700	115 000	32 700	76 300	97 700
Gang- og sykkelveg	225 350	127 350	54 900	22 200	20 900
Gang og sykkel	158 750	76 850	40 100	20 900	20 900
Fv. 548 Brandsøyvegen (refusjon)	3 900	1 300	1 300	1 300	0
Fv. 614 Breivika - Svelgen	5 200	5 200	0	0	0
Fv. 607 Heggebø - Leirvik	14 000	14 000	0	0	0
Fv. 548 Brandsøy - Solheim	43 500	30 000	13 500	0	0
Trafikktryggingstiltak	146 000	42 500	34 500	34 500	34 500
Trafikktryggingstiltak	146 000	42 500	34 500	34 500	34 500
Kollektivtrafikktiltak	87 600	21 900	21 900	21 900	21 900
Kollektivtiltak	87 600	21 900	21 900	21 900	21 900

Miljø og servicetiltak	24 400	6 100	6 100	6 100	6 100
Miljø og service	24 400	6 100	6 100	6 100	6 100
Planlegging	90 800	24 800	22 000	22 000	22 000
Planprogram	90 800	24 800	22 000	22 000	22 000
Øvrig	264 550	74 600	71 100	63 100	55 750
Refusjonar Grunnerverv/avslutning av prosjekt	164 150	50 000	46 500	37 500	30 150
Justerings mva. (refusjon)	90 400	22 100	22 100	23 100	23 100
Utstyrskjøp INV	6 000	1 500	1 500	1 500	1 500
	4 000	1 000	1 000	1 000	1 000
Skredsikring	2 154 140	357 740	501 900	695 500	599 000
Mindre rassikringstiltak Fv 500 Folgefontn-Årsnes, byggtr	521 200	52 000	89 700	210 500	169 000
Fv. 49 Tokagjelet	290 000	80 000	80 000	100 000	30 000
Fv. 722 Flovegen	215 000		15 000	50 000	150 000
Fv. 53 Ljoteli	250 300	133 100	82 200	35 000	0
Fv. 55 Bru over Esefjorden	125 000	90 000	35 000	0	0
FV. 5631 Øyni bru	750 000		200 000	300 000	250 000
	2 640	2 640			
Sum investering fylkesveg	10 823 176	2 514 531	3 211 588	2 933 278	2 163 779

Hovudmoment

Under er det ført opp vesentlege endringar og nye moment for investeringsprogrammet for veg. Dette i høve til det som vart presentert i arbeidsdokument 2 i mai- møtet i finansutvalet.

- Forskyving i tunneloppgradering (tertialrapport 2/20), reduksjon på 11,9 mill. kr
- Flytting av investeringsprosjekt frå MOK – Ranavik hurtigbåtkai, påplussing 10,0 mill. kr.
- Svelgen - Indrehus – auke med 1,9 mill. kr i 2024.
- Oppretting – feil bompengar, auke med 187,0 mill. kr
Oppretting av feil i bompengar skuldast at det var lagt inn for lågt beløp på bompengar og at låneramma var tilsvarande høgare. Dette er no oppretta ved at vedteken låneramme er vidareført, noko som gjev grunnlag for eit auka investeringsnivå. Auken er hovudsakleg lagt til tunnelrehabilitering i 2023 og 2024.
- Endring i kommunale tilskot på 66 mill. kr til investeringar til veg.
- For bompengepakkar er det ikkje endringar i høve til det som tidlegare er presentert.
- Store investeringsprosjekt: Totalkostnad for prosjekt Ytre Steinsund er endra; auke på 25 mill. kr som gjev ein totalkostnad på 754 mill. kr.
- Tunellrehabilitering: Løyvinga er redusert med 170,1 mill. kr i 2021 mellom anna knytt til tunnelane på fv. 53 i Årdal som har forseinka framdrift. Løyvinga i 2022 er auka med 165,8 mill. kr.
- Mindre utbetringar: Åsen – Helleskaret er auka med 8 mill. kr i 2021 og 22,2 mill. kr i 2022.
- Bruer og kaier: Det er sett av 96,5 mill. kr til bruer og kaier i 2021. Av dette er 77,5 mill. kr bunde i pågåande prosjekt, og 19 mill. kr i nye prosjekt.
- Mindre utbetringar: Denne posten er slått saman av tidlegare løyvingar til forsterking, strekningsvise utbetringar, spleiselag, øvrige mindre utbetringar og prosjektering framtidige tiltak.
- Gang- og sykkelveg: Den samla ramma til gang- og sykkelveg er auka med 27,75 mill. kr i 2021 og 16,2 mill. kr i 2022.
- Trafikktryggingstiltak: Den samla ramma til trafikktryggingstiltak er auka med 8 mill. kr til 42,5 mill. kr. Auken er knytt til kommunale tilskot.
- Miljø og servicetiltak: Det er sett av 6,1 mill. kr til dette området i 2021.

- Planlegging: Ramma til planlegging er auka med 3 mill. kr. Auken er knytt til prosjektet fv. 55 Bru over Esefjorden.
- Skredsikring: Det vert lagt opp til å nytte heile tildelinga til skredsikringsprosjekt over perioden. Ramma er auka med 176,4 mill. kr, og dette er knytt til overført mindreforbruk frå perioden før 2020.

I vedlegg til SAMO er notat der det er gått meir detaljert inn på kva som ligg i dei ulike pottane og på dei ulike områda innanfor investeringsprogrammet for veg.

Investeringsprogram kollektiv

Investeringar (tal i 1000kr)	Sum 2021- 2024	2021	2022	2023	2024
Mobilitet og kollektiv	3 525 300	1 949 900	1 072 600	251 400	251 400
Ferjekontraktar - ladeinfrastruktur	6 000	6 000	0	0	0
Ulike investeringstiltak kollektivområdet	120 000	50 000	30 000	20 000	20 000
Bybanen i Bergen – Vognmateriell	113 300	18 900	94 400	0	0
Bybanen – Byggjesteg 4	3 179 600	1 848 400	921 600	204 800	204 800
Bybanen – Byggjesteg 5	82 000	20 500	20 500	20 500	20 500
Terminalbygg/sjåførbygg og fasilitetar kollektiv	24 400	6 100	6 100	6 100	6 100
Sum investering	3 525 300	1 949 900	1 072 600	251 400	251 400

Hovudmoment

- I høve til det som vart presentert i arbeidsdokument 2 er det for *ulike investeringstiltak kollektivområdet* flytta 10 mill. kr i budsjettmidlar for både 2023 og 2024 til 2021; grunna større behov tidlegare i perioden.
- Når det gjeld prosjektet som går på elektrifisering av ferjene så skulle dette prosjektet vore ferdig i løpet av 2020. Det er likevel behov for ei sluttløyving på 6 mill. kr til prosjektet i 2021. Totalramma til prosjektet er ikkje endra på grunn av dette.

Finansiering investeringsbudsjett

Oversyn

Finansiering (tal i 1000kr)	Sum 2021- 2024	2021	2022	2023	2024
Bompengar	3 681 787	1 489 028	1 157 891	634 211	400 657
Tilskot	1 858 200	1 024 650	587 250	133 650	112 650
Fondsmidlar	791 900	490 100	55 000	133 400	113 400
Lånemidlar	7 282 122	1 403 805	2 256 229	2 013 621	1 608 466
Mva. kompensasjon	3 015 240	748 171	891 268	765 696	610 106
Salsinntekter	300 000	0	150 000	60 000	90 000
Driftsmidlar til investering	2 148 000	537 000	537 000	537 000	537 000
Sum Finansiering	19 077 249	5 692 754	5 634 638	4 277 578	3 472 279

Gjeldsgrad

Forslaget til investeringsbudsjett som ligg føre er innanfor vedteken gjeldsgradsgrense på 115%. I 2023 og 2024 vil ein kome nokså nær denne grensa med føreliggjande forslag. Eit avgjerande punkt for korleis ein kjem ut, vil vere kor stor nominell vekst ein får i inntektene dei siste åra i økonomiplanperioden.

Gjeldsgrad og investeringsprosjekt med særskilt finansiering

Finansutvalet i samband med handsaming av arbeidsdokument 3/20, 18. juni 2020, fylkesrådmannen si orientering om investeringsprosjekt som har særskilt finansiering opp mot den vedteke gjeldsgradsgrensa på 115 %. I arbeidsdokumentet nemnde fylkesrådmannen at dette skal vurderast i det vidare arbeidet med investeringsbudsjettet.

I samband med handsaming av Prp. 105 S (2019-2020) Kommuneproposisjonen gjorde Stortinget følgjande vedtak, jf. Innst. 383 S (2019-2020):

«Stortinget ber regjeringen oppdatere retningslinjene for fergeavløsningsordningen slik at fergesamband som består av flere strekninger der det bare er aktuelt å avløse deler av sambandet, beregnes som om hele fergesambandet avløses, så lenge hele sambandet legges ned.»

«Stortinget ber regjeringen om at det legges fram en egen tilskuddsordning i forbindelse med fergeavløsningsordningen som kan avhjelpe rentekostnadene de første årene etter at et fergeavløsningsprosjekt er ferdigstilt, og komme tilbake med endringsforslagene i forslaget til statsbudsjett for 2021.»

Fylkesrådmannen reknar med at Regjeringa kjem med oppdaterte retningslinjer og oppdatert tilskotsordning i statsbudsjettet for 2021 som vert lagt fram i oktober.

Før ein arbeider vidare med korleis ferjeavløsningsprosjekta skal vurderast opp mot gjeldsgraden på 115%, vil fylkesrådmannen ha oversyn over Regjeringa sine forslag i statsbudsjettet, jf. Stortinget sine vedtak ovanfor.

3 Sektorspesifikke driftsbudsjett

Mobilitet og kollektiv

3.1 Sektorbudsjett - løyvingsnivå

Tabell med driftsutgifter, driftsinntekter og netto driftsutgifter.

Alle tal i 1000 kr

Løyvingsnivå		Budsjett 2020	Budsjett 2021
Buss	Brutto driftsutgifter	2 122 468	2 190 068
	Driftsinntekter	- 1 090 170	- 1 165 800
	Netto driftsutgifter	1 032 298	1 024 268
Bane	Brutto driftsutgifter	209 793	210 910
	Driftsinntekter	- 173 092	- 168 000
	Netto driftsutgifter	36 701	42 910
Båt	Brutto driftsutgifter	365 090	337 462
	Driftsinntekter	- 84 710	- 91 860
	Netto driftsutgifter	280 380	245 602
Ferjer	Brutto driftsutgifter	1 171 296	1 066 669
	Driftsinntekter	- 269 743	- 275 800
	Netto driftsutgifter	901 553	790 869
TT, Serviceskyss, innfartsparkering, teknisk Skyss	Brutto driftsutgifter	256 194	290 771
	Driftsinntekter	- 89 700	- 104 900
	Netto driftsutgifter	166 494	185 871
Administrasjon av mobilitet og kollektiv	Brutto driftsutgifter	105 282	107 338
	Driftsinntekter	- 850	-
	Netto driftsutgifter	104 432	107 338
Sum	Brutto driftsutgifter	4 230 123	4 203 218
	Driftsinntekter	- 1 708 265	- 1 806 360
	Netto driftsutgifter	2 521 858	2 396 858

3.2 Kort omtale av dei ulike løyvingsnivåa

Løyvingsnivå BUSS

Tabell 4.6.2 Budsjetterte kostnader og inntekter for buss 2021

Løyvingsnivå Buss		Budsjett 2021 i mill. kr
	Brutto driftsutgifter	2 190 064
	Billettinntekter	- 677 300
	Andre inntekter ¹	- 488 500
	Netto driftsutgifter	1 024 264

¹ Dette inkluderer inntekter frå skuleskyss og belønningsmidlar.

Løyvingsnivå buss har det største kostnadsbudsjettet med over 50% av totalkostnadane for sektoren mobilitet og kollektivtransport.

Kostnadsdrivarar

Utgifter til buss aukar på grunn av auka kontraktsprisar for dei nye kontraktane Bergen nord og Bergen sentrum samt generell prisvekst hjå operatør knytt til løn, drivstoff, kapitalrente, vedlikehald og administrasjon.

Føresetnader for inntektsutvikling

Det er ikkje lagt inn føresetnad om inntektsauke som følgje av passasjervekst for budsjettåret 2021.

Takstar og rabattar

Det er lagt til grunn gjennomsnittleg takstauke i samsvar med KPI (2,5 %) for buss.

Fylkestinget har vedtatt at midlane frå bompengeforliket og den framforhandla byvekstavtalen skal nyttast til ein monaleg reduksjon i prisane på kollektivtrafikken i Bergen. Det er budsjettert med 50 mill. kr i reduserte billettinntekter som følgje av tilskot frå staten til reduserte billettprisar.

Løyvingsnivå BANE

Tabell 4.6.3 Budsjetterte kostnader og inntekter for bane 2021

Løyvingsnivå Bane		Budsjett 2021 i mill. kr
	Driftsutgifter	210 910
	Billettinntekter	-168 000
	Netto driftsutgifter	42 910

Kostnader til Bybanen går i dag til linje 1 som er trasèen mellom Byparken i Bergen sentrum og til Bergen Lufthavn på Flesland.

Linje 2 til Fyllingsdalen har planlagt oppstart i 2022. Tilbodet er under planlegging. Forutan dagens 28 bybanevogner er det tinga 6 nye vogner. Desse skal dekke tilbodet på begge bybanestrekningane. Driftskostnadane er tidlegare grovt estimert til 100 mill. kr. Per i dag føreligg det ingen nye kostnadsestimat.

Takstar og rabattar

Takstar og rabattar for bybanen er dei same som for buss hjå Skyss/Kringom. Det vert vist til avsnitt om takstar og rabattar under området Buss for detaljar.

Kostnadsdrivarar bane

Generell prisvekst for driftskontraktene for bybanen gjeld og vert kompensert på lik linje som for til dømes buss. I ny kontrakt inneber det ein reduksjon i driftskostnader.

Føresetnadar for inntektsutvikling

I budsjettet for 2021 er det lagt til grunn ei gjennomsnittleg takstauke på KPI (2,5 prosent) og ingen inntektseffekt som følgje av passasjervekst for bybanen.

Løyvingsnivå FERJE

Tabell 4.6.4 Budsjetterte kostnader og inntekter for ferje 2021

Løyvingsnivå Ferje		Budsjett 2021 i mill. kr
	Driftsutgifter	1 066 669
	Billettinntekter	- 272 800
	Andre inntekter	- 3 000
	Netto driftsutgifter	790 869

Med 24 samband langs fylkesvegane er Vestland eit av dei aller største ferjefylka i landet. I 2020 vart det starta opp med elektriske hybridferjer på 14 samband i Vestland, og med til saman 17 ferjesamband med ferjer som primært vil køyra med elektrisk drivstoff, så gir dette vesentlege kutt i CO2-utslepp.

Alle dei nye ferjekontraktane i Hordaland er bruttokontraktar der Vestland fylkeskommune sit på ansvaret for inntektene og operatør utfører drift etter gitt kontrakt. Ferjekontraktane i Sogn og Fjordane, med 7 ferjesamband, er alle nettokontraktar der operatør har inntektsansvar.

Føresetnadar for inntektsutvikling

Heile inntektsgrunnlaget er basert på AutoPASS-regulativet på samband i Hordaland.

Det er lagt til grunn eit stabilt trafikknivå. Samstundes er det ein trend mot auke i elbil-trafikk, noko som vil kunne gje ein nedgang i billettinntektene på ferje.

Kostnadsdrivarar for fylkesvegferjer

Generell prisvekst for ferjekontraktar gjeld og vert kompensert på lik linje som for til dømes buss.

Takstar

Det er lagt til grunn ei gjennomsnittleg takstauke på KPI (2,5 prosent) for ferje i tråd med generell prisvekst.

Løyvingsnivå BÅT

Tabell 4.6.5 Budsjetterte kostnader og inntekter for båt 2021

Løyvingsnivå Båt		Budsjett 2021 i mill. kr
	Driftsutgifter	337 462
	Billettinntekter	- 70 600
	Andre inntekter	- 21 260
	Netto driftsutgifter	245 602

Forutan å vere ein stor aktør på ferjesida har Vestland og ein stor del båtruter, frå lange ekspressruter til meir lokale ruter og skyssbåtar.

Føresetnadar for inntektsutvikling

Det er lagt til grunn eit stabilt trafikknivå på båt.

Kostnadsdrivarar båt

Generell prisvekst for båtkontraktar gjeld og vert kompensert på lik linje som for til dømes buss.

Takstar

Det er lagt til grunn ei gjennomsnittleg takstauke i samsvar med på KPI (2,5 %) for båtrutene.

Løyvingsnivå TT, SERVICESKYSS, INNFARTSPARKERING, TEKNISK SKYSS

Tabell 4.6.6 Budsjetterte kostnader og inntekter for TT, Innfartsparkering, teknisk skyss 2021

Løyingsnivå TT, serviceskyss m.v.		Budsjett 2021 i mill. kr
	Driftsutgifter	290 771
	Driftsinntekter	-104 900
	Netto driftsutgifter	185 871

Felles kostnader i Skyss/Kringom omfattar kostnader knytt til oppgåver som er nødvendige for å tilby kollektivtransport og mobilitet som ei teneste til kunden. Dette er ulike driftsoppgåver, som kundesentertjenester, kommunikasjon og marknadsføring, billettkontrollar, drift- og vedlikehald av IT-system, infrastruktur og tekniske installasjonar, innhenting av kundeinnsikt gjennom ulike undersøkingar, digitale tenester som reiseapp og mobilbillett med vidare.

Transportordninga for funksjonshemma

TT-ordninga har om lag 15 700 brukarar. Frå 01.01.2021 er målsetjinga at det skal vera ei felles organisering av denne oppgåva i heile fylket. I løpet av hausten 2020 vert det avgjort om TT-ordninga skal organiserast i eigen regi, som i tidlegare Hordaland eller leggast ut til kommunane som i tidlegare Sogn og Fjordane. Organisasjonsmåten skal ikkje påverke løyvingsnivået.

I tillegg til den fylkeskommunale løyvinga får fylket statlege midlar som skal gå til dei tunge brukarane (blinde/sterkt svaksynte og rullestolbrukarar). I 2020 vart det tildelt 90,8 mill. kr i statlege midlar. Det er budsjettert med vidareføring av denne summen i 2021. I tillegg er det budsjettert med 42,8 mill. kr i fylkeskommunale midlar i 2021.

Det er ikkje budsjettert med utgifter til arbeidskøyning i 2021.

Prosjekt og konsulentkostnader

Løyvingsnivået dekkjer og konsulentkostnader til prosjekt og utgreiingar og kostnader til ymse kontingentar til interesseorganisasjonar som fylkeskommunen er med i. Dette er midlar som fylkesdirektøren disponerer, og det er budsjettert med 3,4 mill. kr i 2021.

Innfartsparkering

Det er budsjettert med leige av innfartsparkeringsplassar på Os, Straume, Skogsskiftet, Flesland kai og Knarvik, samt til vidare tilrettelegging av innfartsparkeringsplassar i samsvar med den vedtekte Handlingsplanen for innfartsparkering 2018-2029.

Det er budsjettert med 3,2 mill. kr i 2021.

Vidaregåande skuleskyss

Vidaregåande skuleelevar som har rett på fri skyss får tildelt skulereisekort. I tidlegare Hordaland får skuleelevar som har eit godt rutetilbod på ettermiddag/kveldstid ikkje gratis skulereisekort, men vert synt til å kjøpa ungdomsskyss. For å sikre rett avgiftshandsaming vert verdien av skulereisekorta fakturert til avdelinga (MOK) og inntektsført på kollektiveininga.

Det er budsjettert med 42,8 mill. kr i 2021.

Lokale transporttilbod for ungdom (LTU)

LTU er ei tilskotsordning der kommunane kan søka om midlar til fleksible skyssløysingar til/frå fritidsaktivitetar på ettermiddag og kveldstid. Målgruppa er ungdom mellom 13 og 19 år.

Det er budsjettert med 1,0 mill. kr i 2021.

Løyvingsnivå ADMINISTRASJON AV MOBILITET OG KOLLEKTIVTRANSPORT

Tabell 4.6.7 Budsjetterte kostnader og inntekter for Administrasjon 2021

Løyvingsnivå Administrasjon		Budsjett 2021 i mill. kr
	Driftsutgifter	107 338
	Driftsinntekter	0
	Netto driftsutgifter	107 338

Administrasjon av mobilitet og kollektiv omfattar i hovudsak løns- og personalkostnader for heile sektoren. Det pågår arbeid med å sjå på korleis ein kan løyse oppgåvene på nye måtar gjennom både digitalisering og effektivisering.

Klimaeffektar

Transporttenestene Skyss/Kringom leverer står for størstedelen av klimagassutsleppa frå fylkeskommunen. Samstundes er det med satsing på desse tenestene viktige bidrag til reduserte utslepp. Dette er både ved at kollektive reiser tek over for privatbil, spesielt når det gjeld buss og Bybane i Bergensområdet, og med overgang til fornybar energi i drifta.

Bybanen står for nesten 25 % av kollektivreisene i Vestland, vert drive med elektrisitet, og bidrar såleis ikkje til klimabelastinga. Klimagassutslepp frå utbygginga av Bybanen ligg ikkje til dette løyvingsområdet. Det er ikkje budsjettert med auke i tilbodet med Bybanen i 2021.

For bussdrifta har overgang til biodrivstoff dei seinare åra gitt monaleg reduksjon i utsleppa, samstundes som det har vore auka både tilbod og passasjertal – spesielt i Bergensområdet. Med nye kontraktar i Bergen nord og Bergen sentrum aukar delen med fornybart drivstoff ytterlegare frå slutten av 2020, og vi får 112 elektriske bussar i Bergen. Det er budsjettert med bruk av belønningssmidlar til å styrke busstilbodet i Bergen i 2021, men ikkje midlar for å auke fornybarandelen.

Båtrutene står for ein stor del av klimagassutsleppet frå fylkeskommunen, og har eit relativt høgt utslepp pr. passasjer. Det er fleire pågåande prosessar som framover vil kunne redusere denne klimabelastinga; førebuingar for tilrettelegging for nullutslepp på sambandet mellom Askøy og Bergen, og anbod for ekspressbåt og lokalbåt i Sogn og Fjordane.

For ferjesambanda er utsleppa drastisk redusert mellom 2018 og 2020 gjennom krav i dei nye kontraktane. Fleire av ferjekontraktene i Sogn og Fjordane skal fornyast i åra framover.

3.3 Endringar frå 2020 til 2021 – tekniske justeringar

Løyvingsnivå Ferje: Reduksjon i kontraktskostnader 88 mill. kr

Løyvingsnivå Administrasjon: Auka pensjonskostnader 2,7 mill. kr

3.4 Innarbeidde salderingstiltak: 37 mill. kr

Løyvingsnivå Buss, salderingstiltak:

Takstauke med 1% utover prisvekst (80%-del buss)	8,0 mill. kr
Kontantar vert ikkje lenger gyldig som betalingsmiddel på buss/bane	0,5 mill. kr
Kostnadsreduksjon i skuleskyss ved effektivisering av ruter	1,0 mill. kr
Takstkompensasjon for ungdomskort i kommersielle ruter vert fjerna	15,0 mill. kr
Redusere frekvens på buss/bane i Bergensområdet	2,0 mill. kr

Løyvingsnivå Bane, salderingstiltak:

Takstauke med 1% utover prisvekst (20%-del Bybanen)	2,0 mill. kr
---	--------------

Løyvingsnivå Ferje: Ingen salderingstiltak.

Løyvingsnivå Båt: Ingen salderingstiltak.

Løyvingsnivå TT, serviceskyss, innfartsparkering, teknisk skyss, salderingstiltak:

Restløyving til arbeidskøyring TT er teke ut av budsjettet	3,0 mill. kr
Talet på billettautomatar vert redusert frå 113 til 13	4,0 mill. kr
Ny felles ombordløyving av billettering gjev innsparing	1,0 mill. kr
Reduksjon i lisenskostnader ved å fjerna doble IT fagsystem	0,5 mill. kr

3.5 Alternative salderingstiltak: 37 mill. kr

Løyvingsnivå Buss:

Reduksjon i ruteproduksjon ved å kutte buss med ferje 5,2 mill. kr
Gjeld sambanda: Hufthamar-Krokeide, Breistein-Valestrandsfossen, Jektevik-Hodnanes

Miljø:

Erstatte biodiesel med autodiesel på buss 23,5 mill. kr
Drivstoffkostnaden til biodiesel inkl. veibruksavgift er vesentleg høgare

Takst:

Senke aldersgrense for Ungdomsbillett frå 20 til 19 år i
Hordaland (andel buss 80%) 4,0 mill. kr
I Sogn og Fjordane og nasjonale retningslinjer er i tråd med 19-års grense

Løyvingsnivå Bane

Senke aldersgrense for Ungdomsbillett frå 20 til 19 år i
Hordaland (andel bane 20%) 1,0 mill. kr
I Sogn og Fjordane og i nasjonale retningslinjer er i tråd med 19-års grense

Løyvingsnivå Ferje:

Ingen salderingstiltak

Løyvingsnivå Båt:

Reduksjon i ruteproduksjon ved fjerning av avgangar midt på dagen 3,3 mill. kr
Samband: Askøy-Bergen

Løyvingsnivå TT, serviceskyss, innfartsparkering, teknisk skyss:

Ingen salderingstiltak

Løyvingsnivå Administrasjon av mobilitet og kollektiv:

Ingen salderingstiltak

Infrastruktur og veg

4.1 Sektorbudsjett - løyvingsnivå

Alle tal i 1000 kr

Løyvingsnivå		Budsjett 2020	Budsjett 2021
Veg - drifts og vedlikehald	Brutto driftsutgifter	1 103 500	1 101 500
	Driftsinntekter	-	-
	Netto driftsutgifter	1 103 500	1 101 500
FTU-midler	Brutto driftsutgifter	16 376	6 376
	Driftsinntekter	-	-
	Netto driftsutgifter	16 376	6 376
Administrasjon av infrastruktur og veg	Brutto driftsutgifter	26 819	26 819
	Driftsinntekter	-	-
	Netto driftsutgifter	26 819	26 819
Andre tiltak - infrastruktur og veg	Brutto driftsutgifter	997	997
	Driftsinntekter	-	-
	Netto driftsutgifter	997	997
Sum	Brutto driftsutgifter	1 147 692	1 135 692
	Driftsinntekter	-	-
	Netto driftsutgifter	1 147 692	1 135 692

Tabell med driftsutgifter, driftsinntekter og netto driftsutgifte

4.2 Kort omtale av dei ulike løyvingsnivåa

Løyvingsnivå 60: Veg – drift og vedlikehald

Drift og vedlikehald skal sikre at vegnettet er eigna til bruk for trafikantane og at funksjonen på vegen vert oppretthalden. I tillegg skal drift og vedlikehald sikre at den fysiske infrastrukturen blir teken vare på i samsvar med langsiktige mål for bruken av den.

Drift av vegnettet er oppgåver og rutinar som er naudsynte for å halde vegen open og farbar. Dette kan vera tiltak som til dømes brøyting, strøing, reinhald, drift av rasteplassar osv.

Vedlikehald omfattar tiltak for å oppretthalde standarden på vegen, og som tek vare på den fysiske infrastrukturen i eit lenger perspektiv. Døme på slike tiltak er dekkelegging, skifte av stikkrenner, skifte utslitne delar i Drift og vedlikehaldsoppgåvene vert utførte av entreprenørar etter anbodskonkurranse.

Budsjettet til drift og vedlikehald av fylkesvegnettet for 2021 er spesifisert nedanfor:
elektriske anlegg, skifte rekkverk, grøfting osv.

Veg – Drift og vedlikehald	Budsjett 2021
Drift	660,4
Vedlikehald:	
Tunnel – ordinært vedlikehald	31,8
Bru/ferjekai	107,0
Dekkelegging/oppmerking	113,2
Vegutstyr, miljø og andre tiltak	41,3
Administrasjon – fagseksjonane	147,8
Sum Veg – Drift og vedlikehald	1 101,5

Drift

Fylkesvegane i Vestland vert drifta gjennom 12 driftskontrakter. Det er sett av 660,4 mill. kr til dette i budsjettet for 2021. Beløpet dekker fylkeskommunen sine forplikningar i høve inngåtte kontraktar med entreprenør. Innafor driftskontraktane er det høve til å utføre noko tilleggstenester, men dette handlingsrommet kan ikkje utnyttast då det meste av løyvinga går med til å dekke kontraktsfesta beløp.

Vedlikehald

Det er eit stort vedlikehaldsbehov på vegnettet til Vestland fylkeskommune. Med dei løyvingane som er tilgjengeleg er det ikkje handlingsrom til å ta att noko etterslep. Ein legg såleis til grunn at forfallet vil auke ytterlegare. Budsjettet til vedlikehald er delt inn i 4 kategoriar. Omprioriteringar innafor ramma har ført til at dekkelegging/oppmerking er blitt auka noko i høve 2020 budsjettet, men nivået er framleis veldig lågt. Som ein konsekvens av omprioriteringa vert det mindre til dei andre kategoriane. Her er det berre pågåande vedlikehaldstiltak samt heilt nødvendige nye tiltak som er prioritert.

Tunnel – ordinært vedlikehald

Det vert sett av 31,8 mill. kr til vedlikehaldstiltak i tunnel. Det er i tillegg sett av midlar på investeringsbudsjettet knytt til oppgradering av tunnelar som følgje av krav i tunnelsikkerheitsforskrifta.

Bru/ferjekai

Det vert sett av 107,0 mill. kr til vedlikehaldstiltak på bruer og ferjekaier. Det er store utfordringar knytt til bruvedlikehald som det ikkje vil vere mogleg å løyse innanfor gjeldande budsjetttrammer. Forfallet knytt til bruer og kaier er om lag 2 mrd. kr.

Dekkelegging/oppmerking

Det vert sett av 113,2 mill. kr til dekkelegging og oppmerking. Med denne løyvinga vil vegdekket bli fornya med eit gjennomsnittleg intervall på om lag 70 år.

Vegutstyr, miljø og andre tiltak

Det vert sett av 41,3 mill. kr til ulike tiltak som vedlikehald av rekkverk, grøfter, murar, skilt og servicebygg.

Administrasjon – fagseksjonane

Det er sett av 147,8 mill. kr til fagseksjonane i avdeling for infrastruktur og veg. Dette skal m.a. dekke løns- og personalkostnader, bilutgifter, IKT-/lisenskostnadar, konsulentutgifter og reiseutgifter. Løyvinga vert sett i samanheng med løyvinga på løyvingnivå 62 Administrasjon av Infrastruktur og veg på 26,8 mill. kr.

Løyvingsnivå 61: FTU-midlar

Løyvingsnivået har eit budsjett på 6,376 mill. kr. Denne løyvinga er det Trafikktryggingsutvalet (FTU) som disponerer. Midlane vert m.a. nytta innafor 3 ulike tilskotsordningar:

- Fysiske trafikktryggingstiltak
- Utarbeiding av kommunale trafikktryggingsplanar
- Trafikktryggingsaktivitetar

Løyvinga skal også dekkje driftskostnader til Trygg Trafikk, jf. samarbeidsavtalen, samt trafikktryggingspris for Vestland fylkeskommune. Trafikktryggingsutvalet gjer nærmare vedtak om fordeling av midlane.

Løyvingsnivå 62: Administrasjon av Infrastruktur og veg

Løyvinga på 26,8 mill. kr dekkjer løns- og personalkostnader knytt til leiging og stabsfunksjonar. Løyvinga vert sett i samanheng med løyving til Administrasjon – fagseksjonane på 147,8 mill. kr som er budsjettert under løyvingsnivå 60.

Løyvingsnivå 63: Andre tiltak - infrastruktur og veg

Løyvinga på 0,9 mill. kr dekkjer tilskott til oppfølginga av sykkelbyavtaler i Førde og Florø samt årleg tilskott til drift av Tindevegen mellom Årdal og Luster.

Klimaeffekt

Sektoren har omfattande samhandling med eksterne entreprenørar. Det er i kontraktar med entreprenørane at ein har høve til å sette krav til klima og miljø.

Kvalifikasjonskrav som vert stilt er sertifisering etter ISO 14001 (2015), EMAS (EU Eco-Management and Audit Scheme for environmental management) eller Miljøfyrtårn. Vidare vert det stilt krav til Euro 6 for lastebilar som vert nytta til brøyting og strøing av areal i vinterdriftsklasse DkB og DkC.

4.3 Endringar frå 2020 til 2021 – tekniske justeringar

Ingen tekniske justeringar i budsjettet.

4.4 Innarbeidde salderingstiltak: 12 mill. kr

Tidlegare i budsjettprosessen har sektoren meldt inn eit meirbehov i 2021 på 59,8 mill. kr i. Dette meirbehovet er ikkje stort i høve det totale behovet innafor drift og vedlikehald, men meldt inn i høve til kva som er realistisk å få gjennomført. Sektoren har ikkje fått nokon rammeauke, slik at med eit innsparringskrav på 12 mill. kr vert det til saman 71,8 mill. kr som sektoren må kutte. Tabellen nedanfor syner dei innsparingstiltaka som er innarbeidd i budsjettet for 2021.

I arbeidsdokument 3/20 synte sektoren innsparringsparingstiltak på til saman 51,5 mill. kr, og sto igjen med eit innsparringskrav på 20,3 mill. kr. Det vart vidare opplyst at ytterlegare kutt må takast innafor FTU-midlar og/eller dekkelegging. I tabellen nedanfor er dette innarbeidd med ei redusert løyving til:

- FTU - 1,5 mill. kr
- Dekkelegging/oppmerking - 18,8 mill. kr

I arbeidsdokument 3/20 var kutt i løyving til opprydding ras/flaum sett til 40 mill. kr. Konsekvensen av dette kuttet er at det ikkje vil vere midlar i budsjettet til å rydde opp, og det må gjerast ei vurdering om vegen skal opnast. Det er gjort ei ny vurdering av denne posten, blant anna basert på erfaring så langt i 2020, og det er stor risiko knytt til å kutte heile løyvinga. Sektoren har difor omprioritert, redusert dekkelegging/oppmerking med 13 mill. kr og auka

løyvinga til opprydding ras/flaum tilsvarande.

	2021		
Rammereduksjon	12,0		
Meirbehov:	59,8		
Dekkelegging	65,7		
Bru/ferjekai	14,9		
Vegutstyr	8,9		
Driftskontraktar – omprioritering	-29,4		
Tunell	-0,3		
Samla innsparingsbehov	71,8		
Innsparing løyvingsnivå:		Tiltak	Konsekvens
FTU-midlar	5,0	Redusert løyving trygg skuleveg/hjartesonetiltak (1)	Tiltak må reduserast. Dette kan påverke trafikktryggleiken.
FTU-midlar	3,5	Reduksjon ulike tilskotsordningar (4)	Nivået på ulike tilskotsordningar må reduserast. Dette kan påverke trafikktryggleiken.
FTU-midlar	1,5	Redusert løyving til andre aktivitetar innafor FTU sitt ansvarsområde	Lågare aktivitetsnivå i vårt eige TS-arbeid. Dette kan påverke trafikktryggleiken.
Drift- vedlikehald	1,0	Redusert kantslått (2)	Redusert sikt som kan auke trafikkfaren. Spreiing av framande artar.
Drift- vedlikehald	1,0	Redusert tunellvask (3)	Støvplager, redusert sikt og visuell leiing, tilsmussing av naudutstyr/anna utstyr som kan føre til redusert levetid. Behov for kjemikaliar ved sjeldnare vask.
Drift- vedlikehald	27,0	Redusert løyving til opprydding ras/flaum (5)	Reduksjon i midlar til opprydding og det må gjerast vurderingar om vegen skal opnast.
Drift- vedlikehald	1,0	Stenge rasteplassar og toalett (6)	Rasteplassar utan toalett, søppeldunkar bord/benker og venterom kan føre til forsøpling.
Drift- vedlikehald	31,8	Dekkelegging/oppmerking	Det vil ta ca. 70 år å komme rundt med dekkelegging. Kan føre til auka kostnadar til lapping i drifts- kontraktane
Samla innsparing	71,8		

Med desse innarbeidde salderingstiltaka er løyvinga til drift og vedlikehald fordelt med 70% til driftskontraktar og 30% til vedlikehald. Med eit fylkesvegnett på 5600 km og løyving til

vedlikehald på 293,3 mill. kr utgjere ca. 52 000 kr. pr km. Dette er svært lite når ein i tillegg har eit kostbart vedlikehald då fylkesvegnettet består mykje av tunnelar og bruer. Manglande vedlikehald over tid vil føre til at det etter kvart vert naudsynt med større og dyrare tiltak. Når ikkje rammene vert auka vil det vere plass til færre tiltak og berre svært kritiske tiltak.

4.5 Alternative salderingstiltak: 12 mill. kr

Sektoren er utfordra på å kome med alternative salderingstiltak, jf. bestilling i finansutvalet. I tabellen nedanfor er alternative tiltak samt konsekvensar lista opp.

	2021		
Rammereduksjon	12,0		
Meirbehov:	59,8		
Dekkelegging	65,7		
Bru/ferjekai	14,9		
Vegutstyr	8,9		
Driftskontraktar – omprioritering	-29,4		
Tunell	-0,3		
Samla innsparingsbehov	71,8		
Innsparing løyvingsnivå:		Tiltak	Konsekvens
Drift- vedlikehald	1,0	Fv. 60 Strand, reparasjon av setning	Auka omfang av skaden, kan føre til behov for innsnevring av vegbane
Drift- vedlikehald	4,0	Fv. 5695 Eikefjorden, Setningsskade, masseutskifting, muring og skifte av felås	Forverring over tid vil føre til høgare kostnad
Drift- vedlikehald	1,0	Fv. 609 Stongfjorden. Møteplassar - tiltak utført tidlegare, men manglar ferdigstilling	Utsett ferdigstilling av tiltaket
Drift- vedlikehald	4,0	Fjellskjeringar Nordhordland	Auka nedfall frå skjeringar i vegbana, behov for auka grøftreinsk
Drift- vedlikehald	3,0	Fv. 5745 Eid, bru 14-0012 Nor. Auke brukslast for mjølke- og fôrbil.	Redusert bæreevne, tunge køyretøy må framleis nytte omkøyringsveg
Drift- vedlikehald	8,0	Fv. 615 Løkkebø I, II, III, IV, V og VI. 6 bruer som treng mekanisk reparasjon, overflatebehandling av stål, erosjonssikring og rekkverk.	Redusert bæreevne, tunge køyretøy må etterkvart nytte omkøyringsveg. Meir omfattande vedlikehald på lang sikt.
Drift- vedlikehald	25,0	Dekkelegging/oppmerking	Det vil ta ca. 70 år å komme rundt med dekkelegging. Kan føre til auka kostnadar til lapping i driftskontraktane
Drift- vedlikehald	8,0	Driftskontraktar i Vestland, mindre skogrydding	Auka trafikkfare. Tre med snø heng ut i vegen,

			<p>rotvelter med tre som dett ned og sperrar vegen eller deler av den. Redusert sikt som vil medføre ekstra kostnadar med endra oppmerka forbikøringsfelt, eller gir mindre moglegheit til forbikøyring der det i dag er strekningar med sikt. Meir skog gir mindre sikt på smal og svingete veg for at store køyretøy skal kunne planlegge møtande trafikk. Strekningar med fin utsikt for turistar vil gro igjen.</p>
Drift- vedlikehald	8,0	Driftskontraktar i Vestland, mindre drenering og fjerning av torvkant	Auka trafikkfare og øydelagt vegkropp på sikt. Meir vatn i vegbana, vatn tek nye veger og vil renne inn på nabo-eigedom, t.d. inn i kjellarar. Dette kan føre til erstatningskrav mot oss. Stikkrenner vil gå tett og vatnet vil ta nye retningar.
Drift- vedlikehald	2,8	Driftskontraktar i Vestland, mindre feiing av vegbane, gang-/sykkelveg	Auka trafikkfare med grus som ligg att i vegbane/gang- og sykkelveg. Kutt kan føre til motkrav frå entreprenør slik at innsparinga kan bli noko mindre.
Drift- vedlikehald	7,0	Opprydding etter ras/flaum	Mindre opprydding, må gjere vurdering av om vegen skal opnast
Samla innsparing	71,8		